

Hilde Jorunn Brandal

**Korleis utøver foreldre med hjelpetiltak etter barnevernlova  
og foreldre utan hjelpetiltak foreldreautoritet?  
Utfordrande foreldreskap sett i eit meistringsperspektiv**

Ein kvalitativ studie

Masteroppgåve i sosialt arbeid

Trondheim, februar 2010

NTNU  
Fakultet for samfunnsvitskap og teknologileiing  
Institutt for sosialt arbeid og helsevitskap



# FORORD

Å utforske foreldres autoritetsutøving har vore ei lærerik reise. Temaet kjennest nært, då eg er mor og dotter sjølv. Det er difor naturleg å først takke min eigen familie for rom og støtte i arbeidet med masteroppgåva.

Informantane gjorde forskningsprosjektet mogleg. Foreldra tok i mot meg, opna opp heim og hjarte og delte sine rike erfaringar med meg. Hjarteleg takk for tillit og godt samarbeid! Eg vil også rette ei stor takk til aktuell barnevernteneste for bistand når det gjeld rekrutteringsarbeidet.

Vidare vil eg rette ei varm takk til førsteamanuensis Inger Marii Tronvoll ved Institutt for sosialt arbeid og helsevitenskap, NTNU. Hennar kloke rettleiing var konstruktiv og utøvt på ein måte som ivaretok mi arbeidsglede i heile prosessen. Stor takk til deg og ditt engasjement!

Bibliotekar Randi Eriksen ved NTNU skal også ha ei særleg takk når det gjeld hjelp til litteratursøk og det å finne fram i databasar.

Takk til gode vener for hjelp og støtte. Takk også til gode kollegaer på masterlesesalen for godt arbeidsmiljø!

Trondheim, 2010

Hilde Jorunn Brandal



## SAMANDRAG

Denne oppgåva handlar om korleis foreldre i utfordrande foreldreskap med og utan hjelpetiltak etter barnevernlova utøver foreldreautoritet i familien. Foreldre i fem familiar vart intervjua. Tre familiar hadde hjelpetiltak etter lov om barnevern, dei to andre familieane hadde ikkje det. Alle foreldra hadde erfaring med utfordrande foreldreskap, og familieane med og utan tiltak var ikkje veldig ulike.

Tyngdepunktet i oppgåva er dei fem familieane sine erfaringar med korleis autoritet blir utøvt i nettopp deira familie. Kva kjennteiknar relasjonen til barna, korleis erfarer foreldra samfunnets forventningar til foreldreskap, kva utfordringar har dei møtt, og korleis handlar foreldra når dei utøver foreldreautoritet er spørsmål som blir belyst og analysert i oppgåva.

Analysen viser at foreldre beskriv relasjonen til barna sine som det viktigaste i livet, der barnas behov og foreldras ansvar står i høgsetet. Meistring er det overordna målet både for barna og foreldra. Familieane har utvikla ulike strukturar for å utøve foreldreautoritet på måtar som sikrar at barnet blir høyrte og sett, og som samstundes freistar å ivareta foreldra som dei ultimate autoritetsutøvarane. Barnas utfordrande åtferd og trugsmål om å bryte relasjonen er særleg sterke føringar for foreldras val av foreldrestrategiar når det gjeld dimensjonane kontroll og varme. Analysen belyser to fedres ulike val når det gjeld foreldrestategi. Den eine faren vel i samarbeid med barnevernet autoritetsrelasjonen, med stor vekt på struktur og kontroll grunnleggjande i barnets behov. Den andre faren vel kjærleiksrelasjonen på kostnad av autoritetsrelasjonen. Dette for å oppretthalde kontakten med barna, og hindre at dei bryt relasjonen med han.

Manglande deltaking i barnets kvardagsliv synest å kunne avgrense foreldres autoritet i familien. Dette gjeld både i høve det å vere ein forelder i autoritet, og det å vere ein forelder med autoritet. Deltaking i barnas kvardagskontekst synest viktigare enn kjønn og kulturens forventningar om ein konfliktfri barndom når det gjeld det å utøve foreldreautoritet.

Når barnet har særlege behov eller viser åtferd som bryt med familien og samfunnets forventningar på ein alvorleg måte, engasjerer foreldra seg ved å utøve meir kontroll med barnet. Sjølv om dette kan føre til konflikter og avvising frå barnet si side, blir dette gjort ut

frå foreldras vurdering av at det er til barnets beste. Barnevernet utøver si rolle med det same for auge, med mål å bevare familien som oppvekst- og omsorgseining for barnet.

Når det gjeld vidare forskning på autoritet i familien, tør studien tilrå å inkludere barnets perspektiv på korleis barn erfarer autoritet i familien, samt korleis barnevernet nyanserer si hjelp i høve foreldre når det gjeld autoritetsarbeid i familien.

## **ABSTRACT**

This paper explores how authority is exerted by parents, and particularly in those cases where parents face challenging parenting. The parents of five families were interviewed, of which three had received help and counselling from the Child Welfare Office. All of the parents had experienced challenges as parents and were as families quite similar.

The focus of the investigation lies in the actual experiences of the parents regarding how they view and show authority in their families. How do they perceive their relationship with their children? How do they perceive the social expectations regarding parenthood? What challenges have they faced and overcome? What do they do when they act as authoritative parents? The project examines these issues from the perspective of the parents. The phenomenon of parental authority is explored in a positive way, looking at what parents describe as having worked for them.

Analysing my material, I found that all the parents see their children as being the most important people in their lives. Their children's needs and their own parental responsibility are the main tasks they tend to address as heads of the family. The parents seem to be goal-orientated. They want their children to succeed in life, and they want to succeed as parents too.

All parents in this study have developed various structures in their families in order to secure leadership and authority. These structures also help to secure the relationship and the children's perspectives on family matters.

Serious behaviour problems conducted outside the family setting and a child's threats to disengage from the relationship will influence a parent's choice of parental strategy, particularly regarding the dimensions of control and warmth. The finding of two fathers' different choices illustrates this. The first father has a relationship based on a high level of structure and control regarding his daughter. This is in order to monitor and meet her needs for protection. This family co-operates with the Child Welfare Office.

The second father`s relationship with his children is based on a high level of affection, but with very little control. The aim of this father is to secure contact and prevent his children from stopping visiting him, or ending the relationship.

Parental committment and participation in their children`s daily life tends to strengthen parental authority over their children. My material suggests this is far more important than gender roles. Both mothers and fathers see themselves as authorities, regardless of gender, and both need to show affection and exert control as parents. Showing affection and exerting authority are experienced as interconnected dimensions of authority.

When children are described by parents as having special needs or display serious behavioural problems such as drug abuse, criminal activities, staying out after curfew or playing truant, the parents tend to adopt more control strategies. These strategies are for the children`s best, and although they might temporarily cause conflict and rejection, the child`s improved social behaviour and experience of success are these parents` driving force. Children who comply with the rules are given more opportunities to make their own decisions, as they are seen as being more independent and responsible people by their parents.

The Child Welfare Office is described as being helpful and supportive to the parents, and two families report that the offer of assistance prevented a family breakdown. Further investigation is recommended to include the children`s perspectives and experiences regarding authority in the family, and also to investigate how the Child Welfare Office differentiates between help and support regarding parental authority in families.



## INNHALD

KAPITTEL 1. INNLEIINGSKAPITTEL .....	3
1.1 Personleg engasjement som bakgrunn for val av temaet foreldreautoritet .....	3
1.2. Sosialt arbeid som praktisk verksemd og forskingsfelt.....	4
1.3. Barnevernets perspektiv på familien og foreldreskap .....	5
1.3.1 Barnevernets ansvar er subsidiært foreldra sitt ansvar.....	5
1.3.2. Barnets beste .....	5
1.3.3 Barnet som sosial aktør .....	6
1.4 Familien i dag som eit mangfald av strukturar og relasjonar .....	8
1.5 Politiske mål og nasjonale føringar relevante for tema og problemstilling .....	9
1.6 Det offentlege barnevernet sitt engasjement i familien i åra framover .....	10
1.7 Val av meistringsperspektiv på utøving av foreldreautoritet .....	10
1.7 Forskingsspørsmålet.....	11
”Korleis utøver foreldre med hjelpetiltak etter barnevernlova og foreldre utan hjelpetiltak foreldreautoritet? Utfordrande foreldreskap sett i eit meistringsperspektiv.” .....	12
1.8 Oppgåvas struktur og innhald .....	12
KAPITTEL 2. FORELDREAUTORITET- RELEVANT LITTERATUR OG FORSKING..	15
2.1 Autoritet – ei tilnærming til omgrepet.....	16
2.1.1 Autoritet .....	16
2.2 Foreldreskap som parenting og parenthood .....	19
2.2.1 Parenting.....	19
2.2.2 Parenthood.....	19
2.3 Parenting - Autoritet som utøving av varme og kontroll .....	20
2.4 Foreldremål, sosial kontekst og barnet sjølv som påverkarar av foreldres autoritetsutøving.....	22
2.5 Foreldreautoritet som del av parenthood i dag – forventning om ansvarsfull omsorgsutøving .....	24
2.6 Meir om diskursen rundt foreldreautoritet i Norge .....	27
2.7 Hennums analyser av autoritetsrelasjonar i familien .....	28
2.7.1 Posisjonsbasert og kompetansebasert autoritet som ein relasjonell kvalitet i forholdet mellom foreldre og barn .....	28
2.7.2 Autoritetspraksis i familien som plikter og grenser .....	29
KAPITTEL 3. METODISK TILNÆRMING .....	31
3.1 Grunngeving for val av kvalitativ tilnærming.....	31
3.1.1 Vitskapsfilosofisk verdssyn og forskning - refleksjon.....	31
3.1.2 Val av kvalitativt metodologisk design - grunngeving .....	33
3.1.3 Refleksjon over eiga forforståing og mogleg betydning for fortolking og forståing av fenomenet foreldreautoritet .....	35
3.2. Informantane .....	36
3.2.1 Informantane i utvalet mitt.....	37
3.2.2 Meir om rekrutteringsarbeidet og utfordringar undervegs.....	37
3.3. Datainnsamling: Val av kvalitativt forskingsintervju som metode.....	40
3.3.1 Utarbeiding av intervjuguiden.....	40
3.3.2 Informasjon til deltakarane om forskningsprosjektet.....	41
3.3.3 Forskingsetiske omsyn i høve informantane .....	41
3.3.4 Gjennomføring av intervjuet og anonymisering av materialet.....	42
3.3.5 Transkribering .....	42
3.4. Analyse av data .....	42
3.4.1 Val av analysenivå og analysemetode.....	42
3.4.2 – Steg 1: Frå villniss til tema.....	43

3.4.3 – Steg 2: Frå tema til koder – meiningsberande einingar.....	43
3.4.4 – Steg 3: Kondensering frå kode til mening.....	44
3.4.5 – Steg 4: Samanfatte kondensering og utvikle nye skildringar og omgrep.....	44
3.5. Validering av arbeidet .....	45
3.6. Vurdering av kvaliteten på arbeidet .....	46
KAPITTEL 4 - RELASJONEN TIL BARNA .....	49
4.1 Det viktigaste i livet .....	49
4.2 Kontaktlimet i relasjonen er samtalen og aktivitetar.....	51
4.3 Foreldreskap blir utøvt i ein vidare kontekst enn foreldre – barn relasjonen.....	52
4.3.1. Tid og pengar som knappe ressursar .....	53
4.3.2. Foreldras arbeidsplass og samarbeid med barnevernet påverkar foreldra og relasjonen .....	53
4.4 Barnet utfordrar foreldras autoritet som sosial aktør .....	55
4.5 Familiar med og utan barneverntiltak – er der skilnader i relasjonen når det gjeld autoritetsutøving? .....	58
4.5.1 Ulikt fokus på kontroll og barnas autonomi.....	59
4.6 Utfordrande foreldreskap: Autoritetsrelasjonen og kjærleiksrelasjonen som to ulike historier.....	61
4.6.1 Far B vel autoritetsrelasjonen framfor kjærleiksrelasjonen .....	62
4.6.2 Far D vel kjærleiksrelasjonen framfor autoritetsrelasjonen .....	66
KAPITTEL 5 – FORELDRAS ERFARINGAR MED SAMFUNNETS FORVENTNINGAR (PARENTHOOD) .....	73
5.1 Meistring og venleg kontroll til barnets beste.....	73
5.2 Autoritetsutøving og kjønn.....	75
5.2.1 Mødrene er sjølvsgatte autoritetar som leier og strukturerer utfrå barnas behov og familiens aktuelle situasjon .....	75
5.2.2 Fedrane lyttar og forhandlar med barnets beste for auge og held fast på inngåtte avtaler av same grunn.....	78
5.2.3 Avkjønna autoritetspraksis? .....	81
KAPITTEL 6 – KORLEIS UTØVER FORELDRE AUTORITET?.....	83
6.1 Strukturar i familien som sikrar leiarskap, med vekt på oversikt og kontroll .....	83
6.1.1 Fredagsmøte, felles middag og faste rutiner .....	84
6.1.2 Fredagsmøte – eit demokratisk forum.....	84
6.1.3 Felles middag kvar dag sikrar kontakt og beslutningsgrunnlag.....	85
6.1.4 Faste middags- og kveldsrutiner og bruk av time - out.....	86
6.1.5 Dialog og forhandling i foreldresystemet om felles foreldrestrategi .....	87
6.2 Barnets føresetnader og behov påverkar rom for og form når det gjeld forhandlingar i familien.....	89
6.3 Foreldremyndede .....	90
KAPITTEL 7. OPPSUMMERING OG KONKLUSJON.....	93
” Det vi gjer må passe til vår familie! ” .....	93
7.1 Refleksjon over utvalets samansetning og høvet til å samanlikne når det gjeld foreldreautoritet og hjelp frå barnevernet og foreldreautoritet og kjønn. ....	94
7.2 Foreldreautoritet – oppsummerande konklusjon og refleksjon.....	95
7.3 Autoritetsutøving - mor og far forhandlar med kvarandre og barna .....	97
7.4 Barnevernets og barnas beskrivne roller i høve autoritetsrelasjon med vekt på struktur og kontroll. Implikasjonar for vidare forskning. ....	98
7.5 Dilemmaet kjærleik versus kontroll – avslutning. ....	99
Litteratur og 4 vedlegg: .....	101

# KAPITTEL 1. INNLEIINGSKAPITTEL

Denne oppgåva handlar om foreldreautoritet. Bakgrunnen min som sosialarbeidar i familiar som hadde ungdom med alvorlege åtferdsvanskar, gjer at eg trur det kan ligge viktig informasjon om korleis foreldre utøver foreldreautoritet i familiar med hjelpetiltak etter barnevernlova. Korleis foreldre i familiar med hjelp frå barnevernet utøver foreldreautoritet er difor temaet for denne oppgåva.

I første del av innleiingskapittelet presenterer eg mi interesse for familiar og foreldres utøving av foreldreautoritet som bakgrunn for val av forskningstema. Barnevernsperspektivet blir belyst ut frå prinsippet om barnets beste som styrande for barnevernets arbeid. Eg gjer greie for nyare endringar i familien i Norge som eg tenker har relevans for problemstillinga, med vekt på dei utfordringar foreldre kan møte i dag når det gjeld utøving av foreldreautoritet. Nyare politiske og nasjonale føringar for barnevernsfeltet og det auka offentlege barnevernet sitt engasjement i familien blir også presentert. Eg grunnir kvifor eg tek eit meistringsperspektiv på utforskinga av foreldreskap i familiar med barnevernstiltak. Sjølve forskningsspørsmålet blir deretter presentert. Eg plasserer forskningsspørsmålet i høve sosialt arbeid som praksis, forskingsfelt og emne i relasjon til andre fagdisiplinar, og eg grunnir kort i denne samanhengen mine val av teori og litteratur. Avslutningsvis gjer eg greie for oppgåvas vidare struktur og innhald.

## 1.1 Personleg engasjement som bakgrunn for val av temaet foreldreautoritet

I 1987 vart eg utdanna sosionom ved Sosialhøgskulen i Trondheim. Utøving av foreldreskap og det å kunne yte god hjelp til familiar etter lov om barnevern har vore eit sentralt tema i arbeidet mitt på kommunalt, fylkeskommunale og statleg nivå. Hausten 2000 vart eg med på oppstarten av det nye hjelpetiltaket MST (Multisystemisk Terapi) i Sør-Trøndelag. Dette er eit statleg, friviljug barneverntiltak heimla i barnevernlovas § 4-4, retta mot familiar med ungdom med alvorlege åtferdsvanskar (NOU 2000:12). Det overordna tiltaks målet i MST er å redusere åtferdsvanskar og førebygge institusjonsplassering. Tiltaket bygger på prinsippet om familiebevaring, og tek utgangspunkt i at den mest effektive måten å hjelpe ungdom er å hjelpe og myndiggjere foreldra. Foreldra er her sjølve nøkkelen til langsiktige endringar, noko

som kjem til uttrykk ved at foreldre og terapeut er sett som likeverdige samarbeidspartnarar. Det er foreldra som formulerer dei overordna måla for tiltaket. For familien kan delmål vere å betre foreldras oppsedingspraksis, styrke familiens samhald og omsorg for kvarandre, betre relasjonane mellom familien og omgjevnadene, og generelt sette familien betre i stand til å løyse framtidige problem (NOU 2000:12). Omgrepet foreldreautoritet blir ofte nytta som ein faktor i multisystemiske analysar av korleis åtferdsproblem heng saman. Styrking av foreldreautoriteten er gjerne eit delmål i behandlinga (Henggeler m fl. 1998). Omgrepet foreldreautoritet vert også brukt i den offentlege diskursen om åtferdsvanskar blant barn og unge og dagens foreldrerolle, der det blir hevda at foreldre unndreg seg utøving av foreldreautoritet, eller at dei har store vanskar med å utøve foreldreautoritet (Brunstad & Evenshaug 2005; Hennum 2002).

Foreldreautoritet er såleis eit sentralt omgrep i familiens liv og i sosialt arbeid med familiar. Å utforske foreldres eigne erfaringar med å stå i krevande foreldreskap (Bø & Olsen 2008) når det gjeld utøving av autoritet i samarbeid med barnevernet er såleis mitt utgangspunkt for denne oppgåva. Å høyre foreldres eigne stemmer og erfaringar tenker eg er ein fornuftig tilnæringsmåte for å belyse fenomenet. Å sikre at foreldras eigne stemmer blir høyrte er også avgjerande for å utvikle kunnskap i samarbeid med aktørane sjølve (Sandbæk 2002).

## **1.2. Sosialt arbeid som praktisk verksemd og forskingsfelt**

Sosialt arbeid er forskning om sosiale problem, og det er arbeid med sosiale problem (Tøssebro 2001). Eit særtrekk ved sosialt arbeid er at teori og praksis er så veldig vevt saman (Tronvoll 2001; Soydan 1993). Sosialt arbeid er også prega av profesjonens utvikling og gjeldande politiske og økonomiske rammer i det samfunnet sosialt arbeid til eikvar tid er ein del av. Det postmoderne samfunnet har same kjenneteikna som sosialt arbeid: Tvetydigheit, usikkerheit, kompleksitet og endring. Sosialt arbeid sin særeigne erfaring med endring kan i vår tid vere eit særleg viktig bidrag til samfunnsvitskapen og andre fagfelt – både når det gjeld praksis og forskning (Soydan 1993).

Idehistorikaren Soydan (1993) seier at sosialt arbeid analytisk kan sjåast som både praktisk verksemd og forskingstradisjon. Sosialt arbeid har blitt utvikla hand i hand med andre samfunnsvitenskaplege disiplinar og er i tett samspel med desse, særleg sosiologi og psykologi. Det kan difor vere vanskeleg å definere og drage opp fagets grenser.

Forskingstemaet foreldreskap og autoritet ser eg som eit tverrfagleg tema, der forskning og praksis innan ulike disiplinar som sosialt arbeid, psykologi, pedagogikk, sosiologi og idehistorie kryssar og samspelet. I oppgåva bruker eg difor teori og litteratur frå fleire fagdisiplinar i mi tilnærming til sentrale omgrep, og for å belyse og forstå meir av det komplekse samspelet som føregår i ein familie i interaksjon med sine omgjevnader. Utgangspunktet for oppgåva er likevel sosialt arbeid. Målet er å innhente kunnskap frå familiar med hjelpetiltak etter barnevernlova på ein systematisk måte, frå det ein i praksis kallar barnevernfeltet. I neste avsnitt vil eg difor sjå utfordrande foreldreskap i eit barnevernsperspektiv.

### **1.3. Barnevernets perspektiv på familien og foreldreskap**

Temaet for oppgåva er korleis foreldre med hjelp frå barnevernet utøver foreldreautoritet. I dette kapittelet presentere eg barnevernets perspektiv på familien og foreldreskap.

#### **1.3.1 Barnevernets ansvar er subsidiært foreldra sitt ansvar**

Etter norsk rett er det dei biologiske foreldra som har det primære ansvaret for barnas omsorg (Lindboe 2003). Foreldre er barns legitime autoritetar, og med foreldrerolla følger rettar og plikter overfor barna. Det offentlege barnevernet sitt ansvar er subsidiært. Det vil seie å yte hjelp og kontroll når foreldre ikkje strekker til. Prinsippet om subsidiært offentleg ansvar vart yttarlegare presisert då den nye barnevernlova vart iverksett i 1992 (NOU 2000:12 ; Lindboe 2003).

Det offentlege barnevernet sitt ansvar er heimla i Lov om barneverntjenester av 17. juni 1992 nr. 100 med forskrifter. Saman med FN's Barnekonvensjon (1991) og Lov om barn og familie (1981), er barnevernlova (1992) det viktigaste juridiske grunnlaget som regulerer og heimlar samspelet mellom familien og det offentlege når det gjeld ansvar, plikter og rettar i høve barns omsorg og utvikling.

#### **1.3.2. Barnets beste**

Barnevernlovas § 4-1 (1992) legg omsynet til barnets beste til grunn for iverksetting av tiltak når foreldre ikkje strekker til. Barnets behov skal vere det styrande prinsippet for barnevernets

hjelp (Ot.prp. nr 44 1991 - 1992). Barnets beste er likevel ikkje noko eintydig omgrep (Bache-Hansen 1995). Barnevernlova (1992) seier at barnets beste føreset utøving av skjønn innanfor lovas rammer. Beslutningar i tråd med barnets beste bygger såleis på barnevernfaglege vurderingar gjort av profesjonelle (Lindboe 2003). Barnets beste vurdert etter fagleg skjønn er den raude tråden i alle faser av ei barnevernssak (Hærem & Aadnesen 2004).

Barnevernarbeidaren bruker skjønn når ho vurderer om ei melding til barnevernet skal undersøkast vidare, når ho besluttar kva informasjon ho skal hente inn i ei sak, og korleis ho skal forstå og tolke informasjonen ho sit med. Barnevernsarbeidarens profesjonelle faglege skjønn blir påverka av variablar som til dømes egne verdiar, normer, teoretisk forståing og erfaring (Hærem & Aadnesen 2004). Det til eikvar tid rådande kunnskapssynet i barnevernet påverkar også skjønnsutøvinga. Jensen (2005) og Sandbæk (2001) seier at norsk barnevern historisk sett har følgd tre utviklingsliner<sup>1</sup> når det gjeld kunnskapssyn. Dagens barnevern vektlegg brukarperspektivet, myndiggjering av brukaren og ei nedtoning av hjelparens ekspertrolle i høve brukaren.

Det offentlege barnevernet bygger på dei same grunnverdiane som velferdsstaten Norge er tufta på. Barnevernets perspektiv kan konkretiserast i barns behov for tryggleik, vern, personleg integritet og rettar, med familien og nærmiljøet som trygge rammer for oppvekst (NOU 2002:12). Lurie (2001) seier at etter Norges ratifisering av FN-konvensjonen om barns rettar i 1991 og innføring av den nye barnevernlova i 1992, pliktar det offentlege og barnevernet i endå større grad enn før å ta barnets perspektiv og fokusere på barnet sine behov og rettar. Når interessene til foreldre, barn eller andre aktørar kjem i konflikt, skal det offentlege barnevernet prioritere barna først.

### **1.3.3 Barnet som sosial aktør**

I tråd med brukarperspektivet og barneperspektivet er barnevernet i dag pålagt å sikre at barnet skal bli sett og høyrte som sosial aktør. Barnet skal få uttale seg om sitt eige beste, etter

---

<sup>1</sup> Mona Sandbæk (2001) har identifisert tre utviklingsliner eller modellar når det gjeld kunnskapssynet i barnevernet:

1. Modellen der fagpersonen får status som ekspert og klienten blir gjenstand for ekspertens observasjon og tilbakemelding.
2. Modellen der nettverkets betydning blir vektlagt for barn og unges utvikling og oppvekst, med vekt på systemteoretisk tenkning
3. Modellen som vektlegg fordeling av makt og kontroll mellom barnevernet og brukarane, der brukarperspektivet kjem inn med vekt på innsynsrett, høve til utvikling, vekst og påverknad, jamfør omgrepet empowerment. For vidare lesing, sjå Mona Sandbæk (2001) og Toril Jenssen (2005) i litteraturlista.

dei føresetnadene det har. Å samarbeide med barnet er såleis ei tilnærming til det å utøve eit barnevernsperspektiv, der barnet blir sett som sosial aktør med kompetanse på eigen situasjon (NOU 2000:12; Sandbæk 2002). Bak synet på barnet som sosial aktør ligg nyare teoriar og kunnskap om barn og unges utvikling. Før var barnevernfeltet dominert av utviklingspsykologiske teoriar som i langt mindre grad tok omsyn til barnets aktuelle kompetanse og barnets aktuelle sosiale kontekst (James, Jenks & Prout 1998; Sandbæk 2002). Den nye barndomssosiologien (James, Jenks & Prout 1998) tar eit oppgjær med dette, og dei presenterer eit alternativt perspektiv på barnet som det verande barnet. Barnet er her ein eigen sosial kategori, likeverdig den sosiale kategorien vaksen. Barnet blir då sett å vere ein sosial aktør i gjensidig samspel med sine omgjevnader, der barnet formar sine omgjevnader i like stor grad som det blir forma av omgjevnadene. Barnet er eit kompetent subjekt med sin eigen agenda og sine egne, sjølvstendige rettar (Midjo 2000). For at barnevernet skal kunne forstå barnet og samspelet i ein familie i tråd med dette perspektivet, er det avgjerande å sjå og høyre barnet som bidragsytarar og handlande subjekt (Sandbæk 2002).

Å sjå og høyre barnet er ikkje utan utfordringar for foreldre, barnevern eller forskarar. Sandbæk (2002) er inne på dette når ho spør kven som har makt til å fortolke og representere røyndomen. Barnelovas (1981) §§ 31 og 33 har gitt barn auka formelle rettar når det gjeld medbestemmelse- og sjølvbestemmelsesrett i personlege forhold (Ot.prp. nr 104, 2008 - 2009). Endringar i barnevernlovas (1992) § 6 – 3 har gitt barn større rettar til å bli informert, høyrte og til å opptre som part under sjølve saksbehandlinga i barnevernet. Dei nyare endringane i desse to lovene gjenspeglar den endra samfunnsoppfatninga av barn som sosiale aktør med individuelle, sjølvstendige rettar. Det endra barnesynet dei siste to tiåra og nyare lovendringar grip inn og regulerer relasjonen mellom barn og foreldre på ein historisk sett ny måte. Enkelte forfattarar (Bø & Olsen 2008; Hennem 2002) seier at foreldres plikter overfor barna blir understreka på kostnad av deira rettar og mynde som foreldre. Hennem (2002) fann i sitt doktorgradsarbeid i sosialantropologi om det å vere mor og far til ungdom i Norge, at barns utvida juridiske rettar som sjølvstendige individ går på kostnad av foreldras mynde. Ho viser til at omgrepet foreldremynde er erstatta med foreldreansvar i barnelova, noko som understrekar dette. Særleg beskriv Hennem (2002) at foreldre opplever avgrensingar når det gjeld det å utøve foreldreautoritet. Lovendringa hevdar ho innskrenkar handlingsrommet til foreldre når det gjeld å utøve autoritet med mynde. Hennem viser til samfunnsutviklinga, og ho seier at det offentlege gjennom sitt auka engasjement har overtatt ein del av foreldres mynde overfor barna (Hennem 2002). Det før så private familieromet har siste tiåra blitt meir offentleg og regulert. Det offentlege har tatt over funksjonar som tidlegare låg til familien og

foreldra. Utviklinga med institusjonalisering av omsorgs- og oppsedingsoppgåver som til dømes utvida skuleplikt, utbygging av barnehagar og SFO - tilbod illustrerer dette. Den nye barndomen er prega av individuering og subjektstatus, seier Midjo (1994), samt institusjonalisering. Når barne og ungdomskulturane endrar seg, har dette også konsekvensar for foreldrerollene. Bø og Olsen (2008) introduserer omgrepet utfordrande foreldreskap for å skildre nyare syn på foreldrerollene. Dei hevdar, som Hennem (2002), at foreldres mynde i dagens Norge er innskrenka, og at foreldre no truleg aldri har hatt større ansvar som foreldre (Bø & Olsen 2008). Omgrepet utfordrande foreldreskap og det offentleges engasjement kan konkretiserast ved å sjå på veksten i antall hjelpetiltak etter Lov om barneverntjenester siste tiåra. I 1960 hadde nesten ingen familiar i Norge det vi i dag kallar hjelpetiltak (Schjelderup, Omre og Marthinsen 2005). I dag er 10 % av alle barn i Noreg i løpet av oppveksten innom eit tiltak etter barnevernlova. Talet på omsorgsovertaking har til samanlikning halde seg relativt stabilt siste tiåra (Kristofersen 2005; Schjelderup, Omre og Marthinsen 2005). Tala illustrerer at barnevernet i dag når ut til langt fleire barn og familiar enn før, og at barnevernet yter hjelp på andre måtar enn ved å overta omsorgen for barn.

Foreldreautoritet er eit fenomen som det offentlege barnevernet kjem i befatning med i sitt samarbeid med foreldre. Det er eit uttalt mål at barn og foreldre ved behov skal få hjelp, slik at foreldra greier å ivareta barnet innanfor omsorgseininga familien. Før eg gjer meir greie for politiske mål og utviklingstendensar når det gjeld det offentleges engasjement i familien, vil eg sjå nærare på kven familien i dagens samfunn kan vere.

## **1.4 Familien i dag som eit mangfald av strukturar og relasjonar**

Samfunnet i Noreg har endra seg radikalt dei siste tiåra. Desse endringane kjem også til uttrykk som endringar i familien. Før var familien synonymt med kjernefamilien, der mor og far levde med felles biologiske barn innanfor rammen av ekteskapet. No er ekteskap berre ein av fleire måtar å leve på. Det har vore ein auke i antal hushaldningar der einslege foreldre bur saman med barn. I dag bur eitt av fire barn saman med ein forelder ([www.ssb.no/befolkning](http://www.ssb.no/befolkning), a henta ned 12.02.10), gjerne mor. Familieeiningane har blitt mindre, og det er forventa at både mor og far er i yrkesaktivt arbeid. Det har også vore ein auka variasjon i barns buarrangement og samværordningar etter foreldres skilsmål, og delt samværsrett som norm ved samlivsbrot har vore eit tema i den offentlege debatten om foreldreskap (Bø & Olsen 2008).



Skilsmålsraten har vore aukande, og han var i 2008 på 10 280 skilsmål ([www.ssb.no/befolkning](http://www.ssb.no/befolkning), b henta ned 12.02.10). Dette betyr at minst 20 000 barn opplever samlivsbrot kvart år .I tillegg kjem samlivsbrot mellom sambuarar, der barn er ivolvvert ([www.ssb.no/befolkning](http://www.ssb.no/befolkning), c henta ned 12.02.10). Om lag 10 % av samlivsbrotta fører til konflikter i slik grad at det blir rettsak om barnas omsorg (Bø & Olsen 2008). Det kjem oftare enn før ein ny forelder inn i familien, og med det nye sterelasjonar som barnet blir ein del av. Gjengifte og seriemonogami har blitt meir vanleg, og vaksne har fleire samlivspartnarar gjennom livet enn før. Fleire vaksne vil oppleve periodar som einslege, sambuarar og særbruarar, og mange lever åleine utan barn ([www.ssb.no/befolkning](http://www.ssb.no/befolkning), d henta ned 12.02.10)

Foreldreskapets betydning har ei moralsk og ei sosial side som kjem til uttrykk i offentlege diskursar og praktisk politikk. Norge har fått ei kjønnsnøytral ekteskapslov som sidestiller lesbisk og homofilt samliv. Med dette har følgd krav om sidestilling med heterofile foreldre når det gjeld godkjenning som fosterforeldre, rett til å få adoptere og rett til assistert befruktning. Noreg i dag er eit multikulturelt og pluralistisk samfunn. Barn med minoritetsbakgrunn utgjer 7.3 % av befolkninga mellom 0 – 17 år, og innvandrarar er busette i alle landets kommunar (Dzamanja & Kalve 2004). Rådande oppfatningar om kva som konstituerer ein familie og kva som er godt foreldreskap blir stendig utfordra og utvida, i tråd med faktiske samfunnsendringar og endringar i familien (Bø & Olsen 2008; Skytte 2008). Familien som omsorgseining er i stendig endring, og er i dag kjenneteikna av eit mangfald av strukturar og relasjonar. I dagens mangfaldige familie utøver foreldre foreldreskap og omsorg for barna i samspel med samfunnet rundt.

## **1.5 Politiske mål og nasjonale føringar relevante for tema og problemstilling**

Det siste tiåret har den politiske leiinga i Noreg har hatt eit auka fokus på familien som omsorgseining for barn og unge. Det er eit uttalt politisk mål å investere i familien, og å sikre familien som trygg omsorgsstad for barn og unge (Stortingsmelding nr 39, 2001-2002). Dei politiske føringane når det gjeld å løyse oppgåvene, er å prioritere hjelp til foreldra og miljøet rundt barnet (Stortingsmelding nr 40, 2001-2002). Hjelpa skal tilpassast den enkelte familie sine behov og ressursar. Tiltak skal settast i verk ut frå kunnskap basert på tilgjengeleg

forskning, og det som til eikvar tid er sosialt og politisk aksepterte intervensjonar (Shjelderup, Omre og Marthinsen 2005; Stortingsmelding nr 40, 2001-2002).

Prinsippet om at det er ein ressurs i seg sjølv for barn å vekse opp hos sine biologiske foreldre har tradisjonelt sett stått sterkt i Norge. Dette biologiske prinsippet var viktig for utforminga av Lov om barneverntjenester (1992). Prinsippet låg også til grunn for den nye barnevernreformen i 2004, der staten overtok fylkesbarnevernets oppgåver og satsa på nye evidensbaserte barneverntiltak som MST (Multisystemisk terapi) og PMTO (Parent Management Training Oregon) som heimebaserte tenester (Stortingsmelding nr 40, 2001 – 2002; Hagen 2005). Trass i politiske og faglege diskusjonar om korleis vektlegge det biologiske prinsippet i høve familiebevaring eller andre tiltak, så er i dag førebygging, familiebevaring og samarbeid med foreldre med sikte å styrke foreldrekompentansen uttalte politiske mål og føringar for det offentlege barnevernet på alle forvaltningsnivå.

## **1.6 Det offentlege barnevernet sitt engasjement i familien i åra framover**

Det offentlege barnevernet sitt engasjementet i familien har auka siste tiåra (Kristofersen 2005). Utviklinga sannsynleggjer at det i åra framover vil bli fleire barn og unge som får behov for hjelp frå barnevernet. Kompleksiteten i problemstillingane vil truleg heller ikkje bli redusert. Statistikken indikerer heller ikkje at det offentlege vil redusere sitt engasjement i familien i åra framover. Tvert om, så erkjenner det offentlege ei bekymring for dei utfordringane familien som omsorgseining møter i morgondagens samfunn (Kristofersen 2005). Det offentlege engasjerer seg i omsorgsdimensjonen som ein allmenn dimensjon i foreldreskapet, som ein dimensjon det er politisk og offentleg interesse for å styrke generelt og i dei risikoutsette familiane spesielt (Tjeldflaat & Midjo 2000). Godt samarbeid mellom foreldre og barnevern føreset, slik eg ser det, kunnskap om og kjennskap til dei utfordringane familiane møter og foreldra erfarer, i sin kvardag i ulike situasjonar og kontekstar.

## **1.7 Val av meistringsperspektiv på utøving av foreldreautoritet**

Barnevernet har gjennom sin diagnostiske praksis lang tradisjon i å fokusere på problem og det som er negativt, og har såleis avgrensa røynsle når det gjeld å fokusere på moglegheiter og

ressursar (NOU 2000:12). Ved å fokusere på det som er mangelfullt, kan ein bidra til yttarleg negativ utvikling, uansett kva beslutningar og tiltak som vert iverksett (Sandbæk 2002).

Å ta utgangspunkt i dei positive moglegheitene som finst, og bruke desse som brekkstang for endring er eit sentralt behandlingsprinsipp i MST-behandlinga. Prinsippet har vist seg å vere meir effektivt i endringsarbeid enn å berre fokusere på behov og det som er vanskeleg (Henggeler m fl. 1998). Å leite etter det som er bra og bygge på det som fungerer for å få til positiv utvikling, er sentrale føringar for det offentlege barnevernet. ”Dette representerer en viktig utfordring både for barnevernet og for all oppvekstfaglig virksomhet” (NOU 2002:12 s 73) .

I oppgåva vel eg eit meistringsperspektiv når eg skal utforske korleis foreldre utøver foreldreautoritet. Meistring som omgrep viser til det som fungerer og til tilgjengelege ressursar, og handlar om korleis menneske tilpassar seg og overvinn vanskelege livssituasjonar (Sandbæk 2002). Meistring omfattar såleis ikkje berre det som lukkast, men også det å tole forvirring, motbør og at ein faktisk ikkje får til alt. Sølvi Laupstad (2005) seier at meistring er avhengig av kven som definerer omgrepet. Kva som blir erfart som meistring kan såleis vere ulikt frå aktør til aktør. Ut frå ei slikt meistringsperspektiv vil eg fokusere på kva foreldre med barnevernstiltak opplever å meistre som autoritetsutøvarar. Eg vil vite meir om kva dei sjølve erfarer som verdifullt i sin kvardag. Å vere tru mot aktørperspektivet inneber at eg ser foreldra som subjekt som har kompetanse på eigen situasjon, og at deira erfaringar kjem fram i prosjektet. Erfaringar om kva som fungerer, kunnskap om korleis dei overvinn og tilpassar seg utfordringar er noko foreldre sjølve kan formidle frå sine levde perspektiv. Å ta eit meistringsperspektiv på utøving av foreldreautoritet i familiar med barnevernstiltak vil også kunne gjere det mindre belastande å delta i forskingsprosjektet. Det vil også kunne bidra til nyttig kunnskap om kva som kan bidra til positiv utvikling i familiar. Dette inneber at eg vel å la foreldre med barnevernstiltak i utfordrande foreldreskap sjølve skildre korleis dei erfarer og meistrar i sin kvardag når det gjeld utøving av foreldreautoritet.

## **1.7 Forskingsspørsmålet**

Utgangspunktet for prosjektet var å undersøke korleis foreldre med hjelpetiltak etter barnevernlova utøver foreldreautoritet. Det viste seg å vere vanskeleg å rekruttere mange nok informantar gjennom barnevernet til å få eit stort nok utval som kunne belyse spørsmålet godt

nok. Aktuell litteratur viser at dagens foreldre generelt står i meir utfordrande foreldreskap enn før. Eit spørsmål som då melde seg var om utøving av foreldreautoritet er særleg annleis i familiar med hjelpetiltak enn i familiar utan tiltak? På bakgrunn av dette valde eg difor å utvide utvalet og rekruttere to familiar utan hjelpetiltak etter barnevernlova. Desse familiane var ikkje idealfamiliar eller på andre måtar veldig ulike dei andre familiane. Foreldra hadde også erfaringar med utfordrande foreldreskap, men familiane hadde ikkje tiltak etter barnevernlova. Fokuset var framleis utfordrande foreldreskap og foreldreautoritet, og forskingsspørsmålet blei på bakgrunn av dette:

**”Korleis utøver foreldre med hjelpetiltak etter barnevernlova og foreldre utan hjelpetiltak foreldreautoritet? Utfordrande foreldreskap sett i eit meistringsperspektiv.”**

I oppgåva undersøker eg dette i eit utval av fem familiar, der tre av familiane har tiltak etter barnevernlova, og to av familiane ikkje har slike tiltak.

## **1.8 Oppgåvas struktur og innhald**

I kapittel 2 gjer eg greie for relevant litteratur når det gjeld teori og forsking på foreldreskap og autoritet. Eg gjer greie for autoritetsomgrepet, både når det gjeld opphav, og korleis ulike forfattarar forstår omgrepet. Sosialantropolog og forskar Nicole Hennem (2002) har beskrive autoritet i familien i Norge i dag. Ho har undersøkt korleis det er å vere mor og far til norsk ungdom. Hennar utval bestod av foreldre og deira 15- åringe ungdommar, og utvalet vart rekruttert via ein barnevernsinstitusjon og to skular. Hennem presenterte arbeidet sitt i ei doktorgradsavhandling ved sosialantropologisk institutt, NTNU i 2002. Eg nyttar både hennar analysar av empiri og hennar skildringar av omgrepa posisjonsbasert autoritet, kompetansebasert autoritet og skiljet mellom parenting og parenthood. Autoritet i familien handlar i teorien om foreldreskap, roller, kommunikasjon og samhandling mellom foreldre og barn, og korleis foreldre påverkar sine barns utvikling og blir påverka tilbake. Eg har gjort eit utval av nyare litteratur og forsking som kan belyse relasjonen mellom foreldre og barn når det gjeld autoritet, med særleg fokus på kunnskap om foreldrerolla og barns behov i nyare utviklingspsykologisk litteratur og forsking (Kerr, Stattin og Engels 2008).

I oppgåva bruker eg modellar og teori som ser barnet og familien i gjensidig samspel med dei miljøa familien til eikvar tid samspelet med (Bronfenbrenner 1979; 2005). Sosiale problem er gjerne samansette og multideterminerte, der menneskeleg utvikling heng saman med faktorar på ulike systemnivå i omgjevnadene som samspelet med individet på komplekse måtar. Familieøkologiske modellar som belyser samspel mellom person og kontekst er særleg nyttige som analytiske hjelpemiddel når det gjeld å sjå og forstå meir av dei samfunnsmessige faktorane som påverkar og samspelet med familien i dag.

I kapittel 3 skildrar eg valet av forskingsmetodisk tilnærming, det vil seie korleis eg har gått fram for å belyse problemstillinga. Eg reflekterer over ulike vitenskapsfilosofiske grunnsyn, og grunnir valet av ei kvalitativ tilnærming med bruk av semistrukturert forskingsintervju som metode (Kvale 2001). Utval og utvalstrategien blir presentert og drøfta, med vekt på å beskrive utfordringane eg støtte på undervegs når det gjeld å rekruttere stort nok utval. Eg beskriv korleis eg brukte systematisk tekstkondensering som analysemetode, med mål å utvikle djupe og varierte skildringar av fenomenet foreldreautoritet. Problemstillinga er utforma slik at nettopp skildringar og nye omgrep er det høvelege analysenivået (Malterud 2003). Eg avrundar metodekapittelet med å reflektere over validitet og kvalitet på eige arbeid.

Analysedelen er fordelt på kapittel 4, 5 og 6. Beskrivingane av foreldreautoritet har eg ordna i tre analytiske kategoriar, som blir presentert i kvar sitt respektive analysekapittel.

Kapittel 4 beskriv kvalitetar ved relasjonen til barna. Valet av denne overordna analysekategorien heng saman med teori som ser autoritet som ein kvalitet ved relasjonen mellom foreldre og barn, heller enn eigenskapar ved foreldra. Her presenterer eg to fedrars ulike val når det gjeld relasjonen til sine barn. Den eine faren vel autoritetsrelasjonen, den andre vel kjærleiksrelasjonen. Begge fedrane sine skildringar viser at både autoritetsrelasjonen og kjærleiksrelasjonen i stor grad handlar om makt, avmakt eller motmakt. Eg analyserer foreldras skildringar opp mot Nicole Hennem (2002, 2005) sine analyser om autoritet som kjønnsavhengig, og der foreldre vel kjærleiksrelasjonen framfor autoritetsrelasjonen når barna utfordrar foreldra i alvorleg grad.

I litteraturen finn eg også eit analytisk skilje mellom forventningar til foreldrerolla og kva foreldre gjer når dei utøver foreldreautoritet. Kapittel 5 er analyse av foreldras egne erfaringar med samfunnets forventningar til dei som foreldre. Forskingsdesignet med eit utval av informantar av begge kjønn i familiar med og utan barneverntiltak gir rom for å beskrive

familiane når det gjeld autoritetsutøving og kjønn og autoritetsutøving og samarbeid med barnevernet.

Kapittel 6 analyserer korleis foreldre utøver foreldreautoritet i familien, med fokus på kva tiltak dei har iverksett i sine familiar.

I analysen ser eg identifiserte resultat opp mot teori presentert i kapittel 3, med mål å utvikle nye skildringar av fenomenet foreldreautoritet i familien.

Kapittel 7 freistar å gi ein oppsummerande konklusjon ut frå analysen av datamaterialet. Eg reflekterer over utvalet og kva moglegheiter og avgrensingar som ligg i dette. Eg oppsummerer analysen når det gjeld relasjonen mellom foreldre og barn, forventningar til foreldrerolla, og korleis foreldre utøver autoritet i sin aktuelle familiesituasjon. Analysen av dei to ulike fedrane sine ulike val av relasjonar til barna sine gir grunn for refleksjon over dilemmaet kjærleik versus kontroll når det gjeld foreldreautoritet. Eg reflekterer over foreldras skildringar av barnets rolle og avgrensingar i datamaterialet mitt når det gjeld barnevernet differensiering av hjelp, og kva implikasjonar dette kan ha når det gjeld vidare forskning på autoritet i familien.

Foreldras skildringar beskriv utfordrande dilemma. Det finst få enkle løysingar og fasitsvar. Samspelprosessane som føregår mellom foreldre og barn i familien verkar kompelse og varierte, der barnet sjølv og familiens aktuelle situasjon er beskrivne som sentrale påverkarar når det gjeld utøving av autoritet i familien.

## KAPITTEL 2. FORELDREAUTORITET- RELEVANT LITTERATUR OG FORSKING

I dette kapitlet gjer eg greie for teoretiske omgrep og nyare forskning når det gjeld omgrepa autoritet og foreldreskap. Fokuset i litteratursøket har vore å finne relevant teori, litteratur og forskning som belyser autoritetsrelasjon mellom foreldre og barn med vekt på foreldreperspektivet. Oppgåva er definert i forskings - og praksisfeltet sosialt arbeid<sup>2</sup>, men eg hentar litteratur frå utviklingspsykologi, sosiologi, sosialantropologi og pedagogikk for å beskrive, analysere og forstå fenomenet foreldreautoritet.

I første del av kapitlet gjer eg ei teoretisk tilnærming til autoritetsomgrepet. Målet er å skape ei forståing av kva omgrepet kan handle om. Deretter fokuserer eg på familien som eining for utøving av autoritet. Eg presenterer først paraplyomgrepet foreldreskap, som rommar omgrepa parenting og parenthood. Foreldreautoritet i familien vert definert som utøving av varme og kontroll, med utgangspunkt i Baumrind (1971) si banebrytande forskning og analyse av fire foreldrestilar. Hennar modell blei seinare kritisert som mangelfull, så eg tar med nyare litteratur ( Kerr, Stattin og Engels 2008; James, Jenkins og Prout 1998) som ser aktuell kontekst, foreldremål og barnet sjølv som påverkarar av foreldrestil og utøving av autoritet i familien.

I innleiingskapitlet var eg inne på den offentlege diskursen om foreldreskap. Denne tråden tar eg opp igjen og drøftar foreldreautoritet i høve aktuelle sosiale og kulturelle forventningar, særleg på bakgrunn av at Norge har blitt eit multikulturelt industrielt kompetansesamfunn (Skytte 2008). Eg finn det relevant å presentere Sommer (1996) sine beskrivingar av forhandlingsfamilien i vestlege industrialiserte samfunn. Når det gjeld foreldreautoritetsomgrepet, utøving av foreldreautoritet i familien og forskning på dette i dagens Norge, bygger eg på analyser hovudsakleg frå Nicole Hennem si doktorgradavhandling i sosialantropologi ”*Kjærlighetens og autoritetens kulturelle koder – Om å være mor og far for norsk ungdom*” (2002). Hennar drøftingar av posisjonsbasert og kompetansebasert foreldreautoritet og hennar analyser når det gjeld foreldres utøving av foreldreautoritet i familien i dag blir presentert avlutningsvis i kapitlet, før eg avrundar kort med nokre nyare perspektiv på foreldreskap i dag.

---

<sup>2</sup> Viser her til kapittel 1, pkt. 1.2, der eg gjer greie for mitt perspektiv på sosialt arbeid som praksis og forskingsfelt og samspelet med andre disiplinær innan samfunnsvitenskapen.

## 2.1 Autoritet – ei tilnærming til omgrepet

### 2.1.1 Autoritet

Omgrepet autoritet er mangeslunge og vanskeleg å definere på ein eintydig måte.

Meiningsinnhaldet varierer etter kva tidsepoke og kontekst omgrepet blir nytta i (Steinsholt 1983). Sjølv ordet autoritet er avleidd frå det latinske ordet auctoritas. Auctoritas heng igjen saman med ordet auctor, som i den romerske republikken var definert som:

”He that brings about the existence of any object, or promotes the increase or prosperity of it, whether he first originates it, or by his efforts gives greater performance or continuance to it....A parent, a patron or a giver of advice can also be called an auctor” (Watt 1982 s 11).

Etter denne definisjonen kan både foreldre og barnevernet sjåast som auctor. Auctoritas er aktiviteten til auctor og kan skildrast slik:

”Auctoritas implies the ability to command respect and voluntary compliance both by virtue of holding an authoritative position and by being qualified to give authoritative advice” (Carter 1979 s 17).

Dei gamle romerane såg autoritet som fråver av makt (potestas), noko ovannemnde definisjon på auctoritas som maktas antitese er i tråd med. Autoritet handlar såleis om å forvente respekt og frilviljug lydnad, både frå det å inneha ein posisjon med autoritet, og det å vere kvalifisert til å gi autorative råd. Carter (1979) utleier to autoritetsomgrep med utgangspunkt i det aristokratiske samfunnet: Autoritet basert på spesiell kunnskap, og autoritet basert på spesiell status i eit sosialt hierarki. Det første omgrepet seier Carter er framleis gjeldande i vårt vestlege samfunn, medan det meir tradisjonelle hierarkiske omgrepet er erstatta av ein meir byråkratisk autoritet, der personar i organisasjonelle hierarki innehar ulike myndeopposisjonar, til dømes tilsette i barnevernet. Desse hierarkia er samfunnsmessig legitimerede, og dei utøver såleis rettmessig autoritet.

Watt (1982) seier at autoritet har med reglar å gjere. Reglane er begrunna i fornuft, som igjen heng saman med gjeldande kunnskap og normer i samfunnet. Steinsholt (1983) seier at autoritet føregår i ein relasjon mellom to eller fleire aktører, der befalingar frå spesielle



aktørar blir sett på som bindende for dei andre. På denne måten vert det lagt til rette for ordna interaksjon. Carter (1979) ser autoritet som det å påverke andres åtferd. Ho tek i si tilnærming til omgrepet avstand frå visse typar påverknad som overtaling og muting når ho definerer autoritet. Ho seier at det må vere ei slags forståing av at autoritetsutøvarer har ein rett til å kome med pålegg og vurderingar. Å utøve autoritet er då noko som fører til friviljug lydnd, det vil seie at den andre behandlar noko(n) som ein autoritet:

” a person treats something (for example an opinion, a pronouncement, a map, an order, a rule...) as authoritative if and only if he treats it as giving him sufficient reason for believing or acting in accordance with it notwithstanding that he himself cannot otherwise see a good reason for so believing or acting, or cannot evaluate the reasons that he sees, or sees some countervailing reason(s), or would himself otherwise (i.e. in the absense of what it is that he is treating as authorative) have preferred not so to believe or act” (Finnis 1990 s 174).

Finnis (1990) seier at når ein behandlar noko som ein autoritet, så har ein vurdert og ekskludert andre alternativ og tatt eit medvite, friviljug val om å behandle noko eller nokon som ein autoritet.

Steinsholt (1983) seier at det å handle med autoritet som regel tyder at visse ting blir rett og korrekt gjort. Det å utøve autoritet er med andre ord noko som er sett som ynskjeleg. Han skil mellom to perspektiv på autoritet. I det første perspektivet blir autoritet sett som eit de jure – omgrep, der ein person handlar med autoritet ut frå ein rett gitt av ein autorisert annan som veit kva som er rett å gjere. Dette blir kalla de jure autoritet (Flathman 1980). Slik autoritet er konstituert av reglar som samfunnet tenker er ynskjelege og som fungerer som forsvarlege regulatorar av samfunnsmedlemene si åtferd.

I det andre perspektivet ser Steinsholt (1983) autoritet som eit de facto – omgrep, der autoritetsutøving er personens evne til å få sine forslag akseptert av andre. Slik autoritet føreset at personen har framifrå kunnskap og blir høyrte og anerkjent av andre. De facto autoritet er konstituert av operative reglar, slik at å handle med autoritet blir her sett som ein slags effektivitet (Carter 1979; Watt 1982; Steinsholt 1983).

Carter (1979) og Flathman (1980) seier at å vere i ein autoritetsposisjon er noko heilt anna enn å vere ein autoritet. Det å vere ein autoritet (being an authority) inneber demonstrasjon av kunnskap og røynsle over visse emne eller aktivitetar på ein slik måte at andre innser at denne personen er verdt å lytte til i bestemte situasjonar.

Ein person som er i ein autoritetsposisjon (being in authority) begrunnar si stilling gjennom eit sett reglar som blir sosialt anerkjent innanfor visse rammer. Personen i autoritetsposisjon bygger på ein rasjonelt fundert måte opp om kva handlingar som bør og ikkje bør gjerast, med mål å påverke andre personars tankar og handlingar. Carter (1979 s 15) siterer Richard Friedman (1973) som seier at ” the kind of authority which comes from superior knowledge is totally different from the kind of authority which is attained through holding political office”. Jamfør også Hennem (2002) sitt skilje mellom kompetansebasert og posisjonsbasert foreldreautoritet som eg presenterer seinare i dette kapitlet. Carter (1979) hevdar at skiljet mellom desse to autoritetsformene er eit analytisk heller enn eit fenomenologisk skilje. Ein person kan i praksis inneha begge autoritetsformene på same tid. Autoritetsformene kan samhandle på ein dynamisk måte der dei styrkar kvarandre, eller på måtar som gjer at dei kan svekke kvarandre (Steinsholt 1983). I praksis kan skiljet vere problematisk å identifisere og erfare.

Mange forfattarar har vore opptekne av autoritet og autoritetsrelasjonar i familien. Steinsholt (1983) finn det fruktbart å identifisere autoritet i familien ut frå dei rollene og reglane som dirigerer og kontrollerer det som føregår i familien. Rudolph og Rudolph (1980) framhevar det å skille mellom makt og autoritet, då personar med autoritet kan vere makteslause når det gjeld å oppnå lydnad, eller utøve det Carter (1979) kallar effektiv autoritet:

”They can lack the power to gain or enforce compliance to their directives or to sanctioned rules, and those subject to authority can, by withdrawal of affect or efficiency, or by manipulation, evasion, or rebellion bargain with those in authority over the substance and form of their compliance” (Rudolph og Rudolph 1980 s 146)

Autoritetspersonar i familien kan erfare maktesløyse sjølv om det skulle vere tilgang på sanksjonar i tilknytning til reglane. I familien føregår det forhandlingar mellom dei med autoritet og dei som vert utsett for autoritet, der dei som vert utsett for autoritet kan nytte ulike motmaktstrategiar som skildra ovanfor, for å unngå å innordne seg påbod og reglar .

## 2.2 Foreldreskap som parenting og parenthood

At foreldre utøver foreldreautoritet i familien er i utgangspunktet sett som både legitimt og ynskjeleg. Eg presenterer no litteratur på omgrepet foreldreskap, teoriar om barns behov og Hennem (2002) sin doktorgradstudie når det gjeld foreldres autoritetspraksis overfor norsk ungdom.

### 2.2.1 Parenting

Sosiologen Terry Arendell (1997) seier at foreldreskap er eit paraplyomgrep som femnar om ei rekke aktivitetar og ferdigheiter som vaksne utøver overfor barna sine, med mål å fremme barnas utvikling, sjå pkt. 2.3.

”More specifically, it is a process composed of tasks, roles, rules, communication, resources and relationships...Parenting involves the skillful and creative use of knowledge, experience and technique.” (Arendell 1997 s 1).

Foreldreskap er slik sett ein prosess som går føre seg i relasjonen mellom foreldre og barn over tid. Prosessen inneber aktivitetar og ferdigheiter som foreldre utøver i foreldrerolla, med mål å møte barnas utviklingsbehov til eikvar tid.

### 2.2.2 Parenthood

Hennem (2002) seier at parenting er nært beslekta med omgrepet parenthood. Ho beskriv parenthood som dei til eikvar tid gjeldande sosiale og kulturelle forventningane som er knytte til foreldrerolla. Hennem (2002) skil mellom parenting og parenthood, der parenting som analysenivå fokuserer på *kva foreldre gjer* når dei fyller foreldrerolla, medan parenthood fokuserer på *dei forventningane ein finn i samfunnet retta mot foreldrerolla*. Kvello (2007) hevdar at teoriar om barn og unges sosialisering og utvikling er uttrykk for sentrale sider ved ein kultur og ein tidsepoke. Kva teoriar som dominerer i eit samfunn vil kunne variere, då teoriar er situerte i tid og rom, og i stendig samspel med kunnskapsproduksjonen, der teoriar blir utfordra, gjendrivne eller vidareutvikla.

Transaksjonsmodellen (Bronfenbrenner 1979; 2005; Aasen 2001) er ein modell som ser menneskeleg utvikling som avhengig av det gjensidige samspelet mellom individet og miljøa rundt. Transaksjonsmodellen ser barnets utvikling i eit økologisk perspektiv, der prosessar på fire systemnivå samspelet med barnet på direkte eller indirekte måtar. Det første nivået vert kalla mikronivået. Det er den umiddelbare konteksten barnet deltek i, til dømes familien, barnehage og skule. Det andre nivået er mesosystemet, som er summen av dei umiddelbare miljøa barnet deltek i og samspelet med. Det tredje nivået vert kalla exosystemet. Her deltek ikkje barnet direkte, men strukturar og variablar på dette nivået trenger seg likevel inn på barnets livsverd og påverkar barnet. Dei overordna politiske, økonomiske og sosiokulturelle systema i samfunnet utgjer det fjerde nivået som vert kalla makrosystemet. Forhold på dette nivået samspelet med alle dei tre andre systema på meir overordna og indirekte måtar.

Parenting som direkte praksis mellom foreldre og barn går hovudsakleg føre seg i mikrosystemet og mesosystemet, i barnet og foreldras umiddelbare kontekst. Parenthood som samfunnets forventningar til foreldrerolla og overordna strukturar som påverkar foreldres utøving av foreldrerolla finst hovudsakleg på exo- og makronivå, og påverkar barnet og foreldra direkte og indirekte. Parenting og parenthood samspelet på gjensidige og komplekse måtar, som erfaringsmessig truleg kan erfarast annleis enn det som kan framstillast teoretisk i analytiske, forenkla modellar.

## **2.3 Parenting - Autoritet som utøving av varme og kontroll**

Hennum (2002) seier at utøving av foreldreautoritet (parenting) heng saman med foreldreoppgåver som det å leie, kontrollere og disiplinere barn. Jamfør autoritetsomgrepet som det å påverke barna til friviljug lydnad. Hennum (2002) valde i si doktoravhandling å forske på korleis foreldre i Norge iverkset plikter og grenser overfor barna sine, og ho skildra dette som foreldres omsorgsfulle autoritetspraksis.

Det er forska på kva som kjenneteiknar effektiv parenting og disiplinering. Grad av samstemtheit mellom foreldre når det gjeld å sette krav, oppdragarstil, at foreldra støttar kvarandre og står saman under barnas utprøvingar er faktorar som går igjen i litteraturen (Kvelling 2007, 2008). Kvelling (2007) understrekar at det er kvaliteten på den daglege samhandlinga mellom foreldre og barn og mønsteret i denne over tid som i betydeleg grad

påverkar barns utvikling, heller enn enkeltepisodar. Kvello (2007) viser til Baumrind (1971) si forskning, der ho kategoriserte og beskreiv fire foreldrestilar etter dimensjonane varme og kontroll: Autoritær foreldrestil, der foreldre viser høg grad av kontroll, men lav grad av varme. Ettergjevande foreldrestil, der foreldre viser høg grad av varme, men lav grad av kontroll. Forsømmande foreldrestil, der foreldra viser lav grad av varme og lav grad av kontroll, og foreldrestil med autoritet, der foreldra viser høg grad av varme og høg grad av kontroll. Utøving av foreldreautoritet har såleis med utøving av dimensjonane varme og kontroll overfor barna å gjere.

Henggeler med fleire (1998 s 64) seier at dimensjonen varme "reflects verbal and nonverbal behaviors that are emotional in tone, ranging from warmth to rejection". Forsking (Kvello 2007; Kerr, Stattin og Engels 2008) viser at varme og positive erfaringar i foreldre - barnrelasjonen er viktig for at barnet skal kunne erfare meistring i samhandling med andre. Kvello (2007) seier også at foreldres kunnskap om barna, og korleis dei forpliktar seg overfor barna er viktige dimensjonar som kan knyttast til det å ta foreldrebeslutningar med autoritet.

Foreldrekontrollstrategiar har fleire viktige funksjonar når det gjeld barns utvikling av sosial kompetanse (Henggeler med fleire 1998). Kontrollstrategiane skal vere med på å lære barnet frustrasjonstoleranse og sosialt aksepterte normer for åtferd, som til dømes å unngå bruk av aggresjon. Barna lærer å samarbeide med andre, ta andres perspektiv (Hoffman 2000) og vise respekt for autoritetar. Kontroll med barna heng nøye saman med omgrepet disiplin. Grusec (2008 s 239) viser til Hoffmann som beskriv effektiv disiplin som "a blend of frequent inductions, occasional power assertion and a lot of affection". I nyare utviklingspsykologisk litteratur vert barns internalisering av sosiale normer, det vil seie korleis barn tar over andres sosiale verdiar og gjer dei til sine eigne, beskrive å skje mest effektivt i ein kontekst der

"agents of socialization are supportive of the child's autonomy by employing gentle control and appropriate choice, when they provide structure by setting clear expectations and when they are interpersonally involved by being warm and caring and showing interest in the child" (Grusec 2008 s 240).

Grusec (2008) understrekar at foreldre sosialiserer sine barn i fleire kontekstar enn i disiplinkonteksten:

"Parents also expose them to models of appropriate behaviour, provide them with opportunities to engage in cultural practices and routines that characterize the social

group, protect them from exposure to undesirable and inappropriate behavior, talk to them about acceptable and unacceptable actions and so on” (Grusec 2008 s 239).

Å ha autoritative foreldre er ein god predikator når det gjeld barn si utvikling av sjølvkjensle, sosiale ferdigheiter, prososial åtferd og akademisk suksess (Henggeler med fleire 1998).

Foreldre med autoritet utviser høg grad av varme, gir sensitiv respons til barnets behov og utøver vennleg kontroll av barna i deira aktuelle kontekstar.

## **2.4 Foreldremål, sosial kontekst og barnet sjølv som påverkarar av foreldres autoritetsutøving**

Diskursen rundt foreldreautoritet kan tyde på at parenthood i dag er prega av forventningar til forelderrolla om å opptre med ein foreldrestil i tråd med det å vere foreldre med autoritet (Baumrind 1971). Det vil seie at foreldre bør utøve høg grad av varme og kontroll overfor barna sine.

Eit spørsmål eg stiller i mine litteratursøk er om det finst ei universell oppskrift på utøving av foreldreautoritet? Fleire forfattarar (James, Jenks og Prout 1998; Hennum 2002) seier at foreldreskap er ein sosial konstruksjon som er situert i tid og rom. Kva som blir vurdert som god og effektiv foreldreskap vil difor kunne variere frå stad til stad. Det vil endre seg over tid, i tråd med samfunnsendringar og stendig ny kunnskap. Det vil variere etter kva perspektiv ein inntar. I følgje James, Jenks og Prout (1998) kan både parenting og parenthood sjåast som menneskeskapte sosiale konstruksjonar. Det vil seie at det ikkje er biologisk bestemt eller noko som er universelt og endeleg utforma.

Grusec (2008) utfordrar yttarlegare oppfatninga om ei oppskrift av tre grunnar. For det første kan foreldre samhandle med barnet ut frå ulike, meir overordna sosialiseringsmål. Mål eller ynskt resultat har ein organiserande funksjon når foreldre skal monitorere sine interaksjonsframsteg i høve sine barn, seier ho. Desse kognitive aktivitetane følger foreldra opp med positive og negative emosjonar, i tråd med korvidt måla blir nådde eller ikkje.

Grusec (2008) seier at foreldremål kan delast inn i tre kategoriar: Foreldreorienterte mål, barnesentrerte mål og empatiske mål. Når ein skal innhente kunnskap eller seie noko om kva som er effektiv parenting, må målet for foreldras oppseding eller kva foreldra freistar å oppnå der og då kartleggast, seier Grusec (2008). Det betyr at alle foreldre på gitte tidspunkt og i

gitte kontekstar har mål som inneber alle Baumrind (1971) sine fire foreldrestilar. Foreldre utøver ikkje berre ein stil, men dei vekslar mellom stilar. Den sosiale konteksten kan også påverke foreldremål for oppseding. Med dette meiner Grusec (2008) at kva foreldre ynskjer og set som mål for oppsedinga kan variere innanfor ulike kulturar (Arendell 1997; Skytte 2008). Arendell (1997) viser at kjønn og sosial klasse også er kontekstar som kan påverke foreldremål og foreldrestilar, noko også Hennem (2002) viser til når ho beskriv foreldrepraksis som ein kjønna praksis.

For det andre er effektiv parenting avhengig av kva åtferdsmål foreldra set for barnets sosialisering i den aktuelle samhandlingssituasjonen. Foreldrestrategiar har funksjonar som heng saman med forskjellige utviklingsmål for barnet. Slike mål kan til dømes vere at barnet skal regulere positive og negative affektar, utsette behov, utvikle empati og ta andres perspektiv (Grusec 2008).

Den tredje grunnen til at det ikkje finst ei universell oppskrift på god autoritetspraksis er barnet sjølv (Grusec 2008). Barnet og barnets karakteristika påverkar foreldra sine sosialiseringsstrategiar. Slike individuelle særtrekk kan til dømes vere temperament, alder og kjønn. Forsking viser at gutar er meir motstandsdyktige når det gjeld moderlege kontrollstrategiar enn jenter (Grusec 2008). Foreldre til ungdommar som utviser problemåtferd har ein tendens til å bekymre seg meir og monitorere mindre (Kerr, Stattin og Pakalniskiene 2008). Foreldras kjennskap til det enkelte barnet og deira evne til å sette seg inn i barnets situasjon i den aktuelle konteksten påverkar korleis konflikter kan utvikle seg med omsyn til frekvens, intensitet og løysing, samt det å få barnet til å overhalde reglar og normer (Kvelling 2007, Grusec 2008).

Relasjonen mellom foreldre og barn er den umiddelbare konteksten for utøving av foreldreautoritet. Foreldreskap har lenge blitt sett som ein einvegsprosess, der foreldre skaper sine barn gjennom sine handlingar eller sine manglande handlingar (Kerr, Stattin og Engels 2008). Synet på foreldreskap har dei siste to tiåra endra seg, frå å vere dominert av eit einvegsperspektiv til det å sjå foreldre og barn i eit interaktivt perspektiv, og heng saman med nyare syn på barn og barndom (James, Jenks og Prout; Midjo 2000). I eit interaktivt perspektiv blir foreldreskap definert som ein gjensidig prosess mellom foreldre og barn, der barnet spelar ei aktiv rolle i den sosiale utvekslinga. Foreldre blir påverka av ungdommens åtferd (Kerr, Stattin og Engels 2008), slik foreldre påverkar sine barn og unge. Dette nye

teoretiske perspektivet på barn og barndom (James, Jenks og Prout 1998) representerer eit brot med tradisjonell utviklingspsykologi. Forskinga etter 2000 har såleis gitt ny kunnskap om at barn og unge har sin eigen agenda, og at dei er sjølvstendig sosial aktørar som påverkar sine omgjevnader på ulike måtar.

## **2.5 Foreldreautoritet som del av parenthood i dag – forventning om ansvarsfull omsorgsutøving**

I eit sosialkonstruksjonistisk perspektiv blir foreldreskap, til liks med omgrepa barndom, familie og barneoppfostring sett som sosiale, kulturelle konstruksjonar situerte i tid og rom (Arendell 1997; Hennem 2002; James, Jenks og Prout 1998). Kvello (2007) viser til at barns oppvekst blir prega av den sosiale klassen dei tilhøyrrer, til dømes når det gjeld prestisje, status, makt og økonomi. Arendell (1997) seier at foreldre utøver foreldreskap overfor barn i ein gitt historisk, sosial, økonomisk og kulturell kontekst, og at konteksten varierer i tid og rom. Ovannemnde forfattarar ser foreldrerolla, foreldreskap, barn, barndom og kunnskap som sosiale og kulturelle konstruksjonar som endrar seg over tid. Parenthood er i dette perspektivet ingen universell konstant.

Verdiar i oppsedinga, syn på individet, reglar for oppseding, forhold mellom kjønna, syn på sanksjonar og autoritetar kan også variere i kulturar som lever side om side. Noreg er i dag ein pluralistisk og fleirkulturell nasjon, der etniske minoritetsfamiliar med kollektivistisk livssyn lever saman med etnisk norske familiar, som gjerne representerer eit meir individualistisk livssyn (Skytte 2008). Trass denne utviklinga, er vestens middelklasseverdiar (Bø & Olsen 2008 ; Hennem 2002) likevel teoretisk rådande innanfor dei fleste forskings- og verksemdsområda som har med barn, familie og foreldreskap å gjere. Foreldreskap (Hennem 2002) er eit omgrep som også i dag viser til ei familieeining som gjerne består av mor og far i samspel med barn. Som referanse for familieeining i dagens faktiske mangfaldige samfunn har eg nytta Arendell (1997 s 7) si tilnærming til omgrepet familie:

” The family is where children form primary attachments and develop their identities and social selves”.

Arendell (1997) sin definisjonen bygger på teoriar til forfattarar (Bowlby 1969; Bretherton 1963; Epstein 1991) som ser familiens funksjonar som utvikling av tilknytnad, identitet og det



sosiale sjølv. Arendell (1997) ser som Kvello (2007) familien som ei subjektivt erfart eining, og framhevar det sosiale perspektivet på kostnad av det biologiske.

Relasjonen mellom foreldre og barn består mellom anna av foreldrerolla og barnerolla. Desse rollene er komplementære og gjensidig avhengige av kvarandre. Avhengigheita kan ha ein praktisk, juridisk og emosjonell dimensjon. Når det gjeld autoritetsrelasjonen mellom barn og foreldre i ein familie kan denne skildrast som

”et følelsmessig bånd mellom to mennesker, en voksen og et barn eller en ungdom, som er basert på kjennskap til hverandre og erfaringer man har hatt med hverandre” (Hennum 2002 s 234).

Foreldreskap i Norge er i dag organisert slik at det er biologisk mor og far som har hovudansvaret for barna. At barn som hovudregel skal vekse opp med sine biologiske foreldre står politisk, kulturelt og juridisk sterkt i Norge (Hennum 2002; Stortingsmelding nr 40, 2001-2002). Den offentlege barnevernstenesta satsar i dag på hjelpetiltak for å bevare familien som oppveksteining for risikoutsette barn, framfor å institusjonalisere barn og unge (Stortingsmelding nr 40, 2001 – 2002 ; Schjelderup, Omre og Marthinsen 2005). Parallellt med satsing på utvikling av offentlege omsorgstenester i tråd med det biologiske prinsippet, har som nemnt synet på barn og barndom siste tiåra vore i endring. Barnet blir no sett som ein kompetent sosial aktør med sine eigne juridiske rettar i familien og samfunnet, og som ein sosial aktør som har rett til å bli sett og høyrte (James, Jenks og Prout 1998; Bø og Olsen 2008). Det endra barnesyntet medfører endringar i synet på foreldreskap og forventningar til foreldrerolla. Omgrepet foreldreansvar har blitt løfta fram og innført som omgrep i Lov om barn og foreldre (1981). Overgang frå å bruke omgrepet foreldremynde til foreldreansvar forsterka forventningane om foreldras ansvar, auka fokuset på barnets rettar og mynde som handlande subjekt, og reduserte foreldras mynde og handlekraft overfor barna når det gjeld å påverke og bestemme over dei (Hennum 2002; Bø og Olsen 2008). Foreldre i dag har plikter og koordinasjonsansvar på alle barnas arenaer. Foreldras formelle makt er likevel innskrenka, ansvaret går meir på å koordinere og følgje opp barnas deltaking i pålagde og friviljuge arenaer som til dømes på skule og barnehage. Det offentlege engasjementet i den før så private familiesfæren har på den andre sida auka (Bø & Olsen 2008). I tillegg til å sjå dette som ei styrking av barnet si stilling som subjekt, til dømes når det gjeld å kunne ta beslutningar om personlege forhold på kostnad av foreldras mynde, og som ei presisering av foreldras ansvar som foreldre, kan endringane sjåast som ei overføring av foreldreautoritet til

staten eller det offentlege (Bø & Olsen 2008; Hennem 2002). Rettsutviklinga legg stendig meir vekt på plikter og ansvar når det gjeld foreldre, og rettar som rettssubjekt når det gjeld barn (Bø & Olsen 2008). Det er likevel ei dominerande forventning i samfunnet om at foreldre skal utøve forsvarleg omsorg overfor barna sine med legitim autoritet (Lindboe 2003). Når det gjeld foreldres omsorgsansvar, seier Skytte (2008) at det er umogleg å sette opp spesifikke krav til forsvarleg omsorg for barn som er gyldige uansett sosial og kulturell kontekst. Per Nygren (1995) har likevel freista å skildre barn sine generelle omsorgsbehov, og han har gitt føringar for kva forventningar det kan stillast til foreldre i dagens komplekse og dynamiske samfunn når det gjeld ansvarsfull omsorgsutøving. Oppfatningar om korleis behova best skal stettast vil likevel framleis kunne variere frå ein sosial og kulturell samanheng til ein annan, sjølv om barnas behov her er beskrivne som tilnærma universelle.

Per Nygren (2002) deler barn sine omsorgsbehov i dei tre kategoriane behovsomsorg, utviklingsomsorg og oppsedingsomsorg. Når det gjeld forventningar til foreldre som omsorgsfulle autoritetar, finn eg kategorien barns oppsedingsbehov særleg relevant. Målsettinga med å utøve oppsedingsomsorg er å bidra til at barnet klarer å støtte eigne vesentlege og sosialt akseptable behov på sosialt akseptable måtar, slik at barnet blir i stand til å realisere eit meningsfullt liv i eit bestemt samfunn i ein bestemt kultur. Oppsedingsomsorga er den vaksnes bidrag til barnets sosiale integrering i samfunnet. Skytte (2008) beskriv barnets vaksne sine oppgåver her som å utfordre og grensesette barnet. I denne typen omsorg står formidling av verdiar, normer og kanskje heile ideologiar i fokus. Slik eg ser det, er foreldres ansvar for oppsedingsomsorg (Nygren 2002; Skytte 2008) noko som ligg nær opp til det Hennem (2002) beskriv som omsorgsfull autoritet, og det Baumrind (1971) skildrar som ein autoritativ foreldrestil med høg grad av varme og kontroll. Sommer (1996) sine skildringar av forhandlingsfamilien i det vestlege industrisamfunnet gir også eit bilete av at familien er i samspel med samfunnet rundt seg. Familieeininga sin aktuelle kontekst har såleis betydning for det som føregår i familien og påverkar korleis barnas oppsedingsbehov blir stetta.

Arendell (1997) skildrar autoritet som utøving av multifasettert foreldreskap, kjenneteikna av høg grad av varme og aksept, høg grad av psykologisk autonomi og demokrati, og høg grad av åtferdskontroll over barna. Arendell (1997) beskriv foreldre med autoritet som foreldre som viser interesse for å oppdra barna sine. Dei oppfattar seg sjølve som forplikta og kompetente foreldre. Dei er positive, kontrollerande, krevande, varme, mottaklege og rasjonelle i si samhandling med barna sine (ibid).

## 2.6 Meir om diskursen rundt foreldreautoritet i Norge

Hennum (2002) beskriv i si avhandling *"Kjærlighetens og autoritetens kulturelle koder. Om å være mor og far for norsk ungdom"* at det er kjærleik og autoritet som er dei dominerande kjenneteikna når det gjeld oppseding av norske barn og ungdommar. Hennum (2002) beskriv omgrepa kjærleik og autoritet er i tråd med Baumrind (1971) sin modell om foreldrestilar og dimensjonane varme og kontroll. Kjærleik og autoritet vert i litteraturen sett som to sentrale utviklings- og omsorgsbehov som barn har krav på å få dekt i familien (Arendell 1997; Baumrind 1971; Hennum 2002, Skytte 2008). Foreldres kjærleiks- og autoritetsarbeid er uttrykt både som kulturelle forventningar knytt til foreldrerolla (parenthood), og praktiske oppgåver knytt til foreldrerolla (parenting). Sommer (1997) viser til forhandlingsfamilien i det seinmoderne, vestlege industrialiserte samfunnet, der det blir forhandla om autoritet i familien (Rudolph & Rudolph 1980, Steinsholt 1983). Gulbransen (2008 s 246) seier om forhandlingsfamilien at "karakteristisk er det at de voksne legger vekt på forklaringer, begrunnelser, argumenter og meningsutvekslinger i samspillet med ungene sine". Gulbransen (2008) hevdar at utøving av omsorgsfull autoritet i forhandlingsfamilien representerer eit fagleg og ideologisk brot med ei autoritær familieform. Denne var kjenneteikna av at foreldra, og særleg far, bestemte, og barna gjorde som dei fekk beskjed om. Samfunnets forventningar til farsrolla er dei siste tiåra endra. I den pågåande offentlege diskursen er det uttrykt forventningar om ei ny farsrolle der far utøver meir ansvar for foreldreskapen, omsorga og oppsedinga av sine barn. Det er forventningar om ein far som tileignar seg kunnskap og ferdigheiter som gjer han til ein nær og kompetent forelder i tett samspel med barna sine (Bø & Olsen 2008). Utøving av denne farsrolla krev engasjement, tid og ferdigheiter, til dømes når det gjeld å innhente kunnskap om barna sine og å kommunisere med dei. Statlege tiltak som innføring av farskvote på fødselpermisjon er statlege tiltak i retning av å realisere ei slik farsrolle i praksis.

Hennum (2002) viser at foreldreautoritet og mangel på dette har vore eit tema i den offentlege diskursen rundt oppseding i Norge. Hennum (2002) seier at den vitskaplege diskursen har vist til at endringar i kjønnsroller, auke i antall samlivsbrot og endringar i familiestrukturen er forhold som heng saman med kvifor foreldreautoritetsutøving har blitt ei utfordring for foreldre og ei bekymring for det offentlege. Fråveret av foreldreautoritet blir i den offentlege diskursen skildra som at foreldre unndrar seg foreldreautoritet og sviktar i grensesettinga av barna sine. Diskusjonen fokuserer på at foreldre i dag har fått redusert mynde til å utøve

autoritet overfor barna sine, samstundes som det postmoderne samfunnet er i hurtig endring og jamnleg byr på stendig nye utfordringar til foreldre (Hennum 2002). Arendell (1997) seier at eit stort dilemma for foreldre i dag er å behalde autoritet og kontroll over barna sine, samstundes som dei skal legge til rette for at barna utviklar seg til sjølvstendige og autonome sosiale aktørar. Foreldres grensesetting og monitorering av sine barn og unge i familiesettingen er eit tema det trengst stendig meir forskning på (Hennum 2002).

## **2.7 Hennums analyser av autoritetsrelasjonar i familien**

Hennum (2002) har forska på korleis fedrar og mødrer er foreldre til norsk ungdom i avhandlinga *”Kjærlichetens og autoritetens kulturelle koder. Om å være mor og far for norsk ungdom”*. Eg vil her presentere hennar skildringar av foreldreautoritetsrelasjonen i familien.

### **2.7.1 Posisjonsbasert og kompetansebasert autoritet som ein relasjonell kvalitet i forholdet mellom foreldre og barn**

Hennum (2002) sitt arbeid bryt med førestillinga om at foreldre forsvinn ut av fokus når barn blir ungdom. Hennar avhandling set fokus på foreldre som aktørar og subjekt i barnas liv, på lik line med barna som aktørar og subjekt i foreldras liv. Ho beskriv ei teoretisk semje om autoritet som noko ynskjeleg og naudsynt i eit samfunn, der autoritetsutøving er ei målretta verksemd utøvt til det felles beste. Målet å skape orden og samhald i eit samfunn gjennom etablering av normer som skal påverke åtferd. Hennum (2002) seier at autoritetsrelasjonar føreset eit slags medvit om at kunnskap, innsikt og visdom er ulikt fordelt, noko som igjen føreset ein sosialt anerkjent hierarkisk orden.

Hennum (2002) seier at ein omsorgsfull autoritetsrelasjon er kjenneteikna av at foreldre viser at dei har forstått barnas behov. Foreldra må vise barna at dei har meir kunnskap, innsikt og visdom enn barna sine. Dei må overtude barna om at dei som foreldre har det som trengst for å kunne stette behova deira. Først når barna anerkjenner denne hierarkiske strukturen, oppstår ein autoritetsrelasjon mellom foreldre og barn, seier Hennum (2002). Autoritet etablerer såleis eit band mellom foreldre og barn i ulike posisjonar, slik at autoritet først og fremst kan betraktast som ein relasjon, heller enn ein eigenskap ved foreldra.

Hennum (2002) skil mellom to typar foreldreautoritet. Den første kallar ho posisjonsbasert autoritet. Dette er autoritet knytta til den rolla foreldre har som mor eller far til barnet, og foreldreautoriteten er legitimert nettopp ut frå den posisjonen dei har som foreldre overfor barnet. Den andre typen autoritet kallar Hennem (2002) kompetansebasert foreldreautoritet. Denne skildrar ho som ein autoritet som foreldre kontinuerleg må forhandle med barna sine om, ein autoritet som foreldre må gjere seg fortent til gjennom samhandling med barna, og stendig vise seg verdige til å inneha overfor dei. Hennem (2002) seier at kompetansebasert autoritet hos foreldre stiller krav om relasjonell kompetanse når det gjeld formidling av kjensler mellom foreldre og barn. Kompetansebasert autoritet føreset at foreldre har evner og ferdigheiter til å kunne forhandle med barna. Dette ser ho som ferdigheiter som historisk sett er knytt til kvinnerolla, og som ho difor tenker kan utfordre farsrolla si tradisjonelle utøving av posisjonsbasert autoritet. Hennem (2002) beskriv ei endring i samfunnet og i familien frå posisjonsbasert til kompetansebasert autoritet. Det vil seie frå å vere far og mor i posisjon med autoritet, til eit større fokus på at far og mor i praksis utviser kompetanse i ulike situasjonar og kontekstar som etablerer og vedlikeheld kompetansebasert autoritet.

### **2.7.2 Autoritetspraksis i familien som plikter og grenser**

Hennem (2002) skildrar foreldres autoritetspraksis i norske familiar når det gjeld plikter og grenser. Å sette og handheve grenser og å få barna til å overhalde grensene er tydelege teikn på foreldres autoritet i familien, seier Hennem (2002).

Plikter er arbeidsoppgåver som foreldre meiner må gjerast for at dagleglivet skal fungere. Det er praktiske oppgåver som tilhøyrrer den private familiesfæren og som er unntatt offentleg regulering og kontroll.

Grenser er foreldras positive eller negative sanksjonering av barnas handlingar vurdert opp mot det som vert oppfatta som gjeldande sosiale normer i samfunnet. Når foreldra grenseset, vel dei mellom verdiar og normer som er meir offentlege og ikkje så private som plikter, seier Hennem (2002).

Hennem (2002) tar i sitt arbeid eit kjønnspektiv på foreldres autoritetspraksis. Ho siterer i den samanhengen Lincoln (1994) som seier at kjønn verkar inn på korvidt mor blir legitimert som autoritet eller ikkje. Hennem (2002) hevdar at mødrer har større vanskar enn fedrar når

det gjeld å bli legitimerte som autoritetsutøvarar. Hennums analyser viser at mor sin autoritet ikkje blir anerkjent på same måte som far sin autoritet, og at morsautoritet nærmast er fråverande, er mindre verdt og har svakt legitimeringsgrunnlag når barna blir ungdommar. Mor oppnår autoritet i ungdomstida ved å bruke makt, noko som gjer henne autoritær og ikkje til ei mor med autoritet, seier Hennem (2002).

Når det gjeld foreldreskap, beskriv Hennem (2002) i si forskning foreldreskap som kjønna. Det vil seie at moderskap og faderskap er ulike sosiale konstruksjonar med ulike forventningar når det gjeld foreldreskap knytt til seg, og at desse forventningane utspeler seg i familiens kvardagsliv som kjønna praksis.

Hennem (2002) legg i sitt arbeid hovudvekt på å skildre skilnader som følger av kjønna foreldrepraksis. Ho viser likevel til La Rossa (1997) sitt alternative perspektiv, som fokuserer på det som er felles i mor og far si utøving av foreldreskap. Det som er felles er at både mor og far utøver omsorg overfor barn. Hennem (2002) seier at kjernefamilien i Norge står sterkt som ideologisk kode når det gjeld parenthood. Nyare litteratur (Olsen og Bø 2008) hevdar at det i dag er foreldreskapet meir enn ekteskap og parforhold som skaper familien i Norge. Stefansen (2008) beskriv fenomenet avkjønna foreldreskap i middelklassen, der barnet i dagens familie vert utsett for engasjement og monitorerande blick frå både mor og far på alle dei arenaene barnet opptre på. Ei mogleg tolkning av slik avkjønna foreldreskap er utvikling av foreldrepraksis i retning meir intenst, kontrollert og vaksenstyrt kvardagsliv for barnet, seier Stefansen (2008).

## KAPITTEL 3. METODISK TILNÆRMING

I dette kapitlet gjer eg greie for mi forskingsmetodiske tilnærming. Eg reflekterer først over ulike vitskapsfilosofiske verdssyn. Deretter gjer eg greie for alternativa kvalitativ og kvantitativ tilnærming, og eg begrunnar valet av kvalitativt forskningsdesign og metode ut frå Zina (2004) sine tre krav til metodologisk design. Korleis utvalet er sett saman og rekruttert og utfordringar i høve dette blir skildra og drøfta, samt kva eiga forforståing reint konkret har betydd i arbeidet. Eg beskriv korleis data vart samla inn, bearbeidd og analysert, og viser her til vedlagde intervjuguide, informasjonsskriv, samtykkeerklæring og tilsagn frå NSD<sup>3</sup>. I analysen brukte eg systematisk tekstkondensering som metode (Malterud 2003). Eg vel å beskrive denne prosessen på ein detaljert og transparent måte, for å sikre innsyn og etterprøvbarheit. Kapitlet vert avrunda med nokre forskningsetiske betraktningar, hovudsakleg knytt opp til utvalet.

### 3.1 Grunngeving for val av kvalitativ tilnærming

#### 3.1.1 Vitskapsfilosofisk verdssyn og forskning - refleksjon

Innanfor samfunnsvitskapleg forskning er det ein pågåande diskusjon om kva som er røyndom og kva som er vitskapleg kunnskap (Creswell 2007; Kvale 2001). Kvalitativ og kvantitativ metodisk tilnærming har i denne diskusjonen blitt sett opp mot kvarandre som to motpoler på ein skala, i tråd med ulike filosofiar og vitskaplege verdssyn. Eine ytterpunktet på denne skalaen er positivistisk filosofi, som beskriv at det finst ein røyndom og ei substansiell meining som kan kvanitiferast gjennom telling og måling. Forskaren spelar her ei objektiv og nøytral rolle i kunnskapsproduksjonen, og kunnskapen kan generaliserast og gjerast

---

<sup>3</sup>

Vedlagt oppgåva er vedlagt fire dokument som viser korleis eg har gått fram når det gjeld innsamling og oppbevaring av persondata. Dokumenta vart utarbeidd for å ivareta etiske omsyn som gjeld korleis informere informantane, sikre informert samtykke, friviljugheit og det å ivareta informantane sin konfidensialitet. Forskningsprosjektet vart meldt til Norsk samfunnsvitenskaplig datatjeneste, personvernombudet for forskning (NSD) og gjennomført i tråd med forskningsetiske retningsliner for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi (NESH 2006) Dei fire vedlegga er: 1.Førespurnad om å delta i forskningsprosjekt og informasjonsskriv 2. Samtykkerklæring 3.Intervjuguide 4. Kopi av tilsagn frå NDS på melding om behandling av personopplysningar.

almennyldig (Kvale 2001). Forskaren med eit slikt moderne, positivistisk perspektiv søker likskapar (Lundby 1998), og ho arbeider metodisk for å oppdage universelt brukte fortolkningar som blir sett som sanne.

Andre perspektiv innanfor samfunnsvitskapleg forskning kan vere dominert av meir pragmatiske verdssyn, der forskaren går ut frå at det kan finnast mange røyndomar og meiningar, avhengig av den aktuelle konteksten. Slike tilnærmingar vil opne opp for å sjå kvalitetar som mangfald, ulikskapar og kontrastar i datamaterialet. Ei fenomenologisk tilnærming tar til dømes utgangspunkt i menneskets subjektive opplevingar (Thaagard 2003; Malterud 2003), og målet med ein slik studie er å oppnå forståing av den djupare meininga i enkeltpersonars erfaringar. Eit fenomenologisk perspektiv ser røyndomen slik mennesket oppfattar at han er, og at fenomen i verda kan ha ulik betydning for ulike menneske.

Menneskets subjektive erfaring vert i ei slik tilnærming rekna som gyldig kunnskap (Malterud 2003). Fenomenologi er såleis kunnskap om menneskleg erfaring, der forskaren vil utforske meningsinnhaldet i sosiale fenomen erfart av dei involverte i deira naturlege kontekst.

Typiske spørsmål i ein slik studie vil vere kva og korleis fenomenet blir erfart.

Kunnskapsinteressen består i å fange opp og beskrive, analysere og tolke ulike måtar som menneske oppfattar og erfarer fenomen i si verd på (Malterud 2003).

Med det positivistiske perspektivet som eine ytterpunktet på skalaen, beskriv Thagaard (2003) det sosialkonstruksjonistiske perspektivet som det andre ytterpunktet. Creswell (2007) hevdar at ein forskar med dette verdssynet ser mennesket som eit subjekt som søker forståing i verda det lever i. Mennesket utviklar subjektive meiningar om sine erfaringar i verda, og dei varierte meiningane har rom for nyansar, ulikskapar og paradoks. Fokuset er mangfaldet i meiningar, heller enn avgrensingar i få kategoriar og idear (Creswell 2007). Forsking i eit sosialkonstruksjonistisk verdssyn lener seg så mykje som råd til deltakarane sitt syn på situasjonen. Dei subjektive meiningane vert forhandla fram i ein gitt sosial og kulturell setting over tid, gjennom sosial språkleg interaksjon mellom menneske. Forskaren si oppgåve i dette perspektivet er å skape meining, eller å tolke meiningane andre har om verda (Creswell 2007; Moustakas 1994). Mennesket sine beskrivingar av egne erfaringar og perspektiv står såleis sentralt. Røyndom og meining blir sett som sosiale konstruksjonar som blir skapt i sosiale relasjonar. Subjektiv erfaring er sentralt i produksjon av kunnskap i det sosialkonstruksjonistiske perspektivet. Desse erfaringane vert sett som medvitne, og forskaren freister å skildre essensen i desse. Målet er ikkje å produsere kunnskap som er endeleg og universell, men å opne opp for og verdsette skilnader (Lundby 1998). Forskaren sjølv og



hennar tilnæringsmåte påverkar kunnskapsproduksjonen, noko som står i motsetnad til det positivistiske moderne verdssynet, der forskaren vert sett som objektiv og nøytral.

Når det gjeld forskarens forforståing og tolking, blir dette i den hermeneutiske tradisjonen sett som naudsynt for å oppnå forståing (Gilje & Grimen 1993). Hermeneutikk er ei fortolkningslære som handlar om forståing og mening. Den hermeneutiske sirkel er ein modell for korleis tolking og fortolking av ein tekst går føre seg (Giljen & Grimen 1993). Sirkelen illustrerer samanhengen mellom det som skal fortolkast og konteksten det skal fortolkast i, og mellom det forskaren skal fortolke og forskarens forforståing. Korleis heilskapen skal fortolkast avheng av fortolkinga av delane, og korleis delane skal fortolkast, avheng av heilskapen.

Utan forforståing ville det vere uråd å vite kvar merksemda skal rettast, og undersøkinga ville følgeleg mangle retning. Kvale (2001) seier at forskaren blir medprodusent av den endelege teksten. Tronvoll (2004) viser til Thorsens omgrep ”det felles meningsberande prosjekt”, der forskar og informant freistar å skape gyldig mening for begge partar i ein felles konstruert røyndom. Kunnskapsproduksjonen kjem frå både informantanes egne erfaringar, men også frå intervjukonteksten, der forskaren spelar ei rolle. Konteksten blir her sett som viktig for å forstå eit fenomen. Gilje og Grimen (1993) seier om meiningfulle fenomen at dei må fortolkast i sin kontekst for å kunne bli forstått.

Forskingsspørsmålet mitt er utforma slik at det fokuserer på ulike individ sine personlege kvardagserfaringar med fenomenet foreldreautoritet. Johannesen, Tufte & Kristoffersen (2006 s 41) seier om den sosiale røyndomen at ”den består av en uendelighet av gjenstander, mennesker, samhandlingar, erfaringar og fortolkingar”. Når utgangspunktet er å lære meir om informantane sine personlege, subjektive erfaringar med utfordrande foreldreskap og utøving av foreldreautoritet, så forventar eg difor å finne ulikskapar og variasjonar i informantane sine beskrivingar av sine erfaringar, då den sosiale røyndomen kan skildrast som kompleks og variert.

### **3.1.2 Val av kvalitativt metodologisk design - grunngjeving**

Zina (2004) stiller tre krav til metodologisk design. Det første kravet er at designet må relatere seg til forskingsspørsmålet på ein rasjonell måte, slik at det er ein fornuftig samheng mellom problemstilling og det metodologiske designet. Kravet inneber å reflektere over

utforming av problemstilling, kva eksakt det er som skal undersøkast, og kva kvalitetar dataen skal ha. Til dømes om dataen skal beskrive eller kvantifisere det eg undersøker.

Forskingsspørsmålet styrer fokus og metodiske val når det gjeld designet. Det er då viktig å vurdere korleis forkingsspørsmålet er linka til ulike metodologiske tilnærmingar. Kvalitativ og kvantitativ tilnærming kan utfylle kvarandre, alt etter kva kunnskapssyn som ligg til grunn og kva som er målet for kunnskapsproduksjonen. Johannesen, Tufte & Kristoffersen (2006) seier at omgrepa kvalitativ og kvantitativ tilnærming i forking viser til spesielle eigenskapar ved data som skal innsamlast, og korleis desse skal kategoriserast. Dei (2006) seier at data er avhengig av forskarens fokus og forforståing, og peikar på at data er noko som blir skapt og utgjer bindelekkjen mellom røyndomen og analysen av røyndomen. Omgrepet kvalitativ viser til eigenskapar ved fenomenet, og omgrepet kvantitativ viser til mengde eller antal. Der er visse skilnader når det gjeld kvalitativ og kvantitativ metode når det gjeld innsamling og analyse av data, men det vesentlege skiljet mellom dei to metodetradisjonane går i følgje Johannesen, Tufte & Kristoffersen (2006) på kva type data og kva framgangsmåtar som er mest føremålstenelege for å få svar på forkingsspørsmålet.

Mitt forkingsspørsmål søker skildringar av foreldres levde erfaringar med fenomenet foreldreautoritet, og målet er analysar som gir ny forståing og innsikt i form av nye beskrivingar av fenomenet.

Det andre kravet til metodologisk design (Zina 2004) er at det må det vere ein link mellom forskaren sjølv og det metodologiske designet, slik at forskarens interesse samsvarer med dei ferdigheitene og stega som må gjerast for gjennomføre planen. Mi forkingssinteresse og mine ferdigheiter samsvarer med ei kvalitativ tilnærming, der eg på ein djuptgåande måte kan forske i relativt små utval, valt ut frå føremålet om at informantane skal kunne bidra med rik nok informasjon til å kunne belyse forkingsspørsmålet. Målet mitt er såleis rike, djupe og varierte skildringar av fenomenet foreldreautoritet. Måler er såleis ikkje å produsere generaliserbar kunnskap frå store tilfeldige utval.

Det tredje kravet til forkingssdesignet er at planen må vere realistisk og praktisk gjennomførbar (Zina 2004). Ramma her er ei masteroppgåve, der eg skal trene forskarferdigheiter og øve på forskarhandtverket. Planen og designet må vere realistisk og gjennomførbart i høve avgrensa tid, avgrensa tilgang på informantar og avgrensa økonomiske ressursar.

Ut frå ei samla vurderering av ovannemnde krav, finn eg at eit kvalitativ forskingsdesign er den mest føremålstenleg tilnærminga når det gjeld å få svar på forskings spørsmålet mitt.

### **3.1.3 Refleksjon over eiga forforståing og mogleg betydning for fortolking og forståing av fenomenet foreldreautoritet**

Mennesket forstår alltid noko på grunnlag av visse føresetnader (Gilje og Grimen 1993). Slike fordomar eller forforståing gir idear om kva ein skal sjå og leite etter, og er slik sett ein føresetnad for i det heile tatt å forstå. Forforståing kan handle om språk, omgrep, trusoppfatning og individuelle, personlege erfaringar. Epoche (Fog 2004) er prosessen med å sette til sides og skape rom, slik at ting, hendingar og menneske kan entre medvitnet som om det var for første gang.

”In the Epoche, we set aside our prejudegments, biases and preconceived ideas about things. We invalidate, inhibit and disqualify all commitments with reference to previous knowledge and experience”. (Moustakas 1994 s 85)

Malterud (2003) legg vekt på same medvitgjeringprosessen, men seier om epoche at det eigentleg er eit uopnåeleg mål. Forskaren må likevel utøve refleksjon over eiga rolle i høve kunnskapsproduksjonen:

”Vi påtar oss derfor ansvaret for å ha et reflektert forhold til vår egen innflytelse på materialet, slik at vi best mulig lojalt kan gjenfortelle informantenes erfaringer og meningsinnhold, uten å legge våre egne tolkninger som fasit (Malterud 2003 s 99).

Det personlege engasjementet og røynsla som MST- terapeut har påverka mine val av forskningstema, val av litteratur, utforming av intervjuguide og valet av foreldre i utfordrande foreldreskap i familiesetting som informantar. Det har også påverka meg i høve kva og korleis eg tenker om prosessane som føregår i denne relasjonen. I arbeidet mitt som terapeut har eg sett at mange årsaker til barnas problem ligg utanfor barnet sjølv, og at verdfulle ressursar til positiv endring kan aktiverast i foreldresystemet og i miljøa rundt barnet.

Nyare teori og forskning ser barnet som ein sosial aktør med sin eigen agenda som påverkar omgjevnadene sine. Synet på foreldre - barn - relasjonen har sidan tusenårskiftet blitt sett som ein gjensidig prosess i litteratur og forskning, der barnet påverkar foreldra i like stor grad som foreldre påverkar barnet. Mine litteratursøk og gjennomgang av nyare teori og forskning førte til ei openberring når det gjeld relasjonen foreldre og barn. Som MST-terapeut hadde eg

hovudsakleg arbeidd med dei vaksne, og sett foreldreskap som ein noko meir eindimensjonal prosess. Barnet som sosial aktør blei mindre synleg i dette arbeidet, der fokuset var å styrke foreldra i deira utøving av foreldrerolla. Eg har nok endra syn undervegs, frå å sjå relasjonen foreldre – barn som i stor grad hierarkisk og foreldrestyrt, til meir å sjå samspelet mellom foreldre og barn som gjensidig avhengig av kvarandre, i ein meir symmetrisk fundert relasjon. Det vil seie at barnet på eit meir likeverdige nivå med foreldra er ein sosial aktør med stor kompetanse på eigen person og situasjon, men som likevel har stor trong for vern og omsorg frå sine foreldre.

Som MST terapeut har eg arbeidd etter ein manualstyrt metode basert på eit positivistisk vitenskapssyn. Arbeidet var meint å vere intenst og tidsavgrensa. Som terapeut var eg definert inn i ei ekspertrolle, opplært i ein evidensbasert metode i uttalt behavioristisk tradisjon, der mange svar var gitt på førehand. I denne oppgåva skulle eg fri meg frå forforståing av eit tema som var kjent for meg profesjonelt og nært privat. Eg skulle gå inn i ei heilt ny forskarrolle. Eg var redd for å ikkje vere open og undrande nok, at eg skulle kome i skade for å fortolke, trekke konklusjonar for fort og ikkje lytte aktivt og ope nok. For å verkeleg få tak i informantane si stemme bestemte eg meg for å skrive ut intervjuet umiddelbart, og gjere det så nøyaktig som mogleg. Det vil seie ordrett utskrift på dialekt, der alt frå pauser og latter var med. Målet var å få tak i nøyaktig kva informantane sa, korleis dei sa det, og gjengi dette så presist som råd. Det vart også ei meningsfull erfaring å ta vekk mi eiga stemme frå transkripsjonane og berre lese det informantane sa. Eg erfarte då at informantane hadde sin subjektive røyndom uavhengig av min, at informantane og eg var åtskilte kategoriar. Dei bar fram sine eigne, personlege erfaringar og meiningar. Å gjere dette grepet tenkte eg var viktig for verkeleg å sjå, lytte og utforske på ein friast mogleg måte. Grepet auka mi forståing av at informanten hadde sitt eige perspektiv, si eiga medvitne meining og sin unike erfaring, som han og ho prøvde å dele med meg. Eg tenker likevel at eg som forskar er medprodusent av kunnskapen som del av informantens setting (Malterud 2003).

### **3.2. Informantane**

I dette prosjektet ynskjer eg informasjon frå foreldre som står i utfordrande foreldreskap med barn som bur heime, som har hjelpetiltak etter barnevernlova. Dette er foreldre eg tenker kan gi verdfull og opplysende informasjon om temaet foreldreautoritet. Då utvalet viste seg å

ikkje bli stort nok med berre tre familiar etter desse kjenneteikna, supplerte eg utvalet med ytterlegare to familiar. Desse hadde ikkje hjelpetiltak etter barnevernlova, men foreldra erfarte likevel utfordrande foreldreskap, og dei var ikkje for ulike dei tre andre familieane med omsyn til familiestruktur og erfaringar som foreldre.

### **3.2.1 Informantane i utvalet mitt**

Utvalet består av fem familiar (A- E), alle etnisk norske foreldre. Familie A består av mor og far som er gift. Familien har til saman 6 barn, der dei tre yngste er felles biologiske barn. I intervjuet fokuserer denne familien på tenåringsbarna sine. Familie A har hjelpetiltak etter barnevernlova. Familie B består av mor og far som er gift og har tre barn i tenåra. Mor B vart forhindra frå å delta i intervjuet, så det var far B som er informant i denne familien. Familie B har tiltak etter barnevernlova. Familie C består av skild mor med to tenåringsbarn, der barna bur saman med mor C og har samvær med far. Familie C har ikkje barneverntiltak. Familie D består av skild far med to barn i tenåra som bur hos mor, der far D har samvær etter avtale. Familie D har ikkje barneverntiltak. Familie E består av mor E med tre barn, og far E med tre barn. Mor og far E er sambuarar, utan felles biologiske barn. Far E sine biologiske barn bur hos si biologiske mor, men har vanleg samvær hos far E. Mor E sine barn bur i familien, men har samvær med sin biologiske far etter nærare avtaler. Alle barna i familie E er under 10 år, og familien har barneverntiltak. Alle familieane unntatt familie E har barn i tenåra, men i oppgåva bruker eg stort sett omgrepet barn, uavhengig av barnets alder. Utvalet består såleis av 3 mødrer og 3 fedrar, tre familiar har barneverntiltak, og to familiar utan barneverntiltak. Alle familieane i utvalet erfarer utfordrande foreldreskap.

### **3.2.2 Meir om rekrutteringsarbeidet og utfordringar undervegs**

Utvalet vart sett saman ut frå det føremålet at informantane skulle kunne belyse forskingsspørsmålet. Eg ynskte å innhente beskrivande og rik informasjon som gjekk i djupna, heller enn i breidda av fenomenet. Eg ynskte skildringar av variasjonar, ulikskapar og paradoks når det gjeld foreldreskap og utøving av foreldreautoritet. Det var også viktig at informantane i utvalet bidrog med informasjon om kva dei hadde lukkast med, og kva dilemma og utfordringar dei hadde møtt og tilpassa seg i sitt foreldreskap. Eg ville unngå å fokusere berre på problem og på kva dei ikkje strekte til på i familien. Slik sett var

rekrutteringsstrategien i tråd med det Patton (1990; Creswell 2007) kallar å bestemme eit utval etter visse kriterier (criterion sampling). Forskaren vel då informantar etter på førehand bestemte kjenneteikn. Dei endelege kriteria eg sette var erfaring med krevande foreldreskap, balanse mellom fedrar og mødrer, familiar med og utan hjelpetiltak etter barnevernlova og erfaringar med å meistre når det gjeld utøving av foreldreautoritet i familien.

På førehand hadde eg tenkt minimum tre til maksimum fem familiar med barnevernstiltak som høveleg storleik på utvalet. Ein konsulent tilsett i ei kommunal barnevernteneste bistod i rekrutteringsarbeidet. Vedkomande formidla informasjonsskriv med førespurnad om å delta i forskingsprosjektet til familiar etter ovannemnde kriterium og innhenta skriftleg samtykke (Viser til vedlegg 1 og 2).

Rekrutteringsarbeidet gjekk tregare enn forventa. Ikkje alle førespurde familiar takka ja til å delta. Eg sat til slutt igjen med eit utval på tre familiar. Var dette eit stort nok antal til å imøtekome det Creswell (2007 s 126) seier er føremålet med kvalitativ forskning, nemleg å ”elucidate the particular, the specific”? Var utvalet mitt tilstrekkeleg til å kunne belyse forskingsspørsmålet og fenomenet på ein god nok måte? Eg tok bekymringa mi med til veileidar for drøfting, og eg beslutta etter det å supplere utvalet. Fokuset skulle framleis vere på foreldre som står i utfordrande foreldreskap. Ved å inkludere familiar utan tiltak, let det seg gjere å undersøke om utøving av foreldreautoritet er særleg annleis i familiar med barneverntiltak enn i andre familiar som opplever utfordrande foreldreskap. Det let seg også gjere å samanlikne fedrar og mødrer som autoritetsutøvarar. Designet blei såleis endra til eit meir komparativt design, der dei nye familiane utan tiltak kunne bli ei slags kontrastflate å sjå det opprinnelege utvalet mitt opp i mot.

Føremålet med denne reviderte utvalsstrategien var altså å sikre eit større utval familiar, sikre rike skildringar og kaste lys over det spesifikke, for om mogleg samanlikne familiar med og utan barneverntiltak og mødrer og fedrar som autoritetsutøvarar. Dei to sist rekrutterte familiane med ei mor C og ein far D til tenåringar som informantar blei rekruttert via uformelt nettverk, ikkje gjennom barnevernstenesta. Korleis påverkar barna foreldra sine, og korleis påverkar foreldre barna sine i desse ulike familiane, korleis er dette i familiar med og utan tiltak, og korleis erfarer mødrer og fedrar foreldreautoritet vart forskingsspørsmål eg ynskte å belyse nærmare ved hjelp at dette endelege utvalet.

Dei viktigaste avgrensingane eg ser når det gjeld utvalet, er at det likevel er relativt lite i antal familiar. Det var erfaring frå og interesse for barnevernsfeltet som var utgangspunktet for forskingsspørsmålet. Utvalet består av berre tre familiar etter desse opprinnelege kriteria. Det kan hevdast at dette er for lite, at fenomenet ikkje blir belyst godt nok. På den andre sida kan tre familiar gi rik nok informasjon til å kunne oppnå meiningsfull forståing. Avvegingane i høve utvalets storleik var utfordrande. I utvalet med barneverntiltak var det tre fedrar, noko som mogleggjorde utforsking av fedrars erfaringar med utfordrande foreldreskap og autoritet. Dette var interessant ut frå Hennum (2002) sine beskrivingar av foreldrepraksis som ein kjønna aktivitet og fråveret at fars stemmer i familieforsking. Det har som regel vore fokus på mor og barn, fedranes stemme har ikkje kome særleg godt fram. Eg valde å snu denne utfordringa til noko positivt for studien, og satse på eit komparativt design. Der kunne eg undersøke familiar med og utan barnevernstiltak, undersøke mødrer og fedrar sin autoritetspraksis og beskrive likskap og skilnader. Samstundes var familiane utan tiltak ikkje for ulike dei med tiltak. Både far og mor hadde erfart samlivsbrot og utfordringar når det gjeld barnas åtferd i høve dei som foreldre. Familiane utan tiltak framstod såleis ikkje som den stereotype idealvarianten av ein kjernefamilie.

Føremålsretta rekrutteringsstrategi av små utval tilseier at forskaren bør utvise stor varsemd når det gjeld å generalisere informasjon frå utvalet. Sjølv om designet opna for å kunne samanlikne, vil eg også vere varsam med å trekke samanlikningane for langt. Fordelen med utvalet mitt er likevel at alle informantane har gitt djupe, rike skildringar av sin erfarte kvardag når det gjeld utfordrande foreldreskap og utøving av foreldreautoritet. Patton (1990 s 185) seier når det gjeld validitet at

”The validity, meaningfulness, and insights generated from qualitative inquiry have more to do with the information-richness of the cases selected and the observational/analytical capabilities of the researcher than with sample size”.

Informantane i utvalet delte personlege, unike erfaringar frå sitt utfordrande foreldreskap etter desse kjenneteikna, der datamaterialet kan bidra til ny innsikt når det gjeld foreldreautoritet i familien erfart frå foreldres perspektiv.

### **3.3. Datainnsamling: Val av kvalitativt forskningsintervju som metode**

Kvale (2001 s 21) definerer det kvalitative halvstrukturerte livsverdintervjuet som ” et intervju som har som mål å innhente beskrivelser av den intervjuedes livsverden, med henblikk på fortolkning av de beskrevne fenomenene”. Forskingsspørsmålet inviterer foreldre til å dele sine erfaringar med det å utøve foreldreautoritet. Det semistrukturerte intervjuet er føremålstenleg som metode for å innhente slike skildringar (Kvale 2001; Malterud 2003). Metoden er også i tråd med mine interesser og aktuelle ferdigheiter som forskar (Zina 2004).

#### **3.3.1 Utarbeiding av intervjuguiden**

Intervjuguiden (Viser til vedlegg 3) vart utforma med målet å utforske foreldres egne erfaringar i eit meistringsperspektiv, der deira skildringar av sine erfaringar som foreldre kunne kome fram på ein beskrivande måte. Personlege opplysningar som ville krevje godkjenning frå Regional etisk komite (REK) eller som kunne bidra til å identifisere informantane og familien var ikkje ynskjeleg og såleis uaktuelt å innhente. Fokuset var å stille opne spørsmål som inviterte informantane til å skildre sin eigen erfarte situasjon med si eiga stemme. Eg valde vekk bruk av lukka spørsmål som ville krevje ja eller nei, eller svar etter andre på førehand fastlagde svarkategoriar.

Intervjuguiden var delt opp i tema om tankar om det å vere foreldre, utøving av foreldreskap, varme og kommunikasjon og foreldreautoritet. Eg hadde også med nokre spørsmål om korleis dei hadde erfart hjelpetiltaket. Intervjuguidens tema var utvikla etter litteratur eg hadde gjort meg kjend med på førehand, og ut frå erfaringar eg har frå arbeid med familiar (Kvale 2001). Spørsmåla var utforma skriftleg under kvart tema. Eg sikra meg ei god oversikt over intervjuguiden på førehand, slik at eg kunne vere fleksibel i møtet med informantane og følge opp prosessen som oppstod der og då. Møtet med informantane medførte endringar både i spørsmålsrekkefølge, og det genererte nye spørsmål der og då. Informantanes initiativ eller svar vart følgt opp undervegs. Intervjuguiden var såleis ikkje rigid utforma og noko eg måtte følgje på ein absolutt måte, men var meir eit hjelpemiddel for å sikre at ynskta tema blei dekte. I intervju med familiar utan hjelpetiltak hoppa eg over spørsmål som hadde med barnevernstiltak og hjelpeapparatet å gjere. Sentralt i forskingsspørsmålet står omgrepet foreldreautoritet, noko intervjuguiden utforskar konkret i spørsmål 22. I første intervjuet erfarte eg at dette kom for seint, at eg burde opne opp og dele mi forforståing av omgrepet



foreldreautoritet tidlegare med informantane. I neste intervju gjorde eg dette etter at foreldra hadde presentert kven familien deira var. Då delte eg mi forforståing frå teori og forskning med informantane, men opna opp veldig tydeleg for at det var deira personlege og unike erfaringar eg var interessert i å innhente informasjon om. På denne måten reduserte eg risikoen for at foreldra kunne oppleve ein slags kunnskapstest på omgrepet foreldreautoritet. Då eg såg at eg i utvalet frå barnevernet fekk tre fedrar som informantar, nytta eg også høvet til å stille foreldra spørsmål om deira erfaringar med kjønn og kjønns moglege samanheng med autoritetsutøving.

### **3.3.2 Informasjon til deltakarane om forskningsprosjektet**

Den nasjonale forskningsetiske komite for samfunnsvitenskap og humaniora (NESH 2003) har utarbeidd etiske retningsliner når det gjeld forskning. Eit viktig prinsipp er å informere informantane om det som gjeld deira deltaking i forskningsprosjektet på ein forståeleg måte. Som start på intervjuja gjekk eg gjennom innleiinga på intervjuguiden (Viser til vedlegg 3), informasjonsskrivet (Viser til vedlegg 1) og samtykkeerklæringa (Viser til vedlegg 2) som konsulenten i barneverntenesta hadde gjennomgått med informantane i rekrutteringsfasen. Det vart nøye understreka at det var friviljug å delta i prosjektet, at informantane når som helst kunne trekke seg utan å oppgi grunn, og at det ikkje ville medføre konsekvensar for dei i høve barneverntenesta. Eg opplyste informantane om at mi rolle som forskar var fri og uavhengig av barneverntenesta, med teieplikt. Korleis eg ville ivareta konfidensialitet og destruere innsamla informasjon vart også nøye gjennomgått med informantane. Dei blei informert om at prosjektet ville bli offentleg tilgjengeleg i form av ein mastergradsoppgåve. Sjølv om konsulenten ved barneverntenesta hadde innhenta skriftleg samtykke på førehand, sikra eg sjølv munnleg samtykke i mitt møte med informantane.

### **3.3.3 Forskingsetiske omsyn i høve informantane**

Kvale (2001) peikar på tre viktige etiske omsyn når det gjeld å forske på menneske. Det første er å sikre at informantane deltek på eit uavhengig og fritt grunnlag, der dei når som helst kan trekke seg utan å oppgi nokon grunn. Det andre er å sikre anonymitet, slik at informantane sin identitet ikkje blir røpa. Det tredje er å hindre at forskinga på nokon måte kan medføre ulemper for informantane og deira relasjonar. Dette var tre omsyn eg freista å ivareta ved å

melde prosjektet til Norsk Samfunnsvitskapleg Datatjeneste. NSD vurderte både det skriftlege informasjonsskrivet, samtykket og intervjuguiden. Innhenting og oppbevaring av informasjon vart gjort i tråd med deira retningslinjer.

### **3.3.4 Gjennomføring av intervju og anonymisering av materialet**

Intervjua vart gjennomført i perioden januar til mars 2009. Eg møtte foreldra i dei ein skilde familiane ein gong på det tidspunkt og den stad som informantane ville. Intervjua tok i gjennomsnitt opp mot 2 timar. Intervjua vart tatt opp ved hjelp av 2 mp3 spelarar, og transkribert av meg i anonymisert form umiddelbart etterpå. Opptaket på mp3 spelarane og datamaskinen vart sletta, og samtykkeerklæringane med namn og telefonnummer vart makulert. Transkripsjonane av intervjua i anonymisert form er framleis tilgjengeleg.

### **3.3.5 Transkribering**

Intervjua vart transkribert på ein ordrett måte (Malterud 2003). Med ordrett meiner eg å skrive ut alt som blir sagt på aktuelle dialekter, der pauser, latter og liknande vert nedteikna. Prosessen var å lytte gjennom intervjua fleire gongar, skrive og sjekke utskrifta mot opptaket ord for ord. På denne måten fekk eg også god kjennskap til materialet mitt med omsyn til kven som hadde sagt kva i dei ulike intervjua, noko eg erfarte letta det vidare analysearbeidet.

## **3.4. Analyse av data**

### **3.4.1 Val av analysenivå og analysemetode**

Det kvalitative forskingsintervjuet eignar seg til utvikling av kunnskap om kvalitetar, eigenskapar og karaktertrekk ved ulike fenomen. Bruken av forskingsintervjuet skal som regel føre til utvikling av ny kunnskap og leie fram til nye skildringar, nye omgrep eller nye teoretiske modellar, alt etter kva analysenivå forskaren legg seg på. Malterud (2003) seier at forskarens analysenivå skal gjerast eksplisitt for lesaren. I denne oppgåva har eg valt analysenivået skildringar og utvikling av nye omgrep. Analysen skal bygge bru mellom rådata og analyseresultat ved at datamaterialet blir fortolka og samanfatta. Malterud (2003) beskriv

ein tverrgående analysemetode kalla systematisk tekstkondensering i fire steg. I neste avsnitt gjer eg greie for korleis eg analyserte innsamla empiri etter denne metoden. Deretter beskriv eg korleis eg validerer arbeidet og vurderer kvaliteten på det eg har gjort, noko Malterud (2003) beskriv å vere ein del av det systematiske analysearbeidet.

### **3.4.2 – Steg 1: Frå villniss til tema**

På dette første steget gjorde eg meg kjend med materialet ved å lese gjennom transkripsjonane fleire gongar. Eg såg etter tema i teksten som var uavhengig av mi forforståing av foreldreautoritet og teoretiske referanserammer (Malterud 2003). Eg gjorde det datatekniske grepet å fjerne min tekst frå dei transkriberte intervju, og las resten nøye, for å berre høyre informantane sine stemmer. Etter gjennomlesingane skreiv eg ned tema eg intuitivt fann i materialet på eit A4 ark. Deretter laga eg ein matrise av to flipoverark, der eg skreiv inn informantane horisontalt og tema frå teksten vertikalt, og eg las intervju nok ein gang. Eg fann 11 intuitive databaserte tema. Då dette vart litt mange, samt at dei truleg kunne overlappe kvarandre, analyserte eg desse nærmare, og sat til slutt igjen med 8 tema. Dette fann eg å vere eit brukbart utgangspunkt for det vidare analysearbeidet.<sup>4</sup>

### **3.4.3 – Steg 2: Frå tema til koder – meningsberande einingar**

På dette andre steget las eg intervju med mål å organisere den delen av materialet eg ville studere nærmare (Malterud 2003). Eg fann meningsberande element knytt til dei 8 identifiserte tema som fortalde noko om forskings spørsmålet foreldreautoritet. Eg merka meningsberande element i intervjutekstane med nummeret på tema eg hadde identifisert, sidetall og farge på flipoverarka i høve intervju, i tillegg til sitat eller stikkord. Kvart intervju hadde sin fargekode. Eg laga også eit parallellt system på data, der eg sorterte intervjuteksten etter dei 8 identifiserte tema. Undervegs i arbeidet tok eg stilling til fellesskap og skilnader i tema og koder. Dette erfarte eg å vere ein kontinuerleg prosess i heile analysearbeidet. Eg arbeidde fram og tilbake mellom tema, koder og tekst og justerte og raffinerte undervegs.

---

<sup>4</sup> Dei 8 databaserte foreldretema frå analysens trinn 1 var: Foreldredilemma og utfordringar, foreldre-barnrelasjonen, foreldrerolla, kva gjer foreldre for å utøve foreldreautoritet, foreldras handtering av barnas utfordrande åtferd, foreldras syn på og forståing av barnet, hjelpetiltaket og foreldrestøtte.

### **3.4.4 – Steg 3: Kondensering frå kode til meining**

I analysens steg 3 abstraherte eg den kunnskapen som kvar av kodegruppene representerte og henta ut meining på ein systematisk måte. Det eg konkret gjorde var å trekke ut essensen av dei meiningsberande einingane og sorterte desse i høve kodene på nytt. Slik sat eg att med eit dekontekstuert utval av sorterte og meiningsberande einingar (Malterud 2003). Deretter sorterte eg desse i ulike subgrupper, som eg kondenserte og fortetta ved å utvikle kunstige sitat (artefakt) forankra i data (Malterud 2003). Forskingsspørsmålet var heile tida utgangspunkt mitt for å halde fokus og retning, då eg opplevde at informantane hadde mange ulike erfaringar i sine ulike kontekstar. Å fokusere på forskningsspørsmålet hjelpte meg også til å fri meg frå forforståing og teori, slik at analysen blei mest mogleg datastyrt på dette steget. Eg utvikla relativt mange kunstige sitat som eg skreiv ut i eit notat, med henvisningar til kven av informantane dette gjaldt for. Notatet brukte eg som eit hjelpemiddel i det vidare arbeidet. Eg las dei kunstige sitata opp mot intervjutekstane igjen, for å forsikre meg om at dei var forankra og presise nok i høve det informantane hadde sagt i sin intervjukontekst. Der det var naturleg, brukte eg deira ord, men eg valde å skrive desse kunstige sitata ut på nynorsk og ikkje på dialekt. Dette gjorde eg for å anonymisere yttarlegare, men også for å understreke at artefakta var ein slags essens, forankra i informantanes sitat. På den andre side kan det å bruke slik anonymisert kondensering kritiserast, då informantanes autentiske utsegner kjem noko mindre tydeleg fram i materialet. Det heile blir liksom blir baka saman og omsett til skriftspråk, og viktige nyansar gå tapt i presentasjonen av skildringane. Omsynet mellom anonymisering av informantane, autensitet i materialet og det å vere lesarvenleg var viktige avvegingar. Eg valde difor på eit seinare tidspunkt i analysen å tydeleggjere i større grad kven som hadde sagt kva, då eg kjende meg trygg på at informantane sin anonymitet ved hjelp av bokstavkoder var sikra. Truverdigheita på dette steget har eg freista å sikre ved å spørje meg sjølv om informantane ville finne skildringane og artefakta rimelege, og kravet mitt var at eg kunne svare ja på det spørsmålet.

### **3.4.5 – Steg 4: Samanfatte kondensering og utvikle nye skildringar og omgrep**

I analysens fjerde steg sette eg bitane saman igjen, det Malterud (2003) kallar å rekontekstualisere. Eg sorterte skildringane i tre analytiske hovudkategoriar: Relasjonen mellom foreldre og barn, foreldras erfaringar med forventningar til foreldrerolla og korleis

foreldre utøver foreldreautoritet. I den første kategorien skildrar foreldra relasjonen til barna og sine erfaringar med samspelet. I den andre kategorien skildrar foreldra korleis dei har erfart forventningar til foreldrerolla. Den tredje kategorien består av skildringar av korleis foreldra konkret utøver foreldreautoritet. Valet av desse tre analysekategoriane for å ordne og presentere analysen var støtta av litteratursøk som beskriv at dette er sentrale, overordna omgrep når det gjeld foreldreskap (Viser til kapittel 2).

For kvar kodegruppe laga eg ei slags innholdsliste, med mål å utforske kva materialet fortalde om ulike sider ved forskingsspørsmålet. Eg sjekka opp mot materialet at gruppene hadde sterk nok forankring der til å kunne bli med i presentasjonen. Sitata eg utvikla er meint først og fremst som illustrasjonar, men eg fann at intervjuar og det skriftlege materialet var rikt og stod stødig på egne bein. Alle infomantane hadde bidratt med rike, verbale skildringar som eg ville skulle kome tydeleg fram i analysen. Eg gav skildringane ei overskrift som samanfattar innhaldet på ein presis og mest mogleg beskrivande måte. Å utvikle desse overskriftene var ein utfordrande og tidkrevande prosess, som krevde stendig analyse og refleksjon over materialet.

### **3.5. Validering av arbeidet**

I valideringsarbeidet sette eg dei nye innhaldsskildringane opp mot den samanhengen dei var henta ut i frå, det Malterud (2003) kallar å rekontekstualisere resultata opp mot materialet. Eg las både horisontalt og vertikalt. Det første vil seie å vurdere korleis skildringar og omgrep stemmer overeins på tvers av materialet. Deretter las eg det vertikalt for å sjå om skildringar og omgrep stemmer overeins i høve kunnskap om den enkelte informant (Malterud 2003). Til dette arbeidet brukte eg både dei fullstendige transkripsjonane, dei eg hadde redigert til berre informantane sin tekst, og den matrisen eg hadde utvikla over 8 tema. I resultatpresentasjonen valde eg å seie kven og kva kontekst dei aktuelle skildringane gjeld, slik at det skulle kunne bidra til ei meningsfull forståing. Nokre skildringar gjeld alle infomantane, andre skildringar gjeld berre enkelte foreldre. Eg leita etter data som motseier dei analysene eg har gjort, og eg har justert og forfina etter kvart, slik at skildringane skal vere mest mogleg datastyrte (Malterud 2003). Eg freistar å sjå dei nye skildringane opp mot empiri og teori, slik at skildringar av resultat, litteratur og tekst kommuniserer med kvarandre i analysen.

### 3.6. Vurdering av kvaliteten på arbeidet

Malterud (2003) viser til Kvale (2001) som seier at å validere er å stille spørsmål. Også Creswell (2007) framhevar det å stille kritiske spørsmål når han snakkar om valideringstrategiar. Eg har spurt meg sjølv om eg har behandla informantane mine på ein rimeleg og rettferdig måte. Eg har bevega meg mellom intervju (kontekst) og tema, mellom tema og meiningar og tilbake til tekst (kontekst). Eg har kritisk undersøkt om at der er rimeleg samanheng mellom empiri og kontekst og mellom tolking og kontekst. For å sikre at lesaren kan følgje vegen eg har gått, har eg brukt analysemetoden (Malterud 2003) så nøyaktig som mogleg og gjort greie for framgangsmåten overfor lesaren. Sitata er utforma så presise og konsistente som mogleg opp mot meining, og eg har lagt vekt på å la informantane sine stemmer bli høyrte. Dette siste var viktig for å kunne vere ivareta foreldras aktørperspektiv. Eg har tilstreba at mine tolkingar er rimelege i høve det foreldra og eg saman utforska i intervju, slik at forskinga vert truverdig (Thagaard 2003). Dette har eg gjort ved å freiste sette meg inn i informantanes stad og vurdere korvidt informanten ville finne tolkinga rimeleg.

Valet av kvalitiativ tilnærming og bruk av halvstrukturert intervju begrunna eg med at det ville vere ei tilnærming som kunne belyse problemstillinga mi på ein teneleg måte. Kvalitativ tilnærming var også eit interessant og gjennomførbart design for meg personleg, og som også ville ivareta behovet for beskrivande data.

Rekrutteringsarbeidet var utfordrande. Utvalet mitt enda opp annleis enn eg hadde tenkt på førehand, då ikkje alle spurde familiar takka ja til å delta, anten dei hadde barneverntiltak eller ikkje. Å engasjere seg i forskingsarbeid rundt temaet foreldreskap er både sensitivt og personleg. Barnevernsfamiliar har utfordrande dagar som foreldre, der det å delta i eit forskingsprosjekt kan opplevast som ei yttarleg belastning.

Utvalet vart til slutt kjønnsmessig balansert, med tre fedrar og tre mødrer, og det var familiar som representerte ulike samlivsstrukturar i dagens samfunn. Alle opplevde utfordrande foreldreskap. Nokre erfaringar viste seg å vere relativt like for desse fem familiare, men mykje var unikt for den enkelte familie, noko eg på førehand hadde forventning om. Designet vart eit kombinasjonsdesign, der eg kunne samanlikne familiar med og utan barnevernstiltak og kjønn og autoritetsutøving. Samansettinga av utvalet gav meg noko å sjå familiare med barnevernstiltak opp i mot, og gav difor eit høve til å kunne undersøke korleis fenomenet foreldreautoritet er likt og ulikt i familiar med og utan tiltak. At det var tre menn og tre

kvinner i utvalet gav eit høve til å sjå utøving av foreldreautoritet i eit kjønnspektiv, noko Hennum (2002) har beskrive i sitt arbeid som kjønna praksis.

Når det gjeld spørsmålet kva resultata gir gyldig kunnskap om, så er det realistisk å tenke at analysene er gyldige innanfor sin kontekst. Utvalsstrategien og storleiken på utvalet avgrensar høvet til at skildringane kan vere almenngyldige ut over utvalet. Når det gjeld kvalitativ forskning er det ikkje snakk om representative utval, kvantifiserbar data og generaliserbar kunnskap. Malterud (2003) snakkar i staden om overførbarheit i betydning av at skildringane blir delt med andre og kan gi meining ut over seg sjølv.

Min utvalsstrategi var føremålsretta, noko som tyder at "the inquirer selects individuals and sites for study because they can purposefully inform an understanding of the research problem and central phenomenon in the study" (Creswell 2007 s 125). Tanken var å intervjuje familiar som hadde barnevernstiltak, som hadde lukkast med utøving av foreldreautoritet på nokre område, og som hadde erfaringar som var verdt å dele med andre. Vonleg kan resultata mine generere meining ut over utvalet og iverksette refleksjonsprosessar hos lesaren.





## KAPITTEL 4 - RELASJONEN TIL BARNA

Dette kapittelet beskriv analysekategorien kvalitetar ved relasjonen til barna. Teori og empiri beskriv autoritet i familien som kvalitetar ved relasjonen, heller enn kvalitetar ved foreldra. Foreldras erfaringar med det å ha barn, kva som påverkar samspelet i relasjonen, og autoritetsutøving i familiar med og utan tiltak blir beskrive. Far B og far D sine ulike historier med utfordrande foreldreskap når det gjeld dimensjonane kontroll og varme i relasjonen blir presentert. Deira beskrivingar synleggjer ulike utfordringar i både autoritetsarbeid og kjærleiksarbeid, og at dimensjonane autoritet og kjærleik kan bli erfart som same sak i relasjonen til barna, som noko som heng uløyseleg saman med kvarandre og påverkar kvarandre på utfordrande måtar. Far B sin autoritetsrelasjonen til dottera kan på same tid beskrivast som ein kjærleiksrelasjon, og far D sin kjærleiksrelasjon til barna kan beskrivast som ein autoritetsrelasjon.

### 4.1 Det viktigaste i livet

Foreldra i utvalet beskriv relasjonen mellom seg sjølve og barna som det viktigaste i livet. Relasjonen vert opplevt som viktigare enn karriere, sosial status, vener og eventuell ny partner. Ein far i utvalet gjorde det til dømes slutt med sambuaren då forholdet skapte konflikter med barna. Han valde då å oppretthalde relasjonen med barna sine. Ei mor i utvalet seier at for henne er det avgjerande å ha vener som har plass til både henne og barna i venskapsrelasjonen, og ho vel bort vener som ikkje inkluderer borna hennar. Eit anna foreldrepar fortel at dei har endra arbeidstid for å kunne imøtekome eine barnet sitt behov for tett oppfølging om morgonane. Mor arbeider no ettermiddag og kveld. At foreldra i utvalet beskriv relasjonen til barna som det viktigaste i livet og prioriterer barna i fremste rekke, betyr likevel ikkje at andre relasjonar og egne behov ikkje er viktige. Det betyr heller ikkje at foreldra synest det er lett å gjere val, der omsynet til barna skal vegast opp mot egne behov som vaksne. Ei mor sa at det av og til kunne kjennast som eit offer å nedprioritere egne behov og prioritere barna, men at barna og deira behov likevel var viktigast. Relasjonen til barna tek stor plass i foreldras kvardagsliv, og det er ein relasjon dei beskriv skal vare livet ut. Å ivareta den viktige relasjonen til det enkelte barn i familien kan opplevast som krevande:

*”Det kan vere slitsamt å ivareta relasjonen til det enkelte barn til eikvar tid. Barna er ikkje like, dei er på ulike alderstrinn og krev individuell oppfølging frå oss foreldre. Det å ha kunnskap om kva det enkelte barn treng, kan vere vanskeleg å ha oversikt over.”*

Eit anna kjenneteikn ved relasjonen mellom foreldre og barn slik foreldra skildrer han, er at relasjonen strekker seg ut over familiekonteksten. Foreldre er foreldre på mange arenaer. Å ha barn krev planlegging og oppfølging av barna sine aktivitetar på dei ulike arenaene barna deltek på. Foreldra engasjerer seg o tråd med den einskilde familie sine behov og ressursar. Dette kan vere krevande med omsyn til tid og pengar, særleg når familien har stram økonomi i høve fritidsaktivitetar, og barnet har særlege behov som krev ekstra tilrettelegging når det gjeld skule.

Foreldra beskriv relasjonen til barna sine som ein emosjonell relasjon. I botnen ligg ei kjensle av glede. Å ha barn aktiverer imidlertid alle slags kjensler, anten det er glede, sinne eller sorg. Foreldra ser seg sjølve og barna som delar av ein større samanheng, og relasjonen famnar fortid, notid og framtid. Relasjonen berører besteforeldre, foreldre, barn og barnebarn, vener og naboskap, lag og foreiningar og offentlege instansar som barnehage, skule og hjelpeapparat. Det er viktig for foreldra å ta vare på relasjonen til barna sine, slik at han vert opplevt som god og meningsfull både av foreldre og barn:

*”Det ligg ei varm, god, berusande kjensle i botnen med det å ha barn, og det kan vere vanskeleg å sette ord på det meiningfulle og flotte med å følge utviklinga deira. Barna er det viktigaste av alt i livet, viktigare enn både jobb og pengar. Dei er heile tida til stades, relasjonen til barna vil vere der sjølv om alt anna i livet skulle ramle saman.”*

Når foreldra snakkar om relasjonen til barna som den viktigaste i livet, så beskriv dei barna som ”den signifikante andre” (Mead 1962; Steinsholt1983; Bø 2000). Barna er viktige personar for foreldra, og relasjonen er sjølve grunnfjellet i livet, den som vil vere der sjølv om alt anna skulle ramle saman. Å vere i denne relasjonen definerer dei vaksne som foreldre, då barna konstituerer foreldreskapet og rolla som mor, far eller foreldre. Barna gir mor og far ein identitet som foreldre. Foreldrerolla er viktig, omfattande og fyller foreldras medvit i kvardagen, livet ut. Foreldra beskriv eit emosjonelt avhengigheitsforhold til barna sine. For foreldra er det då viktig å gi og vise kjærleik på ein slik måte at barna kan erfare det. Dei vonar at barna anerkjenner dei ved å gi dei kjærleik tilbake. Når foreldra skildrar kor viktig det er at barna erfarer seg verdsett og elska, og kor meningsfullt og viktig det er å følgje barnas utvikling i livet, så aktiverer det foreldra sine varme og djupe kjensler. Foreldra

skildrar relasjonen til barna som ein spanande og uforutsigbar relasjon som stendig endrar seg, og som stendig blir erfart som ny. Barna utviklar seg heile tida, behov og situasjonar endrar seg. Ikkje ein einaste dag med barna er lik, det skjer stendig noko nytt. Dette stendig nye er det spanande med relasjonen, og det er viktig å vere ein del av dette, seier foreldra. Relasjonen til barna blir rett og slett erfart som det viktigaste i livet.

## 4.2 Kontaktlimet i relasjonen er samtalen og aktivitetar

Foreldra er opptekne av å ta vare på relasjonen, slik at han kan opplevast som ein god og meiningsfull relasjon av både barn og foreldre. Foreldra seier at dei gjer dette ved å sikre kontakten med barnet. Nicole Hennum (2002) kallar dette foreldras kjærleiksarbeid, noko ho seier er lite tematisert i litteratur, spesielt når det gjeld ungdom. Kjærleiksarbeidet beskriv Hennum (2002) som ei taus vidareføring av kjærleiksarbeidet frå barndommen, der det særleg er mor som har ansvar å bevare relasjonen til ungdommane. Både mødrene og fedrane i utvalet mitt beskriv kjærleiken eller varmen mellom foreldre og barn som ein kvalitet ved relasjonen som eg vil kalle kontakten med barna. Denne kontakten eller limet er noko både mødrene og fedrane i utvalet beskriv som viktig, og som dei oppnår gjennom ansikt - til-ansikt samspel med barna:

*”Limet i forholdet vårt lagar vi sjølve. Limet er ei kontakt og nærheit som kjem når vi seier hei til barna våre, er merksame på dei og korleis dei har det, når vi er tilgjengelege for dei når dei vil ha kontakt eller har noko å fortelje oss. At vi gjer noko saman og viser barna at vi er glade i dei gjer limet ekstra sterkt.”*

Foreldra utøver kontaktarbeidet ved å sjå og høyre barna sine. Dei seier hei når dei møtest, dei spør korleis barna har hatt det på skule, dei vurderer barnas kroppspråk og eventuelle endringar i åtferd, for å vurdere kva engasjement barnet har behov for akkurat no. Foreldra set av litt tid og rom i kvardagen, der dei stiller seg inn på mottakleg modus for å sjå og høyre det enkelte barn. Dei freistar å fange opp barnet sine initiativ og samspele med barnet. Foreldra beskriv at dei kan svare barnets initiativ på fleire måtar. Dei kan gå inn i samspel med barnet der og då. Når det ikkje passar, til dømes på grunn av andre gjeremål, bekreftar dei barnet og peikar fram på korleis initiativet skal følgast opp ved eit meir høveleg tidspunkt seinare. Dette gjer dei så konkret som råd, til dømes ved å angi eit tidspunkt når dei kan snakke saman. Foreldra i utvalet har også laga ulike strukturar for samvær og kontakt med barna sine, med

mål å skape felles opplevingar og legge til rette for gjensidig dialog. I denne kontakten ligg både varme og kontroll gjennom kvardagsaktivitetar som felles måltid, faste kveldsritual, strukturar rundt helgekos og bruk av situasjonar rundt henting og bringing i barnehage. Ein familie har iverksett ein struktur med familiemøte kvar fredag, der alle deltek og kan påverke på ein demokratisk måte, sjå meir om dette i kapittel 6.

Alle familiane i utvalet søkte å sikre ei kontakt og nærleik med barna gjennom samvær i form av samtale og aktivitetar. Alle foreldra beskriv det å følgje opp barnas initiativ, sjå og bekrefte det enkelte barn og sikre samvær og kontakt med barna som dei vaksne sitt ansvar. Det er dei vaksne som har ansvar for å initiere dette og sørge for vedlikehald. To av familiane hadde erfart at middag og fredagsmøte sklei ut, dersom ikkje foreldra tok eit overordna ansvar for planlegging og gjennomføring av desse aktivitetane. Både mødrene og fedrane i utvalet ser kontaktarbeidet i relasjonen til barna som viktig. Dei beskriv at dei reflekterer over kontakten og lagar lim i kvardagen. Hennum (2002) beskriv at dette er mødrene sitt ansvar. Både mødrene og fedrane i mitt materiale beskriv at dei engasjerer seg i kontaktarbeid med barna sine dagleg. Dei to fedrane i utvalet som bur saman med barna, beskriv at dei engasjerer seg i aktivitetar og dialog med barna sine på lik line med mødrene, både når det gjeld oppfatninga av at kontakten er viktig og det å konkret ta ansvar for å utøve kontakten i kvardagen.

### **4.3 Foreldreskap blir utøvt i ein vidare kontekst enn foreldre – barn relasjonen**

Barns utvikling og utøving av foreldreskap føregår i relasjonen mellom foreldre og barn i familien som sosial kontekst. Denne eininga er igjen i samspel med og blir påverka av andre system i den større konteksten (Bronfenbrenner 1979; Kvello 2007). Baumrind (1971) sin modell over fire foreldrestilar fokuserer på samspelet mellom barn og foreldre, men har fått kritikk for å ikkje ta omsyn til den større sosiale konteksten som familien er ein del av. At modellen ikkje tar omsyn til korleis familiens økologi påverkar familien og foreldrepraksis gjer Baumrind (1971) sin modell ufullstendig. Bronfenbrenner (1979) sin sosialøkologiske modell for menneskeleg utvikling er ei analytisk tilnærming som inkluderer dette. Foreldra beskriv korleis faktorar som tid, pengar, arbeid og samarbeid med barnevernet heng saman med system utanfor familien og noko som påverkar deira foreldreskap i familien.

### 4.3.1. Tid og pengar som knappe ressursar

Foreldra i dei to familiane med flest barn og den familien der mor er åleine med den daglege omsorga for barna, beskriv at barna konkurrerer om knappe foreldreressursar som tid og pengar.

*”Det er krevande å følgje opp barna med tid og pengar i forhold til det som blir forventa, særleg når det gjeld kostbare fritidsaktivitetar.”*

Mor C beskriv forventningar om dyrt fritidsutstyr, kostbare aktivitetar og tidkrevande dugnadsinnsatsar. Dette er forventningar som overgår det ho som åleineforelder rår over av ressursar når det gjeld økonomi og tid. Ho beskriv ei kjensle av å vere utilstrekkeleg som mor overfor barna og omverda når ho ikkje kan sende barnet på treningsleir, kjøpe sportsutstyr eller delta som forventa på dugnader. Det å ha pengar til å gå på kino er ikkje ei sjølvfølge, seier ein annan familie. Trong økonomi vert opplevt av tre av familiane i utvalet som noko som påverkar relasjonen til barna på ein utfordrande måte. Når foreldra må seie nei til aktivitetar og utstyr som barna opplever at andre dei samanliknar seg med får, kjennest det sårt og vanskeleg for foreldra.

Dei familiane i utvalet som har barneverntiltak beskriv sine barn som å ha særlege behov. Dei særlege behova gjer at barna krev betydeleg meir av foreldra når det gjeld engasjement og oppfølging enn dei andre barna i utvalet utan tiltak. Foreldra beskriv at dei samarbeider med ulike instansar, noko som krev tid og overskot til møteverksemd. Desse foreldra opplever foreldreskapet som særleg krevande og utfordrande, også med omsyn til at dei har fleire barn i familien som treng dei:

*”Når eitt av barna krev ekstra mykje, kan det gå ut over vår kapasitet til å ivareta dei andre barna.”*

### 4.3.2. Foreldras arbeidsplass og samarbeid med barnevernet påverkar foreldra og relasjonen

Foreldra i utvalet beskriv knapt med tid, trong familieøkonomi, tilgang på praktisk hjelp og støtte frå familie og vener, forhold ved foreldras arbeidsplass og samarbeid med barnevernet som faktorar i barnets exosystem og makrosystem (Bronfenbrenner 1979) som påverkar

foreldras relasjon til barna på måtar som både kan fasilitere eller hindre utøving av foreldreautoritet. Ei mor i utvalet beskriv korleis arbeidsplassen fungerte som ein ressurs for hennar foreldreautoritet. Arbeidsgjevar utviste fleksibilitet og endra arbeidstida hennar, slik at ho kunne trø til heime på morgonen for å sikre at barnet kom seg opp og på skule i rett tid. Ei anna mor opplevde utfordringar på arbeid slik at det nærmast sette henne ute av spel som mor på heimebane. Alle hennar krefter og fokus gjekk med til dette, og ho opplevde at ho misste grepet som autoritet i familien. Ei tredje mor fortel at det å vere utan arbeid slit på henne og familien. Det påverkar hennar sjølvkjensle som person og mor på ein negativ måte. Utan arbeidsinntekt har familien heller ikkje råd til å gjere positive aktivitetar saman som kostar pengar.

Samarbeid med barnevernet er ein kontekst rundt relasjonen for tre av familiane i utvalet. Foreldra beskriv hjelpetiltak som råd og rettleiing som nyttige når barnevernet opptrer som støttespelar for dei som foreldre. Økonomisk støtte til barnehage og avlastningstiltak blir også skildra som positiv hjelp. Barnevernet blir særleg framheva som ein ressurs når det gjeld å vere ein kompetent samtalepartnar som gir fagleg råd og rettleiing til foreldre i tråd med barnas særlege behov og foreldras utfordringar. Dette er behov som foreldra erfarer at uformelt nettverk ikkje har kapasitet eller kompetanse til å handtere, og der profesjonell hjelpa frå barnevernet har vore naudsynt. Sjølv om samarbeidet med barnevernet har vore erfart som positiv hjelp i alle dei tre familiane og som ein føresetnad for at to av familiane er bevart som eining, beskriv likevel to av familiane at kontakten med barnevernet også har vore ei belastning. Eine familien beskriv prosessen med melding og undersøking etter barnevernlova som svært tung for dei som foreldre og familie. Mangel på tillit frå barnevernet og fokuset på problem var særleg negativt, og sleit på forholdet mellom foreldra. Det gjorde også at dei kjende seg utrygge i relasjonen til barna for ein periode. Etter at undersøkingsfasen var avslutta og familien fekk innvilga hjelpetiltak i form av råd og rettleiing frå det dei erfarte som ein meir røynd og styrkefokuserert barnevernsarbeidar, erfarte foreldra at dette endra seg i positiv retning. I den nye samarbeidsrelasjonen opplevde dei at det utvikla seg ein gjensidig tillit i samarbeidet med barnevernet. Dette forplanta seg igjen til større tryggleik i familierelasjonane, både i parsystemet og i forholdet til barna. Ein annan far fortel at han fekk rettleiing i å lytte til barna sine, fokusere på det som er bra og rose dei. Han opplevde at han i samarbeid med barnevernet utvikla seg frå å vere ein autoritær, lite lyttande, sint og befallande far, til å betre kontrollere egne kjensler, samarbeide med kone og barn på ein meir venleg, utforskande og mottakeleg måte:

*”Du har ingenting igjen for å bruke kommandostemme og vere autoritær. Slikt noko er vondt for barna og negativt i lengden.”*

Foreldra i utvalet beskriv at forhold utanfor familien kan påverke foreldrepraksis og autoriteten i familien. Foreldras arbeidsplass og samarbeid med barnevernet blir beskrive å påverke foreldreskap på positive og negative måtar. Foreldras arbeidsplass blir beskrivne som tilretteleggarar for foreldreautoritet når dei gir foreldre rom for å kunne trø til heime når barna utfordrar og krev tett oppfølging i periodar. Barnevernet styrkar foreldras autoritet når dei opptrer som kompetente samtalepartnarar som viser foreldra tillit og respekt. At barnevernet støttar foreldra på det dei gjer bra, slik at dei kan kjenne seg meir trygge i foreldrerolla, blir erfart som særleg positivt av foreldra.

#### **4.4 Barnet utfordrar foreldras autoritet som sosial aktør**

Den nye barndomssosiologien og nyare forskning (James, Jenks og Prout 1998; Kerr, Stattin og Engels 2008) ser barnet som ein sosial aktør som påverkar sine omgjevnader. Foreldra i utvalet beskriv korleis barnas utfordringar kan opplevast:

*”Barna gir oss stadig nye utfordringar, og det kan vere vanskeleg for oss foreldre å handtere desse.”*

Det enkelte barnet er ein sosial aktør som stendig utfordrar foreldra, som ikkje alltid forstår og har oversikt over det som skjer, slik familie A beskriv:

*”Sonen vår forandra seg utan at vi foreldre såg og forstod det. Han skulka, dreiv med kriminalitet og rusa seg. Vi visste ingen ting!”*

Foreldra beskriv korleis dei hadde vore heilt uvitande om at sonen hadde skulka, var i konflikter med lærarar, hadde kriminelle vener og rusa seg. Foreldra opplevde manglande oversikt og kontroll med situasjonen, og kjende seg usikre på korleis dei skulle handle for å få til endring. Forsking (Kerr, Stattin & Pakalnieskiene 2008) viser at foreldre i slike situasjonar kan gi opp autoritetsrelasjonen og velge ein foreldrestrategi som kan skildrast som det å vere bekymra foreldre. Foreldre A brukte desse røynsle og tok grep då nestemann utfordra dei med utfordrane åtferd:

*”Vi har erfaring med eldre sysken om at vi kom altfor seint på banen, så med nestemann bestemte vi oss for å følge opp og ikkje sove i timen, for det treng han!”*

Foreldra tolka barnets utfordrande åtferd som ein invitasjon til å engasjere seg på ein tettare måte i samspelet med sonen og hans arenaer. Far B i utvalet beskriv korleis dotteras eskalering av utfordrande åtferd påverka han som far:

*”Dottera vår vart saman med mykje eldre gutar. Den verbale aggresjonen eskalerte veldig, og ho var borte om natta. Desse problema gjer at eg må vere grensesettar og utøve det eg opplever som makt..”*

Far B beskriv at utprøving, avvising og ignorering av han som far utfordrar hans omsorgsevne når det gjeld det å mobilisere glede og entusiasme over å sjå og vere saman med dottera:

*”Ho seier ikkje hei tilbake, ho kan snu seg demonstrativt vekk. Slik har det vore i mange år no, det er veldig negativt. Eg må ta meg sjølv i at eg ikkje må slutte å vere positiv til henne for det.”*

Far B beskriv at det å måtte vere grensesettar og kontrollør i betydeleg grad vanskleggjer det å ha ein god kontakt med dottera. Han opplever eit sprik mellom korleis han ynskjer å vere som far, og korleis han opptre som far i sin aktuelle relasjon med dottera. Han beskriv at når dottera avviser han, ville det lettaste vere å reagere negativt og avvise tilbake. Ut frå sin kompetanse og sitt ansvar som far vel han likevel annleis. Han fokuserer på å vise varme, positive kjensler til dottera, han freistar å gjere ting saman med henne og samtale med henne og slik vise at han bryr seg om henne. Men når ho avviser, er det ikkje lett, seier han. Og han går lenger når det gjeld å utøve kontroll og makt enn det han ynskjer.

Mor C erfarte at sonen hennar endra seg frå å vere eit lydige barn til å bli ein ungdom som sette krav og ville bestemme meir i familien. Mor C hadde over ein periode vore engasjert med utdanning og jobbskifte, og beskriv at ho ikkje hadde tatt inn over seg hans utvikling frå barn til ungdom. Det vart utfordrande å forstå sonen og finne ut av korleis ho skulle respondere på initiativa hans:

*”Han hadde plutselig forandra seg, utan at eg forstod kva som skjedde. Han var ikkje noko småbarn lenger. Eg hadde aldri møtt dei problema før, og vi gjekk inn i det eg opplever som maktkampar i heimen.”*

Mor C beskriv korleis sonen verbalt utfordra hennar posisjon og kompetanse i familien ved å nekte å etterkome hennar påbod. Han freista å latterleggjere henne, og utfordra henne verbalt



og fysisk. Foreldra i utvalet sine skildringar synleggjer at dei erfarer barnet som ein aktiv deltakar og påverkar i foreldre - barn – relasjonen, og at barnet utfordrar foreldra sin autoritet i relasjonen. Særleg beskriv åtferd som bryt normer for ansvarleg åtferd og det å avvise foreldras initiativ til kontakt som vanskeleg. Barnet blir i nyare litteratur og forskning (James, Jenks og Prout 1998; Kerr, Stattin og Engels 2008) beskrive som ein sjølvstendig sosial aktør som skaper og påverkar relasjonen til foreldra. Barnet blir sett som ein aktiv deltakar når det gjeld utviklinga av relasjonen og foreldras val av strategiar og praksis. Foreldra i utvalet erfarer at barnets aktuelle behov, initiativ og åtferd påverkar deira val av foreldrestrategiar. Det å forstå og handtere barna sine utfordringar kan opplevast som vanskeleg og negativt, men barnas initiativ kan også verte eit vendepunkt til noko meir positivt for familien. Ut frå det ho såg som sonens utfordrande og uforståelege åtferd, tok mor C heile situasjonen i familien opp til ny vurdering. Ho kjøpte pc-ar og innreidde kjellarstova, slik at barna fekk digitale og fysiske rom i heimen, i tråd med sine endra behov som ungdommar. Desse tiltaka erfarte ho ivaretok hennar rolle som ei kompetent og handlande mor. Hennar grep i høve sonen sine utfordringar snudde ein negativ situasjon til noko meir positivt, der ho fekk reetablert og prova sin omsorgsfulle autoritet i familien overfor barna.

Foreldra i utvalet beskriv barnas behov og åtferd som noko som varierer i intensitet og kompleksitet over tid, i tråd med barnets alder. Foreldra til barn som har barnevernstiltak kan skildre særleg utfordrande åtferd hos barna som til dømes skulking, kriminalitet, rus og kraftig verbal aggresjon. Dei seier at barna deira har særlege behov av meir personleg og permanent karakter som til dømes har utløyst ein diagnose. Barnas alvorlege brot på familiens reglar og samfunnets normer påverkar foreldras val av foreldrestrategiar i retning tydelegare og meir intens foreldreleiing, med fokus på reglar, konsekvensar og kontroll av barna, og mindre fokus på barnas autonomi og rett til gjere sjølvstendige val. Foreldra til barna med tiltak fokuserer meir på barnas behov for vern og regulering, enn på deira posisjon og kompetanse som sjølvstendige sosiale aktørar. Foreldra grunngir sine kontrollstrategiar ut frå særlege behov for oppfølging i forhold til det andre barn på same alder har. Foreldra med yngre barn beskriv korleis også desse påverkar foreldra i relasjonen. Far E erfarte at den nye stesonen på fire år utfordra han verbalt og åtferdsmessig på ein slik måte at det truga forholdet mellom han og mora, og sette etableringa av den nye familien i fare. I denne familien var det å etablere ein ny familie prega av store utfordringar. Mor og far erfarte at barna freista å sette dei opp mot kvarandre, til dømes ved å seie at dei fekk lov av den andre forelder. Å samkøyre foreldreskapet og etablere ein autoritetsrelasjon i sine nye steforeldreroller var ein

krevande overgang, med omsyn til å få barna til å akseptere deira nye posisjonar og kompetanse som foreldre. Ut frå deira aktuelle situasjon valde mor og far E å utvikle ein ny, felles foreldrepraksis, med nye felles reglar og konsekvensar for den nye familien. Dei beskriv utfordringane når det gjeld å samkøyre seg som ein ny familie slik:

*”Vi hadde tre egne barn kvar, og den store utfordringa for oss foreldre var å samkøyre grensesettinga. For både store og små var det ei utfordring å tilpasse seg ein heilt ny situasjon.”*

Foreldra E beskriv barna som sosiale aktørar, som har sine individuelle agendaer ut frå egne interesser og behov. Desse treng ikkje alltid vere i tråd med foreldre og søsken sine interesser og behov. Ulike perspektiv, ulike interesser og utfordrande åtferd i relasjonane kan utvikle seg til konflikter med verbal og av og til fysisk aggresjon. Foreldre i materialet mitt opplever dette som utfordrande. Men dei beskriv også situasjonar der konflikter i familien har blitt positive vendepunkt for familien som eining. Barna blir av alle foreldra i materialet mitt beskrivne som sosiale aktørar som påverkar foreldra og utfordrar foreldras autoritetsutøving på positive og negative måtar frå svært tidleg alder av.

#### **4.5 Familiar med og utan barneverntiltak – er der skilnader i relasjonen når det gjeld autoritetsutøving?**

Barn har eit universelt behov for oppsedingsomsorg (Skytte 2008). Foreldra skildrar autoritetsutøving som ein balansegang. På den eine sida skal dei gi slepp på barnet og støtte det i si utvikling mot autonomi og sjølvstende. Dette gjer dei ved å vise tillit, gi auka ansvar og la barnet delta og ta aukande ansvar for egne val. På den andre sida skal dei halde fast, passe på, sette grenser, kontrollere og ta beslutningar på vegne av barn som ikkje greier å ta ansvar for seg sjølve. Barna treng vern og omsorg frå foreldra sine. Foreldra i utvalet skildrar ulike erfaringar med autoritetsarbeid i familien. Då eg har eit design med familiar med og utan barneverntiltak i utfordrande foreldreskap, vil eg i analysen beskrive skilnader i autoritetsrelasjonen i familiar med og utan barneverntiltak i materialet mitt.

#### 4.5.1 Ulikt fokus på kontroll og barnas autonomi

Foreldra i dei tre familiane med hjelpetiltak skildrar betydeleg større utfordringar i sitt foreldreskap når det gjeld barnas særlege behov og utfordrande åtferd, enn det foreldra i dei to familiane utan tiltak gjer. Sjølv om sistnemnde foreldre også beskriv utfordringar i sitt foreldreskap og sine familiar når det gjeld autoritet, så viser materialet at barna utan tiltak blir skildra å fungere betydeleg betre på skule og fritid enn barna med tiltak. Dei overheld stort sett familien og samfunnet sine reglar og forventningar på desse arenaene, og utfordrar foreldra i ein meir avgrensa tidsperiode og gjerne på familiearenaen, der foreldra etter kvart maktar å tilpasse seg barnas utfordringar. Tilton-Weaver og Marshall (2008) seier at ein viktig prosess i barn og unges utvikling er endring frå å vere regulerte av andre, til å bli meir sjølvregulerte og sjølvkontrollerte. Barna med barneverntiltak blir i langt mindre grad beskrivne med aldersadekvat og ansvarleg åtferd sett frå foreldras perspektiv, enn det foreldra til barna utan tiltak beskriv. Behova blir skildra som utfordrande åtferd i form av verbal aggresjon, regelbrot, skulk, at barna er saman med negative vener, og at barna har særlege og varige behov når det gjeld sosial kompetanse og det å meistre akademisk. Foreldra med tiltak beskriv ein foreldrestil med tett kontroll og regulering av barna på ein meir eksplisitt måte enn det foreldra i familiane utan tiltak beskriv. Foreldrestilen blir begrunna ut frå barnas behov. Foreldra utan barneverntiltak beskriv barna sine i større grad som ansvarlege, fornuftige og autonome enn det foreldra med tiltak gjer.

Foreldras skildringar viser at barna i familiar utan tiltak synest å ha internalisert samfunnets normer. Dei fungerer godt på skule og fritid, og utviser ansvarleg åtferd utan kriminalitet og alvorleg aggresjon. Dei er i stor grad sjølvregulerte og sjølvkontrollerte. Foreldra i desse familiane treng i liten grad engasjere seg i oppgåvar som handlar om å regulere barnas åtferd i form av å sette reglar, utarbeide tilhøyrande konsekvensar, leie og kontrollere. Foreldra i desse familiane har innleiingsvis i intervjuet vanskar med å identifisere reglar i familien sin. Dei beskriv etterkvart innarbeidde og internaliserte reglar som foreldra ikkje lenger kan hugse å ha gjort eksplisitt grensesettingsarbeid i høve til. Det har liksom gått av seg sjølv, seier dei. Foreldra ser sine barn som autoritetar i familien i den forstand at barna blir sett som sosiale aktørar som foreldra lyttar til og forhandlar med, til dømes når det gjeld korleis dei skal ha det i familien. Verkemiddelet er dialog og argumentasjon, og dei erfarer at avtaler stort sett blir overhaldne. Det betyr ikkje at desse barna ikkje utfordrar foreldra, men at utfordringane går føre seg i familiesettingen, er av meir privat og mindre intens karakter, og at foreldra føler at

dei handterer utfordringane. Konflikter og utprøvingar førekjem meir sporadisk enn det foreldra med tiltak beskriv. Barna blir skildra som kompetente, fornuftige og i stand til å regulere sin eigen kvardag. Dei tar betydeleg ansvar for eige liv og velferd på ein forsvarleg måte. Dei blir beskrivne å vere i posisjon med autoritet og med autorativ kompetanse til å ta fornuftige eigne val innanfor gitte rammer. Foreldra i dei to familiane utan tiltak beskriv barna sine rett og slett som sjølvstendige, fornuftige personar. Som mor C seier:

*”Eg har veldig stor tru på barna som personar og deira autonomi.”*

Foreldra i familiane med tiltak skildrar barna sine i mindre grad som sjølvstendige og autonome enn det foreldra utan tiltak gjer. Foreldra seier at dei har barn som treng eit anna engasjement når det gjeld omsorg og oppseding enn det som er tilstrekkeleg for dei fleste andre barn på same alder. Barna med tiltak treng at foreldra som er tett på, som har oversikta og som utøver kontroll i form av reglar og konsekvensar. Foreldra her skildrar meir fokus på regulering og kontroll, då barna blir erfart som meir avhengige, mindre sjølvstendige og meir utfordrande på heime, skule og fritidsarenaen enn andre barn på same alder. Foreldra med tiltak opplever at dialog med forklaringar og grunngjevingar slett ikkje er nok til å regulere barnas åtferd i ynskt retning. Foreldra må regulere med reglar og bruke verkemiddel som ros, belønningar og negative konsekvensar. Når heller ikkje det verkar, kan foreldra kjenne seg forvirra og makteslause:

*”Når barnet ikkje meistar slik det vert forventa, er det å vere foreldre slitsamt. Det som fungerte i går treng ikkje å fungere i dag. Og det er ikkje alltid vi forstår kva som skjer, eller er sikre på kva vi skal gjere.”*

Det å utøve autoritetsarbeid blir av familiane med tiltak sett på som ein del av det omsorgs- og oppsodingsansvaret dei har som foreldre. Når kvardagen røynar på og autoritetsarbeidet kjennest tungt, usikkert og krevande, så trøyster foreldra seg med at dei gjer barnets beste. Foreldra i familie A, B og E tenker at barna ein gong vil anerkjenne deira autoritetsarbeid og stadfeste at foreldra likevel gjorde det rette:

*”Eg vil ikkje at dottera mi skal kome og seie: Pappa, du skulle ha passa betre på meg. Eg var i ein periode i livet då eg ikkje var i stand til å passe på meg sjølv, og du tok ikkje dei rette grepa”*

*”Eg trur nok at barna vil beskrive oss som strenge, men det tenker eg er bra også. Så eg vil at barna skal beskrive meg som ei mor som var streng og sette grenser”*

*”Vi vil at barna skal seie at vi hadde strenge foreldre, men at det var trygt”.*

Foreldra med hjelpetiltak etter barnevernlova utøver autoritetsarbeid i form av eksplisitt kontroll og grenser i betydeleg større grad og over lengre tid enn dei to andre familiare utan tiltak beskriv. Foreldra grunngir dette med barnas særlege behov og utfordrande åtferd. Sistnemnde to familiar utøver kontroll for kortare tidsrom, og då på meir eksplisitte, avgrensa utfordringar. Til dømes då barnet braut ein regel om å vere tilgjengeleg på telefon då mor var bortreist, eller handlar på nye måtar som krev utforming av ein foreldrespons. Barna utan tiltak har åtferd i samsvar med almenne reglar og grenser som ein hovudregel. Foreldra med barnevernstiltak opplever at autoritetsarbeidet er noko dei må gjere, at det gjeld for ein kortare eller lengre periode i livet, og at det er gjort ut frå omsynet til barnets beste. Det er utøving av omsorg og kjærleik, noko dei er forventa å gjere, og som dei får støtte frå barnevernet til å utøve. Foreldra med tiltak beskriv ein foreldreskap som er arbeidsintensiv når det gjeld det å vere tett på og å utøve kontroll. Det å vere foreldre fyller omtrent heile kvardagen, og dei fortel om stor slitasje. Dei fortel også om gleder og meistring, men at meistring krev at dei er tett nok på i relasjonen og ikkje søv i timen. Barnas autonomi ligg lenger framme i tid og er gjerne ikkje hovudfokuset her og no. Behovet for meistring og kontroll er større enn behovet for autonomi. Utfordringane i kvardagen er likevel å operasjonalisere foreldreautoritet på ein slik måte som også ivaretek barnas behov for utvikling av autonomi. I denne utfordringa ligg heile tida risikoen for at barnet ikkje skal meistre. Når barnet ikkje meistrar, erfarer foreldra å heller ikkje meistre.

#### **4.6 Utfordrande foreldreskap: Autoritetsrelasjonen og kjærleiksrelasjonen som to ulike historier**

Far B og D utmerker seg i materialet med sine historier når det gjeld val av foreldrepraksis. Far B er gift, og familien har tre ungdommar som alle bur heime. Familien har hjelpetiltak etter barnevernlova, og dei to eldste ungdommane har diagnostiserte særlege behov som viser seg i utfordrande åtferd som bryt med samfunnets normer. Far D er skild, hans to ungdommar bur hos mor, og far D har samvær etter avtale med barna og mor. Familie D har ikkje tiltak etter barnevernlova, men eine barnet har hatt behandling for manglande sinnemesitring. Dei to

fedrane sine historier blir presentert opp mot kvarandre som kontrastar, der far B vel autoritet som omsorgspraksis på kostnad av kjærleiksrelasjonen, og far D vel kjærleiksrelasjonen på kostnad av autoritetsrelasjonen.

#### **4.6.1 Far B vel autoritetsrelasjonen framfor kjærleiksrelasjonen**

Familie B har tiltak etter barnevernlova i form av råd, rettleiing og avlastning. Far B fortel at han har valt autoritetsrelasjonen med fokus på reglar og kontroll som omsorgspraksis for ein periode. Far seier at dotteras særlege behov og uansvarlege åtferd gjer at han må utøve autoritet og kontroll på ein intens måte, og han skildrar at dette går på kostnad av det å utøve varme og det å kunne ha ein nær og god relasjon til dottera. Hennum (2002) beskriv korleis kjærleiks- og autoritetsrelasjonen skil lag i ungdomstida, og korleis foreldre vel bort autoritetsarbeid når det er store vanskar i relasjonen mellom barn og foreldre. Foreldra i hennar undersøking konsentrerer seg i staden om å bevare relasjonen, og utøver det Hennum (2002) kallar kjærleiksrelasjonen. Familie B sin praksis er ikkje i tråd med dette. Far B seier at han set barnets beste i høgsetet, og barnets behov gjer at han vel å utøve autoritet og kontroll for å verne henne, ta vare på henne og for å vere ein ansvarleg, omsorgsfull far. Han vel denne autoritetsrelasjonen med rettleiing og støtte frå barnevernstenesta.

Autoritetsrelasjonen beskriv han som dominert av reglar med tilhøyrande positive og negative konsekvensar, og tett oppfølging av desse kvar dag. Autoritetsarbeidet beskriv far B som det å lage reglar og avtaler, følgje opp, kontrollere, iverksette konsekvensar, ta leiing og styring og utvise makt ved å avgrense dotteras sjølvråderett, fotfølge henne ved alvorlege regelbrot og samarbeide med barnevern, politi og barnevernsvakt. Han beskriv korleis dimensjonen varme og nærleik har svært dårlege kår i denne relasjonen:

*”Det å ha ein varm og nær relasjon har dei siste åra blitt heilt umogleg, då grensesettinga og kontrollen med påfølgande konflikter tar nærmast all plass i forholdet vårt. Når vi seier hei avviser ho oss, og dialogen vår endar lett i verbale konflikter.”*

Far B sin praksis bryt med den han ynskjer å vere som far:

*”Personleg så trivst eg ikkje så godt med å vere grensesettar og å utøve makt, det blir så negativt. Som ung far tenkte eg at ubetinga kjærleik kunne løyse alle utfordringar. No ser eg at det ikkje er slik, og eg opplever situasjonen vår som vanskeleg. Det å passe på henne og kontrollere har liksom blitt altoverskyggande.”*

Far B beskriv utfordrande foreldreskap gjennom mange år som følge av barnets særlege behov. Den utfordrande åtferda eskalerte då dottera kom i tenåra. Far B seier at dei som foreldre medvite har valt autoritetsrelasjonen for å ta vare på dottera. Målet å sikre at ho har ei ansvarleg åtferd innanfor familien og samfunnets normer. Familie B har valt autoritetsrelasjonen på kostnad av kjærleiksrelasjonen. Far B ynskjer å utvise ein foreldrestil med høg grad av varme og høg grad av kontroll. Han ynskjer å vere ein uttalt varm far i ein relasjon prega av varme, kjærleik og positive aktivitetar, heller enn å vere ein far som grenseset, kontrollerer og utøver makt i ein relasjon prega av avvising og konflikter. Men det er umogleg for far B å få til ein foreldrestil prega av både høg grad av varme og høg grad av kontroll. Som ansvarleg far vel han kontroll ut frå dottera sine behov, vel vitande om at det umogleggjer kjærleiksrelasjonen akkurat no. Det viktigaste er å nå foreldremålet å sikre barnets beste gjennom omsorg og oppseding som reduserer uønskt åtferd og sikrar ei best mogleg utvikling for dottera, seier far B. Han beskriv korleis han utøver det han erfarer som makt overfor dottera. Til dømes fotfølger han henne ved alvorlege regelbrot. Det vil seie at han oppheld seg 10 skritt unna dottera. Han opplever maktutøving som vanskeleg, negativt og lite effektivt (Rudolph og Rudolph 1980), men føler at han likevel må sette grenser og kontrollere. Fokuset på autoritetsarbeidet og fråveret av varme opplever far som negativt for han personleg og for familien som eining. Det tar all fokus i foreldre - barn - relasjonen, seier han. Far B reflekterer over skilnaden mellom hans forventningar til det å vere far og korleis han faktisk opplever det å vere far. Han saknar den berusande gleda ved berre å sjå barnet sitt. Han tenkte før at ubetinga kjærleik var alt som skulle til for å takle utfordringane han ville møte som far. Han trudde at problem hos barn hovudsakleg kunne tilskrivast forhold med foreldra, ting dei gjorde eller ikkje gjorde. Far B skildrar si erfaring med relasjonen til dottera som ein kompleks og samansett prosess, der ubetinga kjærleik ikkje er ein aktuell og mogleg foreldrestrategi når det gjeld å løyse dei utfordringane han møter i foreldreskapen. Korvidt far B erfarer reelle valmoglegheiter når det gjeld foreldrestil kan reflekterast over. Erfaringa hans stadfestar perspektivet på foreldreskap som ein kompleks prosess, der barnet sjølv er ein aktiv påverkar av foreldres foreldrepraksis. Far B beskriv ein vanskeleg situasjon som far, der valet av autoritet som omsorgspraksis på same tid er uttrykk for ein kjærleikspraksis, med mål å ta vare på dottera og bevare familien som eining. Det komplekse og gjensidige når det gjeld autoritet og kjærleik reflekterer far B over slik:

*”Som forelder er ein foreldreautoritet og utøver makt i form av å sette grenser når det er nødvendig. Samstundes viser ein barna varme og at ein bryr seg om dei. Når det gjeld utøving av autoritet i foreldrerolla, så har dette forandra seg veldig i løpet av ein*

*generasjon. Før var det greitt for ein far å vere rein autoritet og grensesettar, og greitt at han utøva mindre av den kjærlege, nære foreldrestøtten. Før var det kanskje mor som stod for det kjærlege og nære, og far for det strenge. Autoritetsrollene i forhold til barn og unge i samfunnet generelt har endra seg veldig i løpet av min generasjon. I dag trur eg ikkje at det er slik at det er far som i størst grad set grenser og er den største autoritetsutøvaren overfor barna. Hos mange av dei foreldra eg kjenner, er det vel så ofte mor som står for utøving av foreldreautoriteten. Eg trur at dagens foreldre må vere seg medvitne om at ein må ha begge deler i same person. At både mor og far har begge deler, både autoritet og varme. Eg veit ikkje kvifor eg trur at det er rett og viktig, det er berre noko eg ut frå mi erfaring umiddelbart trur er rett.”*

Far B reflekterer over omgrepet foreldreautoritet, den erfarte kompleksiteten mellom autoritet og kjærleik innanfor foreldre - barn – relasjonen og korleis foreldrerollene har endra seg i tråd med nyare samfunnsendringar, både når det gjeld parenthood og parenting. Hans erfaring er at både fedrar og mødrer utøver autoritet i familien i form av grenser og kontroll. Hans tankar er at autoritet føreset at både mødrer og fedrar må besitte ferdigheiter og utøve varme og kontroll i relasjonen til sine barn. Han beskriv autoritet som noko som ligg som ei forventning til foreldrerolla, anten du er mann eller kvinne. Far B si skildring tilfører noko nytt i høve Hennem (2002) si skildring av foreldreautoritet som kjønna, der fedrar utøver autoritet og mødrer utøver kjærleiksarbeid. Far B skildrar ei forventning om autoritet knytt til både far og mor si utøving av foreldreskap, at autoritet består av både kontroll og varme. Hans erfaring er at mødrer utfører vel så mykje autoritetsarbeid som fedrar. Far B skildrar kjærleiksrelasjonen sin betydning slik:

*”Å vise varme overfor barna er veldig viktig også i tenåra, sjølv om det kan vere utfordrande å få til i periodar med konflikter.”*

Far B synest at det er viktig å utøve kjærleiksarbeid når barna er i tenåra. Sjølv gjer han dette ved å prøve å vise entusiasme når han ser barna sine, gjere positive aktivitetar saman med dei og slik bidra til limet i relasjonen. Nær kjennskap til dottera og hennar behov seier han er viktig for kunne ta beslutningar som gir dottera god livskvalitet. Han beskriv korleis kunnskap om hennar behov for nye vener og trong for å meistre sosialt påverka hans beslutning om å endre innetida, slik at ho fekk vere saman med potensielle venninner. Utan slik kjennskap hadde han truleg halde seg til regelen om innetid, seier han. Å ha ein varm og nær relasjon er imidlertid svært vanskeleg å få til når han blir avvist, oversett og utfordra av dottera. Avvisinga opplever han som veldig negativt. I staden for å gi opp, vel han medvite å vise glede og uttrykke seg positivt når han ser henne, sjølv om dette ikkje blir gjengjeldt, slik han



ynskjer. Å ha ein hyggeleg, varm og nær relasjon til dottera har dei siste åra blitt umogleg, seier far B. Han beskriv ansvaret for å utøve omsorgsfull autoritet her og no slik:

*”Når barnet ikkje oppfører seg slik jamnaldra gjer og det å forklare ikkje nyttar, tenker eg at barnet akkurat no ikkje er i stand til å ta ansvar for livet sitt på ein god måte. Det må vi ta ansvar for, og det er ikkje alt vi kan forklare og få dei til å forstå fullt ut. Det viktigaste er at det vi gjer fungerer.”*

Barnets behov og barnets beste er den fornuftsbaserte grunngevinga bak dette valet. Far B strevar med kjærleiksarbeidet på grunn av den store kontrollen han tek over dottera, men han ser ikkje at det å sleppe opp kontrollen til fordel for kjærleiksrelasjonen er eit ansvarleg alternativ. Det vil ikkje vere til det beste for barnet, seier far B. Han beskriv det å vere foreldre og barn som ulike roller, med ulike forventningar knytt til seg når det gjeld ansvar, makt og kompetanse:

*”Relasjonen mellom oss foreldre og barna er ulik når det gjeld posisjon og makt. Vi er vaksne, det er ikkje barna. Vi har ansvaret for barnet og familiens beste.”*

Far B beskriv korleis han likevel legg vekt på å kontinuerleg vurdere barnets situasjon og kompetanse. Han stiller seg open for at barnet endrar og utviklar seg. Han beskriv seg som fleksibel i si autoritetstilnærming i samspel med barnet, slik at barnet kan påverke fars foreldrestrategiar når det gjeld grad av kontroll. Far B seier at dottera akkurat no ikkje er i stand til å ta ansvar for livet sitt på ein god nok måte. Fars autoritetspraksis blir støtta av barnevernstenesta, som er inne med hjelpetiltak i familien på grunn av barnas behov og utfordrande åtferd. I samtaler med foreldra gir barnevernet råd og rettleiing med mål å støtte dei som foreldre. Far B opplever støtten han får med barnevernet som kompetent samtalepartnar som god og avgjerande for at familien kan bestå som eining.

Om det å vere far med autoritet seier far B:

*”Å vere far med autoritet betyr at eg lytter til barna mine, og at eg har eit mål med det å bestemme ut frå at eg vil barna mine vel. At eg ikkje berre bestemmer fordi eg ynskjer å gjere det, eller fordi eg tenker at eg står over barna mine.”*

Far B si skildrar sin autoritet som far både som posisjonsbasert og som kompetansebasert autoritet (Hennum 2002). Han erfarer seg sjølv som vaksen far, med eit ansvar som er annleis enn det ansvaret som ligg til barnet. Han erfarer eit legitimit autoritetsmandat, støtta av

barneverntenesten. Han skildrar også sin autoritet som far basert på livskompetanse og kunnskap om barnet sitt til eikvar tid, der han utøver omsorgsfull autoritet til barnets beste. Far B beskriv ein relasjon der han og dotter no står langt frå kvarandre når det gjeld å dele gode kjensler. Han beskriv korleis han utøver omsorg med betydeleg grad av makt og kontroll og lite varme. Sjølv om far B seier at foreldreautoritet i teorien inneber både kjærleik og makt, beskriv han sin foreldrepraksis som prega av det å sette grenser og utøve makt:

*”Altså du skal utøve makt, det må du, for barna er ikkje i stand til å styre livet sitt på ein god måte. Så det må du. Du må utøve makt. Og du må vere ein foreldreautoritet i forhold til det å sette grenser når det er naudsynt, noko det er heile tida.”*

Denne skildringa ligg i ytterkanten på autoritetsskalen, der far B utøver høg grad av kontroll og makt på kostnad av varme, i ein relasjon til dottera prega av konflikter. Konfliktperiodane og det å vere usikker på om han gjer det rette skildrar far B slik:

*”Når det stormar som verst, er det å vere foreldre veldig slitsamt. Det har vore å gå i ukjent terreng med ei kjensle av at kartet kan vere feil og kompasset ikkje verkar.”*

Far B kjenner på tvil om dei gjer det rette, og han synest at han utøver makt på ein måte han erfarer blir negativt. Far B seier at valet autoritetsrelasjonen på kostnad av kjærleiksrelasjonen er utfordrande, men gjort ut frå ansvar og kjærleik som far til dottera og til familien som eining.

#### **4.6.2 Far D vel kjærleiksrelasjonen framfor autoritetsrelasjonen**

Far D skil seg ut som kontrast til far B når det gjeld val av foreldrepraksis. Far D har valt kjærleiksrelasjonen som omsorg- og oppsedingsspraksis. Han har medvite valt vekk autoritetsrelasjonen når det gjeld plikter, grenser og kontroll i høve barna. Far og mor i familie D er skilde. Barna bur hos mor, og far D avtaler samvær med barna og mor frå gong til gong. Familie D har ikkje tiltak etter barnevernlova. Far beskriv at barna meistrar på skule og fritid. Far D er noko uroa over det som han beskriv som sonens introverte, destruktive sinne, og at sonen bruker for mykje tid framfor datamaskinen, på kostnad av skulearbeid og andre gjeremål. Far D beskriv dottera som svært pliktoppfyllande når det gjeld skulearbeid, og at ho har mange vener og fritidsaktivitetar. Far D beskriv seg sjølv som ein far som har oversikt,

men som er svært forsiktig med å gripe inn i barnas kvardagsliv heime hos mor. Han beskriv strategiar for å kunne handtere moglege utfordringane når det gjeld sonen i høve skularbeid, pc-bruk og sinnemeistring. Far D beskriv seg som ein far som vil meistre desse utfordringane i samarbeid med mor til barna. Dersom barna skulle nokon gang ynskje å flytte til han, ser han positivt på det.

Far D beskriv kjærleik og respekt som dei viktigaste kvalitetane ved relasjonen til barna sine. Utan varme og genuin omtanke for den andre blir det ingen respekt i relasjonen, seier han. Respekt beskriv han som fundamentet i einkvar menneskeleg relasjon. Respekt inneheld kvalitetane gjensidigheit, tillit, forståing og ikkje minst genuin omtanke for den andre. Utan slik respekt er reell autoritetsutøving overfor barna umogleg, seier far D. Foreldre blir då berre papirautoritetar, utan reell påverknadskraft, seier han. Far D beskriv seg sjølv som ein person som er grunnleggande kritisk til autoritetar, også til sjølve omgrepet autoritet. Han mislikar påbod og kontroll, og seier at det er den genuine omtanken for den andre som er viktig. Det å engasjere seg i å ville barna sine vel er det som konstituerer hans autoritet som far, beskriv far D. Far D beskriv seg og sine barn som likeverdige og nærmast likestilte når det gjeld makt og mynde i relasjonen. Han beskriv ein relasjon til barna prega av gjensidig dialog. Det er gjennom dialog og argumentasjon han freistar å påverke barna i ynskte retningar. Han unngår å gi påbod, kontrollere og iverksette konsekvensar overfor barna sine, men argumenterer heller og appellerer til deira sunne fornuft, seier han. Far D tar avstand frå å bruke makt overfor barna sine. Han beskriv ein grunnleggande redsel for å krenke dei på nokon måte. Far D seier at han fokuserer på kontakten med barna sine. Gjensidig dialog, argumentasjon, forklaringar og grunngjevingar og meningsfylte aktivitetar som utviklar barnas potensiale er det han vil at kontakten med barna skal innehalde. Det er viktig for han å bevare kontakten og førebygge at barna eller mor hindrar samværet. Han unngår difor å gjere noko som kan sette kontakten i fare. Han har erfart at mor og barna tidlegare har hindra samværet, og det vil han ikkje skal skje igjen. Far D opplever også å konkurrere med skule, fritidsinteresser og vener når det gjeld å få til avtaler om samvær og aktivitetar saman med barna. Han bur eit stykke unna barnas bustad, og dei har sin kvardag, vener og fritid hovudsakleg hos mor. Han beskriv også store utfordringar når det gjeld å få til det han kallar eit meningsfylt samvær med sonen:

*”Det er ikkje sånn med oss at no skal vi sette oss ned og ha ei nær samtale. Så fann vi ei gullgruve i sportsaktivitetar! Vi møtest og har det artig saman, og vi kan snakke om ting i etterkant eller forkant av aktivitetane.”*

Far D har fokus på kvaliteten når det gjeld kontakten med barna sine. Han beskriv at han etter kvart har opparbeidd seg stor kompetanse når det gjeld å vite kva barna likar, og korleis han skal sikre at kontakten og samværet blir bra:

*”Når eg vil ta opp noko viktig med sonen min, så gjer vi først ein fysisk aktivitet, då føler eg at vi får kontakt. Så pratar vi etterpå. Vi pratar ganske kort, det er ikkje lange samtalar, toppen ti minutt prating. Og det går mykje på det å hjelpe han med større sjølvinnstikk. Å berre site rundt middagsbordet eller sjå tv gir ikkje slik kontakt og moglegheit til samtale som det å til dømes spele squash”.*

Far D beskriv det å vere far til ungdommar som ein utfordrande balansekunst, som noko som er annleis enn å vere far til småbarn. Med småbarn var det å passe på, sørge for mat og klede, omsorg og trøyst meir sentralt. Han legg no vekt på at han i si farsolle vil inspirere, utfordre, men også passe på. Men ungdommane sine behov er likevel meir fridom og autonomi, seier han:

*”Tenåringar likar å vere med å bestemme, og du kan ikkje kontrollere dei som før, dei treng fridom.”*

Far D beskriv ein skilnad mellom små barns behov og større barns behov, og korleis dette påverkar han som far. Han erfarer dilemmaet mellom på den eine sida å vise barna tillit, gi dei rom for å gjere sjølvstendige val og gjere kontakten med han attraktiv nok til at dei vel samvær med han framfor andre ting, og på den andre sida behovet for å sette krav og utøve kontroll med dei. Han reflekterer slik over det å vere tenåringsfar:

*”Når du har med tenåringar å gjere, så er det viktig å vere fast og bestemt, tydeleg og klar. Samstundes skal du gi passe fridom, vise tillit og forståing. Du skal gjere begge deler. Du skal ikkje vere for grei, då blir du for lite klar, og du skal ikkje vere for bestemt, då føler barna seg overkøyrte.”*

Far skildrar her forventninga til foreldrerolla når det gjeld å hjelpe barna i deira utvikling mot autonomi og sjølvstende, og det å utøve autoritet som foreldre (Arendell 1997). Han legg vekt på respekt og bruk av sakleg argumentasjon i relasjonen, og han beskriv ein tilnærma symmetrisk relasjon i høve barna sine. Dette siste er i tråd med forskning som beskriv at

autoritetsforholdet mellom foreldre og barn i ungdomstida endrar seg til meir gjensidige former for autoritet, frå avhengigheit til uavhengigheit (Smetana & Metzger 2008). Far D beskriv seg som ein far som oppmuntrar og viser tillit, heller enn ein far som lagar avtaler og følgjer opp med kontroll. Han ynskjer likevel at barna skal delta meir når det gjeld plikter heime, og følgje opp dei forventningane han set til dei som far om skulearbeid og bruk av data. Han har erfaring med at samtaler, argumentasjon og appell til barnas sunne fornuft ikkje alltid fører fram. Han konkretiserer dilemmaet han erfarer i sin aktuelle situasjon mellom det å utøve autoritet og risikere brot i relasjonen med barna, kontra det å utøve kjærleik og bevare relasjonen:

*”Eg vil gjerne at barna skal ta i eit tak heime når det gjeld husarbeid og plikter, og sonen min kunne godt ha gjort ein større innsats når det gjeld skulearbeid og bruke mindre tid framfor pc en. Eg kunne nok godt tenke meg å sette foten ned i enkelte situasjonar og seie at sånn blir det, no blir det ikkje meir diskusjon rundt dette! Men det er veldig vanskeleg for meg. Barna mine står meg veldig nær, og eg er redd for å såre og overkøyre dei, og eg vil bevare den gode relasjonen vi har no. Det er viktig for meg at vi har positivt samvær, og eg tenker at dei kan slutte å kome til på besøk viss dette endrar seg.”*

Tildeling av plikter heime, det å sette grenser for bruk av data, tv og å kontrollere skuleinnsats er utfordrande oppgåver for far D. Han beskriv manglande interesse og ferdigheiter for foreldreoppgåver som krev oppfølging og kontroll over tid. Han skildrar ei oppleving av at han ved å tildele plikter, lage avtaler som skal regulere barnas åtferd og kontrollere desse, står i fare for å endre kvaliteten på relasjonen, slik at barna kan svare med motmaktstrategiar (Rudolph og Rudolph 1980). Den mest trugande motmaktstrategien far ser føre seg er at barna kan slutte å kome på besøk til han og bryte kontakten med han. Dette har han erfart før som veldig vondt. Overfor ein slik motmaktstrategi kjenner far D seg sårbar og makteslaus. Sjølv om far D beskriv både personlege, ferdigheitsmessige og ideologiske grunnar til at han vel bort autoritetsrelasjonen, så er tap av kontakt med barna og ei visse om at barna er i stand til å gjennomføre dette det som påverkar han mest i hans val av foreldrestrategiar overfor barna. Barna bur hos mor, og relasjonen mellom mor og far er på nokre område prega av mangel på tillit, slik at foreldresamarbeidet er erfart å kunne vere utfordrande, beskriv far. Som far med samvær står han fjernare frå barnas kvardag enn mor. Han har ikkje den løpande, tette kommunikasjonen og oversikta som det å bu saman kan gi, ei oversikt som kan lette det å ta effektive beslutningar som far. Denne oversikta er det mor som har, seier han. Samværet mellom far og barna blir løpande avtalt, og han erfarer å måtte konkurrere med andre viktige

ting i barnas liv. Det har også vore vanskar i relasjonen mellom far sin nye kjærast og barna, og far valde kjærasten bort av omsyn til barna, for å unngå at dei skulle slutte å kome på besøk til han. Far beskriv ei sårbarheit som far overfor barna når det gjeld avvising og ei erfart maktesløyse som påverkar når det gjeld plikter. Han seier at han for einkvar pris vil unngå å gjere noko som kan få barna til å avvise han som far. D beskriv si sårbare rolle som far, der Svarteper er ein metafor for det å misse kontakten med barna og sitte åleine igjen:

*”Angst for å bli avvist og forlatt gjer meg litt sårbar som far. Eg er redd for å bli ståande åleine med svarteper.”*

Den viktigaste grunnen til at far unngår autoritetsutøving når det gjeld å iverksette plikter og lage avtaler om skularbeid og tv-sjåing, er ei opplevt sårbarheit og maktesløyse som autoritet (Rudolph og Rudolph 1980) i relasjon til barna sine. Dersom barna skulle avvise han, ser han ikkje at han har moglegheiter til å bevare kontakten og relasjonen. Far D erfarer dette som ein reell trussel. Han har erfart at dette har skjedd før, og at han då ikkje fekk hjelp og støtte som far. Erfaringa og trusselen styrer i bertdeleg grad hans val av foreldrestrategiar. Å oppretthalde kontakten med barna er såleis det viktigaste for far D. Han engasjerer seg for at kontakten skal vere meiningsfull for både barna og han sjølv, og han bruker samværet til å påverke og inspirere barna gjennom dialog og aktivitetar. Han unngår påbod og kontroll, også fordi barna hans fungerer i samsvar med samfunnets forventningar, og på ein måte han som far erfarer å handtere akkurat no.

Far D erfarer farsrolla som ei sårbar rolle, både når det gjeld kjærleiksarbeidet og autoritetsarbeidet. Han opplever å bli vurdert av tenåringane sine heile tida. Er samværet artig nok? Er andre interesser og behov viktigare enn å vere saman med far? Plikter, grenser og kontroll er noko han tenker barna vil avvise, slik situasjonen er no, medan varme, dialog og meiningsfylte aktivitetar vedlikeheld relasjonen og kontakten. Barna hans har blitt tenåringar, og med auka alder følger fridom og auka rett til å bestemme over eige liv. Det er ein sosial realitet i vårt samfunn (Hennum 2002), og far D anerkjenner desse i høve sine barn. Barna kan avvise far, og far opplever tilnærma ingen mynde når det gjeld utøving av autoritetsarbeid. Dersom han påverkar i form av auka kontroll, kan barna utvise motmakt og avvise han. Men han erfarer også redusert mynde når det gjeld kjærleiksarbeid. Begge deler blir vurdert av barna, og han erfarer eit trugsmål om å bli avvist og forlatt av barna, dersom han gjer feil eller noko dei ikkje likar, både når det gjeld kjærleiksarbeidet og autoritetsarbeidet. Sjølv om han skulle ynskje å sette ned foten og vere bestemt og tydeleg,

noko han seier at han ofte ynskjer og som han veit at barn treng, så vel han kjærleiksrelasjonen framfor autoritetsrelasjonen. Det er også det valet kan gjere når barna bur hos mor og slik samarbeidsrelasjonen mellom han og mor er akkurat no, seier han. Kjærleiksarbeidet definerer han som å gi barna god veiledning, støtte, inspirasjon og utfordringar med fokus på det positive. Han vil at barna skal oppleve at han gjer sitt beste for å hjelpe og støtte dei i vala dei gjer, og målet hans som far er å oppretthalde ein relasjon basert på kjærleik, respekt og det å unngå konflikter. Det å utøve kjærleiksrelasjonen er utfordrande nok. Far D beskriv seg og barna som tilnærma likestilte i relasjonen, men hans skildringar kan tyde på at barna har betydeleg makt i relasjonen, både når det gjeld varme og kontroll. Han synest mest makteslaus når det gjeld utøving av autoritet som går på å iverksette avtaler og kontrollere desse, og synest å ha mest autoritet når det gjeld kjærleiksrelasjonen.

Far B og far D har valt ulikt i relasjonen til barna sine, og valt ut frå det som er mogleg i den situasjonen dei er i akkurat no. Begge opplever farsrolla som sårbar og utfordrande. Far B får ikkje til å utøve kjærleiksrelasjonen slik han gjerne vil. Far D får ikkje til å utøve autoritetsrelasjonen slik han kunne tenke seg. I begge historiene spelar barna sentrale roller som sosiale aktørar og påverkarar i samspelet mellom foreldre og barn. Fedrane beskriv ulike dilemma og utfordringar i sin relasjon til barna sine. Dei skildrar at autoritet og kjærleiksarbeid sett på ein analytisk måte har skilt lag (Hennum 2002) no når barna er ungdommar. Samstundes skildrar dei ei erfaring av at autoritet og kjærleik er dimensjonar som heng tett saman i relasjonen til barna, at dimensjonane er gjensidig avhengige av kvarandre, påverkar kvarandre og er erfart som to sider av same sak. Autoritetsarbeidet er på same tid fars kjærleiksarbeid i familie B, medan kjærleiksarbeidet på same tid er fars autoritetsarbeid i familie D. Skilja mellom autoritet og kjærleik er analytiske heller enn erfarte. Autoritet og kjærleik er dynamiske kvalitetar som samspeler med kvarandre i foreldre - barn - relasjonen, i tett samspel med den aktuelle konteksten relasjonen er ein del av. For far B ser konteksten ut til å vere prega av forventninga om den omsorgsfulle autoritet med vekt på kontroll for å verne barnet. For far D ser konteksten ut til å vere prega av at han ikkje deltek på ein tett og strukturert nok måte i barnas kvardag, der målet er å oppretthalde kontakten med barna.





## KAPITTEL 5 – FORELDRAS ERFARINGAR MED SAMFUNNETS FORVENTNINGAR (PARENTHOOD)

I dette kapittelet presenterer eg korleis foreldre i materialet mitt erfarer samfunnets forventningar til foreldrerolla. Foreldra skildrar også sine erfaringar som kjønna foreldre i høve autoritet, og eg ser dette opp mot Hennem (2002) sin analyse av autoritet som kjønna foreldrepraksis.

### 5.1 Meistring og venleg kontroll til barnets beste

Hennem (2002) hevdar at samfunnet sine kulturelle koder i Norge når det gjeld parenthood er å legge til rette for ein lukkeleg barndom, lage gode kjensler, skape harmoni og ikkje påføre barna noko vondt. Foreldra i mitt materiale skildrar forventningane om det å vere foreldre slik:

*”Vi ynskjer at barna har opplevt seg sett og elska av oss foreldre. At dei kan seie at dei har hatt foreldre som var der for dei og som gav dei passe fridom og passe ansvar, som passa på dei og hjelpte dei når dei trengde det.”*

Det foreldra skildrar, kan kallast ei forventning om meistring og venleg kontroll. Foreldra ynskjer at barna har erfart eit varmt blick frå ein forelder som var til stades på ein omsorgsfull måte. Eit varmt blick ser barnet og møter barnets individuelle behov til eikvar tid, slik at barnet kjenner seg elska av tilgjengelege og lydhøyre foreldre, der barnets initiativ og rytme er viktig i samspelet. Foreldra beskriv forventningar om å vere gode støttespelarar og hjelparar i ein relasjon kjenneteikna av tillit og tryggleik. Far E beskriv dette som å vere ”faste klipper som barnet kan stole på.” Far B ynskjer også å vere ein varm og engasjert far. Andre foreldre beskriv eit ynskje om å vere foreldre som barna kan betru seg til, som viser tillit og støttar barna.

Relasjonen mellom foreldre og barn blir forventa å skulle famne heile livsverda til barnet til eikvar tid. Foreldra beskriv det overordna målet som at barna skal bli sjølvstendige og meistre på alle område i livet sitt. Dei beskriv det som si oppgåve å sørge for gode moglegheiter til livsutfalding, slik at barnet får bruke potensialet sitt. Bø og Olsen (2008) seier at samfunnets forventningar til foreldre i dag synest å vere store. Foreldre har ansvaret for barnas sosiale og intellektuelle utvikling, og dei har koordinerande funksjonar på mange forhandlingsarenaer,

som skule, fritid og i familien. Foreldras skildringar viser at dei set krav til både seg sjølve og barna sine, der målet er meistring på alle område. Kravet om meistring gjeld både barna og dei sjølve som foreldre. Foreldre - barn - relasjonen vert sett som viktig for å nå dette målet, og foreldra spelar ei betydeleg rolle når det gjeld barnas meistring:

*”Eg ynskjer at barna mine kan seie at eg har gitt dei rom til å kunne utvikle seg og bli trygge, og at dei meistrar livet sitt når det gjeld vennskap, skule og kjærleik.”.*

Foreldra skildrar forventningane om det ideelle foreldreskap, det Hennum (2002) beskriv som samfunnets kulturelle koder eller parenthood. Ho beskriv desse som den gode barndom, der foreldre og barn lever i harmoni med kvarandre og samfunnet elles, utan store konflikter og problem.

Foreldra i materialet mitt beskriv parenthood i tråd med gjeldande offentlege politiske føringar og aktuell litteratur når det gjeld synet på barn, barndom og foreldreskap, der barnets behov og barnet som sjølvstendig sosial aktør i tråd med sine individuelle føresetnader står i sentrum. Foreldra skildrar ei forventning frå samfunnet om å skulle meistre som foreldre. Særleg gjeld dette ei forventning om å kontrollere barna sine, slik at både foreldre og barn meistrar i tråd med samfunnet sine forventningar. Foreldra beskriv ein kvardag der dei skal vere engasjerte og sørge for at både barna og dei sjølve meistrar. Dei ynskjer at barna skal meistre på alle område i livet sitt. Foreldra beskriv eit slags dobbelt ansvar for meistring: Dei har ansvar både for barna og sin eigen meistring som foreldre, og at dette er gjensidig avhengig av kvarandre. Korleis utfordrande foreldreskap med fokus på meistring kan prege kvardagen blir skildra av foreldre med tiltak slik:

*”Vi må passe på heile tida, vi må dytte på, følgje opp, motivere og forklare. Vi må skjerpe inn, slakke opp, ta nye grep – ikkje ein einaste dag er lik, så vi må ikkje sove i timen.”*

Målet om den meistrande forelderen krev ein vaken, involvert og engasjert forelder som har oversikt, set krav, oppmuntrar, samtalar med, er saman med og utøver kontroll med barna sine kvar einaste dag. Foreldra som beskriv særleg utfordrande foreldreskap beskriv dette som å dytte på, skjerpe inn og ta nye grep. Målet her blir konkretisert som mål for meistring i kvardagen, med fokus til dømes å meistre å stå opp, gå på skule, meistre noko på skule, overhalde innetid, og gjere lekser. Å meistre noko er beskrive som ein viktig motivasjonsfaktor for foreldras engasjement:

*”Barna må føle at dei får til noko – det er kanskje det som er drivkrafta vår.”*

Alle foreldra beskriv forventning om meistring, både når det gjeld dei sjølve som foreldre og at barnet skal meistre. Når barnet meistrar, betyr det at foreldra meistrar som foreldre. Viss ikkje barnet meistrar, meistrar ikkje foreldra. Særleg dei foreldra som har barn som krev ekstra mykje i familiar som har tiltak frå barnevernet, skildrar ein krevande kvardag for å nå mål om meistring. Foreldra beskriv korleis dei vel å gå inn i konflikter med barna for at barna skal kunne meistre i høve samfunnets forventningar. Desse foreldra vel å engasjere seg, strukturere og kontrollere barnas kvardag på det som kan skildrast som ein intens måte, med mål å oppnå forventa kontroll med barnets åtferd og utvikling på konkrete livsområde i kvardagen.

## **5.2 Autoritetsutøving og kjønn**

Hennum (2002) beskriv at mødrer erfarer større utfordringar når det gjeld å utøve foreldreautoritet enn fedrar, og at mødrer har eit svakare legitimeringsgrunnlag for foreldreautoritet enn fedrane. Dette grunngir ho med at foreldreskap er ein kjønna praksis, der det vert retta ulike forventningar til mor og far. Mødrene i mitt datamateriale beskriv seg som sjølvsgatte autoritetsutøvarar, som legg vekt på kontekstuelle forhold når dei utøver autoritet. Fedrane skildrar seg som lyttande autoritetsutøvarar som forhandlar, men som legg vekt på å overhalde grenser når dei først er avtalte. Sett opp mot Hennum (2002) sine analyser, kan det verke som mitt materiale beskriv ein meir kjønnsnøytral eller avkjønna autoritetspraksis enn det Hennum (2002) sine analyser beskriv.

### **5.2.1 Mødrene er sjølvsgatte autoritetar som leier og strukturerer utfrå barnas behov og familiens aktuelle situasjon**

Når eg ser på mødrene si autoritetsutøving, finn eg at alle tre mødrene skildrar det å utvise autoritet i morsrolla som ein forventa og utøvt foreldrepraksis. Dei opplever å meistre i autoritetsrelasjonen overfor barna sine. Mødrene beskriv dette slik:

*”Eg trur nok at barna mine vil beskrive meg som ei streng mor, og det tenker eg på som bra, for eg trur at barna eigentleg set pris på at eg set grenser. Eg har autoritet*

*når eg trur på meg sjølv som mor og trur at det eg gjer er rett for min familie. Eg markerer grenser for det eg ikkje finn meg i frå barnas side. Som mor med autoritet bestemmer eg og gjennomfører det eg seier at eg skal gjere.”*

Mødrene erfarer sjølv sagt utfordringar som autoritetsutøvarar, men det gjer også fedrane. Mødrene beskriv ikkje at dei som kvinner og mødrer har større vanskar enn fedrane med å vere autoritetar og utøve autoritet fordi dei er kvinner. Sommer (1997) seier at foreldre i ein autoritetsrelasjon har annleis ansvar og andre plikter i autoritetsrelasjonen enn barna, då relasjonen er assymetrisk og komplementær. Barna blir av mødrene beskrivne som forskjellige frå vaksne, med behov ulike vaksne, og med anna ansvar enn foreldra. Mødrene i utvalet legitimerer utøving av autoritet nettopp ut frå barnas behov for grenser, leiing og omsorg, og at dei som mødrer eller foreldre har ansvar for å ivareta desse behova. Mor C skildrar korleis ho tok leiing og aktiverte autoritetsstøtte då sonen braut regelen om å vere tilgjengeleg på mobiltelefon:

*”Då sonen min var borte om natta og ikkje var tilgjengeleg på mobiltelefon, ringde eg rundt til vener og veners foreldre og iverksette leiing etter han. Til slutt ringde eg Barnevernsvakta og politiet. Alt dette likte han dårleg. Vi har prata om dette masse i etterkant. No veit han at eg varslar naboane når han er heime åleine, og dei kjem innom for tilsyn når eg er borte.”*

Mor C iverksette kontrollstrategiar for å markere autoritet og påverke sonen til å følgje reglane. Å ringe naboar og politi gav henne ein autoritetsstøtte overfor sonen som styrka, heller enn svekka hennar posisjon som mor, erfarte ho. Mor C tok kontroll i situasjonen, leidde og kontrollerte bistanden, og ho etablerte strukturar med nabostøtte for å førebygge at ein slik situasjon skal oppstå seinare. Mor C beskriv sin autoritetspraksis i sin familie som leiing og strukturing. Ho bruker dialogen med barna for å sjå og møte det ho opplever å vere hennar familie sine behov:

*”Eg samarbeider med barna om korleis vi vil ha det, og kva dei sjølve må bidra med. Denne dialogen om korleis vi skal gjere det i vår familie synest eg er viktig. At vi skal ha ein slik dialog er ein hovudregel i vår familie. Det vi gjer må passe for vår familie!”*

Strukturar i familien har med barns utvikling av kompetanse å gjere (Kerr, Stattin og Engels 2008). Struktur i familien kan bli skildra som:

”structure concerns the degree to which the environment provides a systematic framework through which individuals can orient themselves, including rules, guidelines, and clear expectations. Such a framework allows the individual to anticipate the effects of his or her actions and thus facilitates a sense of control and efficacy”. (Grolnick, Beiswenger og Price 2008 s 216)

Mødrene reflekterer på almenne grenser og reglar, det ein kan kalle moralske prinsipp, opp mot den konteksten dei sjølve er ein del av, og der deira familien sine aktuelle behov står sentralt. Mødrene strukturerer kvardagen ut frå samtaler med familiemedlemene og refleksjonar rundt dette. Dette gjensidige samspelet ser ut til å vere med å påverke mødrene si utøving av autoritet. Dei tillegg den aktuelle konteksten stor betydning. ”Det eg gjer må passe vår familie, ” seier mor C. Når ho skal vurdere kva som passar hennar familie, reflekterer ho over eigen eigen barndom og oppvekst:

*”Eg prøver å reflektere rundt eigen oppvekst, ser kva er likt, kva er ulikt, at der er noko som går igjen. Kanskje har ein lært noko som er bra, kanskje har ein lært noko som blir feil no. Det beste er å akseptere at barnas og min oppvekst er ulik.”*

Mor C sin refleksjon seier noko om at samfunn, synet på barn, barndom, foreldre og foreldreskap er i stendig endring, og at ho som mor sjølv erfarer desse endringane samanlikna med eigen oppvekst. Barna og min oppvekst er ulik, seier mor. Mor C beskriv det Sommer (1997 s 96) refererer til som ein tilstand av irrelevans:” Det vil si at foreldrene ikke uten videre kan bruke hverken sin personlige erfaring eller gammel visdom som er nedlagt i tradisjonen, som rettesnor for barna sine”. Mor C må tenke nytt som mor og autoritet i dag. Mors skildring er i tråd med synet på familie, foreldrerolle og barn som sosiale, kulturelle konstruksjonar, situerte i tid og rom og i stendig endring (Jenkins, James og Prout 1998). I dette perspektivet er korkje morsrolla eller autoritetsomgrepet statiske universelle storleikar, men noko som varierer og endrar seg over tid, og som mor C er med på å påverke sjølv. Alle tre mødrene i utvalet skildrar eit erfart kulturelt etterslep når det gjeld samfunnets forventningar til morsrolla og foreldreautoritet. Dei beskriv sine erfaringar slik:

*”Eg har erfart at det vert sett ulike forventningar til det å vere far og mor, og eg har også møtt gamaldagse haldningar til det å vere einsleg mor som eg har vore lite førebudd på. Som åleinemor er det jo eg som bestemmer alt åleine som mor! Som stemor har eg vore oppteken av å gjere det barnas mor ville synest var rett og ikkje undergrave hennar autoritet overfor barna.”*

Mødrene i utvalet har alle erfaringar med å vere åleine om den daglege omsorga for borna i periodar. Dei skildrar seg som suverene og kompetente autoritetar overfor barna sine. I kvardagen har det vore dei som tidvis åleine har bestemt alt, utan samarbeid og forhandlingar med ein medforelder. Med ein medforelder i familien endrar dette seg, men det endrar likevel ikkje på deira oppfatning av seg sjølve som sjølvsgatte autoritetsutøvarar. Sommer (1997) seier at sjølv om kulturen spelar ei betydeleg rolle i korleis foreldre tilrettelegg omsorga for barn, så må omsorga forhandlast inn i den einskilde familie sin røyndom. Mødrene i utvalet sin røyndom er å sjå seg sjølve som naturlege foreldreautoritetar, der det å utøve autoritet er beskrive som ein sjølvsgatt del av det å vere foreldre, anten ein er mor eller far. Mødrene har erfart at forventningane dei blir møtt med i samfunnet og det offentlege rom kan vere annleis enn det moderskapet dei utøver i praksis, jamfør Hennem (2002) sin analyse. Mødrene utøver mynde når det er nødvendig ut frå barnets behov, og det ansvaret beskriv dei å ta og lukkast med som mødrer.

Då utvalet mitt er såvidt lite og heller ikkje er eit representativt utval, er det uråd å trekke slutningar om eventuelle kjønnskilnader når det gjeld autoritet. Mødrene i utvalet beskriv seg sjølve som mødrer med ynskt, forventa og faktisk autoritet i sin kvardag i familien. Dei bruker den mynden dei har som mødrer i samspel med barna og andre vaksne ut frå barnas behov, foreldremål og familiens aktuelle situasjon.

### **5.2.2 Fedrane lyttar og forhandlar med barnets beste for auge og held fast på inngåtte avtaler av same grunn**

Fedrane i utvalet mitt skildrar utøving av farsautoritet i tråd med det Hennem (2002) kallar kompetansebasert autoritet:

*”Å vere far med autoritet betyr at eg lyttar til barna mine og at eg har eit mål med det å bestemme ut frå at eg vil barna mine vel, og ikkje berre bestemmer fordi eg ynskjer å gjere det, eller fordi eg tenker at eg står over barna mine.”*

Fedrane beskriv ein autoritetspraksis der dei tek omsyn til barnets behov. Dei prøver å ta barnets perspektiv ut frå ein grunnleggande respekt for barnet og barnets eigenverd. Fedrane utøver kontroll med barna ved å gi tydeleg uttrykk for forventningar og utforme retningslinjer med reglar og konsekvensar med barnets beste for auge. Fedrane legg vekt på å begrunne og forklare overfor barna. Dei beskriv at autoriteten blir skapt i relasjonen mellom foreldre og barn, det er ein kompetanse som bygger på den kunnskapen fedrane har om barnet og dei

kommunikasjons- og leiarferdigheitene far utviser i samspelet. Fedrane i materialet tek avstand frå den autoritære foreldrestilen beskrive i litteraturen som ein foreldrestil der ein forelder freistar å

” shape, control, and evaluate the behavior and attitudes of the child in accordance with a set standard of conduct, usually an absolute standard...she does not encourage verbal give and take, believing that the child should accept her word for what is right” (Baumrind 1971 s 22).

Far A beskriv at han tidlegare hadde ein autoritær foreldrestil. Då sette han absolutte krav til barna, gjerne med sint stemme. Han opna ikkje opp for andre perspektiv enn sitt eige. Han let kjenslene løpe av med seg overfor barna når det vart konflikter. Etter råd frå barneverntenesta og ein miljøterapeut som kom inn i heimen for å gi hjelp til betre samspel, har han endra foreldrepraksis, seier han:

*”Du har ingenting igjen for å bruke kommandostemme og vere autoritær. Slikt noko er vondt for barna og negativt i lengden.”*

Far A beskriv at han opplever å lukkast betre som far no, både overfor barna og i samarbeidet med mor. Han beskriv seg som rolegare, han lyttar meir til barna, kona og andre sine innspel. Han engasjerer seg og fokuserer på det som barnet meistrar. Han forklarar og grunngjer, seier han. Ein forelder med autoritet kan beskrivast som ein som

” attempts to direct the child`s activities, but in a rational, issue-oriented manner. She encourages verbal give and take, and shares with the child the reasoning behind policy. She values both expressive and instrumental attributes, both autonomous self – will and disciplines conformity. Therefore, she exerts firm control at points of parental – child divergence, but does not hem the child with restrictions. She recognizes her own special rights as an adult, but also the child`s individual interests and special ways. The authoritative parent affirms the child`s present qualities, but also sets standards for future conduct. She uses reason as well as power to achieve her objectives...” (Baumrind 1971 s 22)

Far A skildrar at han konkret uttrykker klare forventningar til sonen om at han skal gå på skule kvar dag og møte presist til timane. Han beskriv korleis han engasjerer seg dagleg for å få sonen til å lukkast, der dialog, ros, kontroll og mynde blir brukt som foreldrestrategiar for å nå målet om meistring. Forhandlingsfamiliane (Sommer 1997) har mykje til felles med det Baumrind (1971) beskriv i sin modell av foreldre med autoritet. Moderne familiar i vestlege industrisamfunn legg vekt på forklaringar, grunngjevingar, forhandlingar og argument i si

samhandling med barna. Når foreldre involverer barna i diskusjonar og samtaler om kjensler og beslutningar, understøttar dette barnas utvikling av personleg og sosial kompetanse. Far A beskriv korleis han set seg ned saman med barna og forklarar sine forventningar til dei, kva konsekvensar ulike val inneber, han kommanderer ikkje og bestemmer ikkje berre for å bestemme, seier han. Der ligg ein fornuftig logikk bak krava, seier han. Han vil barna sine det beste, at dei skal nå måla om meistring. Fedrane i materialet mitt beskriv at når dei først har sett grenser for barna, så erfarer dei at det er viktig å ikkje gi etter når dei først har bestemt seg for ein avtale eller grense. Dei legg vekt på å vere tydelege og tru mot det som er avtalt og ikkje vingle. Når avtalene er inngått, er døra til forhandlingsromet som regel stengt:

*”Set vi grenser, forventar vi at barna overheld dei. Når vi har sett ei grense er det viktig å ikkje gi etter.”*

Analysen viser at mødrene og fedrane beskriv seg som autoritetar slik Sommer (1997) skildrar foreldre i forhandlingsfamiljar. Både mødrene og fedrane utøver autoritet i eit humant og demokratisk perspektiv. Barnet blir sett som ein individuell og unik person med egne rettar, som skal bli høyrte og sett i sin relasjon til foreldra. Alle tre fedrene beskriv at det å halde fast på dei avtalene som er gjort er viktig for å behalde foreldreautoritet. Då er det ikkje lenger rom for forhandlingar. Nokre mødrer beskriv utfordringar i autoritetssamarbeidet som går på samarbeid med fedrane, der mødrene og fedrane kan vere usamde om kor hardt dei skal stå på avtalene, og kor lukka forhandlingsdøra skal vere når nye moment dukkar opp. Fedrane kan meine at mødrene gir lettare etter for utprøving, medan mødrene kan seie at fedrene ikkje ser alternativa og situasjonen godt nok, jamfør mødrenes skildringar av konteksten som viktig for si autoritetsutøving.

Foreldras forventningar til egne roller ser ut til å stemme overeins med den nye barndomssosiologien (James, Jenks og Prout 1998), med fokus på barnet som sosial aktør med egne rettar. Foreldras skildringar av eigen autoritet er i tråd med forventningar om auka jamstelling mellom menn og kvinner, og mellom fedrar og mødrer i samfunnet vårt. Sånn sett ser eg ein tettare samanheng mellom nyare litteratur om barn, foreldre og samfunn og foreldrepraksis i materialet mitt når det gjeld haldning og handling enn det Hennem (2002) presenterer i si avhandling. Ein årsak til dette kan vere at samfunnsutviklinga på dette området både teoretisk, haldningsmessig og faktisk har endra seg radikalt siste to tiåra, at det kan ha vore store endringar sidan Hennem (2002) innhenta empiri til si avhandling. Mitt materiale



kan såleis ha fanga opp og spegla desse nyare endringane når det gjeld avkjønning av foreldreskap og likare foreldrepraksis mellom mødrer og fedrar.

### 5.2.3 Avkjønna autoritetspraksis?

Analysen viser at både mødrene og fedrane i utvalet mitt beskriv det Hennem (2002) kallar kompetansebasert autoritet i familien, men også autoritet utøvt i kraft av sine posisjonar som foreldre i familien. Desse to typane autoritet er erfart som noko som heng saman med kvarandre, som samspelet på måtar som erfaringsmessig kan vere vanskeleg å skilje frå kvarandre. Posisjonsbasert og kompetansebasert autoritet ser ikkje ut til å bli opplevt som åtskilt i materialet mitt. Det blir heller ikkje erfart som å henge særleg saman med kjønnsroller og ulike forventningar til mor og farsrolla. Hennem (2002 s 89) viser til La Rossa (1997) som argumenterer for eit perspektiv på moderskap og faderskap med fokus på likskapar, heller enn det som er ulikt. At moderskap og faderskap truleg kan vere likare enn det ein har trudd og framstilt det som. Foreldra sine beskrivingar er meir i tråd med dette teoretiske perspektivet. Mine analyser tilseier at både mødrene og fedrane i mitt materiale utøver omsorgsfull autoritet basert på kompetanse som både er generell og spesiell for sin aktuelle situasjon. Dei utøver autoritet som foreldre og i gitte situasjonar. Eg finn ikkje haldepunkt for at dette er vanskelegare eller meir utfordrande for mødrene enn for fedrane. Eg finn heller ikkje at fedrane er dårlegare på utøving av kompetansebasert autoritet enn mødrene, eller at dei har dårlegeare kommunikasjonsferdigheiter enn mødrene på nokon måte. Far B beskriv ein omsorgspraksis når det gjeld autoritet med sterk vekt på kontroll for å kunne ta vare på dottera si på ein best mogleg måte akkurat no. Far D beskriv ein autoritetspraksis med fråver av mynde og kontroll, og vekt på varme, aktivitetar og kontakt som relasjonsbevarande foreldrepraksis. Føremålet hans er å påverke barna sine til å ikkje bryte kontakten, og at barna skal bruke sitt potensiale og utvikle seg til sjølvstendige og autonome menneske. Dette er, slik eg analyserer det, medvitne val tatt av fedrane ut frå måla dei set som ansvarlege foreldre med omsorgsansvar. Det er også val tatt på bakgrunn av dei moglegheitene fedrane ser i sin aktuelle situasjon, heller enn kjønn. Målet for omsorgen og foreldras eiga rolle i barnas kontekst er faktorar som påverkar desse fedranes val av foreldrestrategiar. I tillegg spelar forhold ved barna sjølve som sosiale aktørar i relasjonen inn, samt den vidare konteksten relasjonen er ein del av.

Dei andre foreldra i utvalet beskriv også autoritetsutøving på ulike måtar, alt etter erfarte behov og aktuelle situasjonar. Mødrene beskriv kanskje i noko større grad enn fedrane at dei held døra på gløtt for å kunne gjenoppta forhandlingar med barna enn det fedrane gjer. Men skildringane viser at både fedrar og mødrer i materialet mitt ser seg sjølve med sjølvsagt, omsorgsfull autoritet i høve barna sine. Foreldra erfarer at barnas åtferd i stor grad avgjer kva type autoritet foreldra utøver, særleg når det gjeld dimensjonane varme, kontroll og autonomi. Viser barna utfordrande åtferd, ser foreldra det naudsynt å utvise autoritet med stor grad av struktur og kontroll. Viser barna at dei kan regulere eiga åtferd i tråd med familien og samfunnets forventningar, ser foreldra det som viktig å handle på ein måte som legg til rette for meir likeverd i relasjonen når det gjeld makt og mynde. Det vil seie at dei behandlar barnet som ein meir likestilt sosial aktør, med større rom for barnets autonomi i relasjonen.

## KAPITTEL 6 – KORLEIS UTØVER FORELDRE AUTORITET?

Eit mål med dette forskingsprosjektet er å belyse korleis foreldre utøver foreldreautoritet overfor barna i kvardagen. Kva gjer dei? I denne delen av analysen skildrar foreldra tre typar tiltak som dei erfarer fungerer for seg og sin familie.

Den første typen tiltak er å etablere ulike strukturar for å organisere og gjennomføre utøving av leiarskap i familien. Foreldra legg her vekt på å formidle tydelege forventningar på kva barna skal meistre, og dei gir tilbakemeldingar til barna på dette. Eg introduserer i samband med dette ei teoretisk tilnærming til strukturomgrepet i familien, som eit bakteppe å sjå foreldras skildringar av sine erfaringar opp imot.

Den andre typen tiltak beskriv korleis foreldra i to familiar forhandlar fram avtaler med barna. Far B skildrar korleis han planlegg, tilrettelegg og styrer forhandlingane. Han beskriv situasjonar der forhandling ikkje lenger er mogleg, der han vel å stenge døra til forhandlingsromet. Mor C og far D beskriv ein forhandlingsrelasjon med barna, der samhandlinga er meir symmetrisk og gjensidig når det gjeld mynde og kommunikasjon. Det tredje autoritetstiltaket beskriv korleis foreldre bruker mynde for å ta leiing og kontroll og bestemme over barna i det dei opplever som utfordrande situasjonar.

### **6.1 Struktur i familien som sikrar leiarskap, med vekt på oversikt og kontroll**

Grolnick, Beiswenger og Price (2008) viser til Farkas & Grolnick (2006) si konkretisering av omgrepet struktur i familien. Struktur er her eit uttrykk for korleis foreldre utøver leiarskap og samstundes utviklar barnas kompetanse. Omgrepet konkretiserer at foreldre legg vekt på å vere klare og tydelege i sin kommunikasjon til barna. Dei legg vekt på at barna skal kunne meistre det foreldra forventar. Kvardagen skal vere mest mogleg forutsigbar for barna, og dei får regelmessig tilbakemelding på seg sjølve og si åtferd. Foreldra legg vekt på å framstå som samde overfor barna om fornuftige grunngevingar for reglar, slik at barna lettare kan akseptere reglane og gjere dei til sine egne. Foreldra tar også den ultimate autoritetsrolla, med bruk av mynde når det er alvorlege konflikter mellom dei og barna.

### 6.1.1 Fredagsmøte, felles middag og faste rutiner

Familiane i utvalet beskriv travle kvardagar, der tid og overskot er knappe gode. Dette medfører utfordringar når det gjeld å sjå og høyre barna og utøve effektivt leiarskap i familien. Foreldre ynskjer å ligge i forkant og ha oversikt over det som går føre seg når det gjeld barna. Tre av familiane beskriv korleis strukturar som fredagsmøte, faste rutiner med middag og kveldsstell sikrar kontakten og hindrar situasjonar med kaos og konflikter i familien.

### 6.1.2 Fredagsmøte – eit demokratisk forum

Familie A har seks barn i ulike aldrar, alle med sine individuelle behov. Familien har etablert fredagsmøte som ein fast organisatorisk struktur, der det blir informert, tatt beslutningar, evaluert og sanksjonert i tråd med avtalte reglar. Fredagsmøte er også eit verkemiddel for å sikre limet mellom familiemedlemene:

*”Vi har bestemt at kvar fredag har vi møte rett etter middag, der alle kan få seie meininga si, også dei små. Møtet er før dei største barna drar ut og fartar, men før vi andre skal sjå Gullrekka på tv. På møta har vi ein møteleiar, ei sakliste og ein referent. Dei av barna som kan skrive, byter på å lage referat, og dette blir gjennomgått på neste fredagsmøte. På møta bestemmer vi kva vi skal ha til middag, og barna kan fortelje om ting dei er opptekne av, og også ta opp ting dei er misnøgde med. For eksempel har dei tatt opp at vi må ha ei rettferdig line i familien, slik at dersom nokon får noko, så skal dei andre også ha. På fredagsmøta utbetaler vi vekepengar. Før desse blir utbetalt, skal avtalte oppgåver vere utført og skriftleg avkryssa, og vi foreldre kontrollerer og godkjenner dette ved å signere med initiala våre. Å få vekelønn til rett tid er viktig for å få ting gjort. Vekeløna er noko vi foreldre tar ansvaret for. Referata tek vi vare på i ein konvolutt, då vi tenker at desse kan vere kjekt å ta fram igjen når barna vert vaksne.”*

Fredagsmøtet blir beskrive som ein demokratisk struktur, der alle blir sett og høyr, uansett alder. Demokratisering er nettopp eit kjenneteikn på forhandlingsfamilien (Sommer 1997). Foreldra beskriv korleis også dei små får delta, i tråd med sine føresetnader. Foreldre og barn samtaler, diskuterer og forhandlar, og avtaler blir nedskrivne og følgt opp på møte neste fredag. Foreldra i familie A skildrar familien sin som eit samfunn i miniatyr, der basisen når det gjeld å utøve foreldreautoritet er samhald og reglar. Reglane kan endrast, barna har medbestemmelsesrett og får påverke i ein demokratisk prosess. Til dømes er barna med på å avgjere kva familien skal ha til middag. Dei får gi uttrykk for ting dei er misnøgde med og vil

ha endra, og dei har til dømes bestemt at foreldra skal utøve det dei kallar ei rettferdig line når det gjeld fordeling av gode i familien. Foreldra beskriv at fleirtalet bestemmer. Det er såleis ikkje alltid slik at den enkelte får sin vilje gjennom, sjølv om argumenta kan vere gode nok. Foreldra tar likevel ei overordna leiing og opptrer som ultimate autoritetar med betydeleg meir mynde enn barna i familien. Til dømes er det dei som godkjenner korvidt barnas plikter er utført etter avtale, og det er dei som utbetaler lommepengar i tråd med inngåtte avtaler. Dette gjer dei på ein transparent måte, der alle i familien har innsyn, og der foreldra grunngir og forklarar sine beslutningar. Foreldra ser seg sjølv som vaksne, stødige rettleiarar med meir mynde enn barna. Dei er opptekne av at dei ikkje blir for ettergjevande eller autoritære i foreldrestilen, noko dei to reflekterer over når dei samarbeider seg imellom som foreldre. Fredagsforumet er ein stad der foreldra får informasjon og tilbakemeldingar frå barna:

*”Familien er som eit lite samfunn, der basisen er samhald og reglar. Foreldrerolla er å vere ein slags stødig rettleiar på vegen mot noko i eit omskifteleg samfunn. For å kunne utøve foreldreskap og autoritet, innhentar vi kunnskap og råd, og vi prøver å gjere det som passar best for oss og vår familie.”*

Barna i denne familien har stor betydning for foreldras utøving av foreldreskapet når det gjeld autoritet. Dei er foreldras forhandlingspartnarar, og det er gjennom forhandlingar at familien kjem fram til gode beslutningar, erfarer foreldra. Foreldra legg vekt på den gjensidige dialogen i samarbeidet, der dialogen er både mål og middel i foreldras foreldrepraksis. Dette uttrykker også mor C som viktig i sin familie:

*”Eg samarbeider med barna om korleis vi vil ha det, kva vi får til og kva vi ikkje får til i familien, og kva dei sjølve må bidra med. Denne dialogen om korleis vi skal gjere det i vår familie er viktig.”*

### **6.1.3 Felles middag kvar dag sikrar kontakt og beslutningsgrunnlag**

Familie C består av mor med to ungdommar, der alle tre lever hektiske liv med arbeid, skule og fritidsaktivitetar. Mor C sikrar det ho kallar den viktige dialogen ved at ho tar ansvar for at det blir gjennomført ein felles middag kvar dag, der alle tre må vere til stades. Middagen har funksjonar ut over det å sikre eit forsvarleg kosthald. Barna lærer å delta og påverke sine omgjevnader gjennom gjensidig dialog. Mor C beskriv korleis felles middag kvar dag sikrar hennar autorative rolle i familien. Ved middagsbordet får ho viktig informasjon og kunnskap frå barna. Dette utgjer eit viktig beslutningsgrunnlag når ho skal ta avgjerdsler i sin familie.

Ho får også gitt naudsynt informasjon til barna ved måltidet. Middagen fungerer som kontaktpunktet i familien, der samtalen kan vere ros over god mat, diskusjon om oppskrifter, informasjonsutveksling om fritidsaktivitetar og det å forhandle fram avtaler som gjeld barna. Ved middagsbordet opplever mor å få tilgang til barnas livsverd og kjennskap til det som rører seg i det enkelte familiemedlem. Familiens hektiske kvardag har elles få felles møtepunkt. Mor beskriv regelen om å møte til felles middag kvar dag og å sjølv tar ansvar for gjennomføringa som eit leiargrep, som sikrar forutsigbarheit for barna. Det vedlikeheld hennar autoritet i familien:

*”Det å site rundt bordet saman og ete middag kvar dag er ein regel i vår familie. Tidspunktet kan variere frå dag til dag, men forventninga mi er klar på at vi kvar dag sit ved bordet og et middag saman. Då snakkar alle med kvarandre om stort og smått, vi informerer kvarandre, vi tek beslutningar, og det kjem opp tema som kanskje ikkje ellers ville ha kome opp i vår travel kvardag.”*

Det hender at ungdommane heller vil sjå tv og gjere andre ting enn å site saman rundt bordet. Mor beskriv korleis ho då sikrar at måltidet blir gjennomført etter avtalen:

*”Det hender at eg må vere litt autoritær for å få gjennomført måltidet slik eg vil. For eksempel er det ikkje lov å sjå på tv når vi et.”*

#### **6.1.4 Faste middags- og kveldsrutiner og bruk av time - out**

Mor og far i familie E hadde tre barn kvar, og dei har nyleg etablert ein felles, ny familie. Kveldsstell og middag vart utfordrande situasjonar med såvidt mange barn. Foreldra beskriv korleis dei utarbeidde felles struktur med nye reglar og rutiner for å unngå bråk og kaos. Dei erfarte eit betydeleg behov for å snakke saman, planlegge og bli enige. Det å informere kvarandre om stort og smått sikra ei oversikt og eit beslutningsgrunnlag for å kunne handtere situasjonar som oppstod med barna der og då:

*”For å unngå bråk og kaos med så mange barn var det heilt nødvendig å strukturere middag og kveldsstell. Vi laga klare retningslinjer for korleis dette skal gjerast.”*

Å etablere ein ny familie krevde omstilling og tilpassing av dei enkelte familiemedlemene og at foreldra utøvde leiarskap. Foreldra utforma informative reglar for kveldsstell og middag, med tilhøyrande konsekvensar. Dei beskriv korleis dei delte opp kveldsrutinane i to

sekvensar, etter barnas alder. Dei yngste tar kveldsstellet først, slik at dei eldste får vere litt lenger oppe. Mor E fortel at hennar barn før hadde fått lov til å leike seg med tannpussen, medan far E sine barn ikkje hadde fått lov til dette. Tidspunkt for leggetid og korvidt barna fekk sjå video på senga hadde det også vore ulike reglar på i dei to familiane. Mor og far E beskriv korleis dei mange kveldar etter barnas leggetid sat og diskuterte seg fram til kva reglar og retningslinjer som skulle gjelde for den nye familien. Målet var å kome fram til felles reglar for kva som er lov og ikkje lov, og korleis dei skulle rose og sanksjonere reglane på ein konsistent måte. Foreldra skildrar korleis dei hadde eit møte med alle barna, der dei forklarte sine eigne roller i den nye familien. Dei forklarte at no var det dei to som bestemte likt over alle dei seks barna, og dei gjorde også saman greie for dei nye reglane og konsekvensane for å overhalde eller bryte desse.

Foreldra beskriv korleis dei strukturerer middagen kvar dag. Medan far E lagar middag, samtaler han med barna om korleis dagen har vore. Mor E hjelper då skulebarna med lekser, og freistar å gi den enkelte tid og merksemd. Barna må vente på kvarandre til alle har ete ferdig, før dei får gå frå bordet. Før middagen vart strukturert på denne måten, vart det lett bråk og kaos, seier foreldra i familie E.

Foreldra har innført sanksjonen "time - out" ved alvorlege brot på reglane, til dømes ved kveldsstell og middag. "Time - out" beskriv dei som at borna må sitte på ein stol i 10 minutt på ein fast plass i stova eller gangen. Deretter samtaler foreldra med barna om kva som skjedde, og barnet må be om orsaking. Foreldra bruker ikkje barneromma til dette, då dei vil at desse skal vere ei konfliktfri sone. Foreldra beskriv at dei kvar dag passar på å rose barna når dei overheld reglane og viser positiv åtferd i familien. Foreldra beskriv at dei strukturerer middag og kveldsstellet braut ein sirkel med med kaos og konflikter. Foreldra beskriv korleis det vart det lettare å få til eit positivt samspel med barna i desse situasjonane. Det å etablere ein ny familie har dei erfart som ein stor overgang, både for små og store. Det var ein prosess som tok tid, hardt arbeid og gjensidig tilpassing, der det å iverksette strukturar med klare rutiner rundt middag og kveldsstell var hjelpsam i etableringa av deira nye familie.

### **6.1.5 Dialog og forhandling i foreldresystemet om felles foreldrestrategi**

Foreldra i familiane beskriv korleis det å vere usamde som foreldre kan svekke deira effektivitet når det gjeld å få barna til å handle i tråd med deira ynskje. Foreldra i familie A, B og E skildrar det å rådføre seg med kvarandre, informere kvarandre og stå saman om

beslutningane overfor barna som avgjerande for det å utøve effektivt foreldreskap med autoritet. Målet er då å påverke barna, slik at dei handlar meir i tråd med foreldras forventningar. Far D og mor C erfarer samarbeidsvanskar med den andre forelderen som ei hindring når det gjeld å kunne snakke saman og kome fram til felles beslutningar som effektivt kan påverke barna og styrke kvarande som foreldre med autoritet. Foreldresamarbeid synest å vere viktig når det gjeld å utøve foreldreautoritet, og familie A beskriv dette slik:

*”Far og eg pratar mykje saman. Diskuterer og kjem fram til felles løysingar overfor barna, slik at det blir mest mogleg likt, og at vi ikkje seier ulike ting. For då blir det slik at eg fekk lov av mamma, men ikkje av pappa, eller omvendt. Vi sit ikkje og diskuterer medan barna høyrer på. Vi foreldre snakkar med kvarandre og tek beslutningane saman først. Det hender at vi må trekke oss ut av ein situasjon med barna for å snakke saman, diskutere og bestemme korleis planen skal bli før vi kan snakke meir med barnet. Det hender seg at vi har forskjellig syn. Då må vi to berre diskutere kvifor vi har ulikt syn, og vi må finne ei løysing, sjølv om det inneber at ein av oss kanskje må gi seg. Det er ikkje ein sånn tap og vinn – dimensjon i dette mellom oss to. Resultatet treng heller ikkje alltid å bli det som er best for barnet. Det at barna får felles informasjon og ser at vi står saman, styrkar i våre auge vår autoritet som foreldre overfor barna. Det trur vi er viktig og bra for ungane, viktigare enn å ha rett.”*

Foreldre forhandlar seg i mellom om vegen dei skal gå som foreldreautoritetar. Foreldra i familie A beskriv korleis dei lagar seg sitt eige forhandlingsrom utanfor forhandlingsromet med barna. Dit går dei når dei treng å samsnakke utan barna til stades. Foreldra samtalar, forhandlar med kvarandre og skisserer planar og løysingsalternativ i forkant av samtaler med barna. Det hender også at dei i forhandlingar med barna erfarer trong om å rådslå seg imellom. Då tek dei ein pause frå dialogen med barna og går til sitt eige forhandlingsrom, med mål å diskutere fram felles strategiar og planar. Det å forhandle seg fram til ei felles semje erfarer dei som ei støtte og noko som styrkar deira utøving av foreldreautoritet. Dei beskriv det å vere samde overfor barna som viktigare enn å ha sakleg rett. Dei beskriv at dei i utfordrande situasjonar finn det meir effektivt å stå saman, enn å finne den beste løysinga. Av og til er det å stå saman det som skal til, seier dei. Også far B erfarer at det er viktig at han og kona har diskutert og blitt samde om felles foreldrestrategiar. Han beskriv at det i hans familie lett oppstår konflikter. Foreldra i familie B har difor valt meir å ta opp ting med barnet i ein - til - ein situasjonar. Dette reduserer risikoen for å eskalere usemjer til ubehaglege konflikter og sikrar betre ein gjensidig dialog:

*”Det har blitt meir og meir slik at vi tar opp ting i ein - til - ein - situasjon med barnet. Då blir ikkje situasjonen så voldsom for henne, og vi trur at ho ikkje føler seg*



*så lett angripen og hakka på når vi har ulike synspunkt. Ho går mindre i forsvar då. Vi får gjerne ein meir fruktbar dialog når vi gjer det på denne måten. Dette med innetider og oppfølginga der er det til dømes eg som tar meg av. Men når vi skal informere om noko stort og viktig, kan det vere greitt at vi begge gjer det saman.”*

For å unngå å auke spenningsnivået til alvorleg verbal aggresjon, vel foreldra i familie B ofte å samtale med barnet åleine. Ein setting med ein vaksen og eitt barn erfarer dei som eit tiltak som oftare fører til ein vinn - vinn - situasjon, kjenneteikna av ein meir fruktbar dialog når det gjeld å oppnå avtaler og unngå konflikter.

## **6.2 Barnets føresetnader og behov påverkar rom for og form når det gjeld forhandlingar i familien.**

Analysen viser at alle foreldra i materialet forhandlar med borna sine i det private familieromet, anten dei har barneverntiltak eller ikkje. Forhandlingar gjeld utforming av plikter, reglar og konsekvensar i familien. Til dømes kva aktivitetar familien skal delta i, kven skal gjere kva, innetid, kva skal handlast inn og kva familien skal lage til laurdagskos. Foreldra beskriv at det er viktig å lære barna å forhandle, då dei ser at det er noko barna treng for å kunne delta i eit demokratisk samfunn. Foreldra beskriv forhandlingskompetanse som ferdigheiter i å planlegge, strukturere og kommunisere. Far B beskriv forhandlingane i sin familie som utfordrande ut frå dotteras behov og utfordrande åtferd:

*”Innetidspunkt er er eitt tidspunkt for kvardagar, noko seinare før helgedagar. Dette er regelen. Skal regelen fråvikast, må vi ha avtale om dette på førehand, før ho drar ut. Då vil eg ha ein dialog som medfører oversikt over korvidt det er eit arrangement eg kan gå god for og ei avtale om at eg skal hente henne. Sånn sett har eg opna for forhandlingar. Å lære å forhandle tenker eg er viktig læring, samtidig gjer eg det klart at det er eg som har øvste mynde i forhandlingane. At eg seier nei dersom eg ikkje synest at hennar forslag er gode for henne, eller at det blir mykje konflikter i forhandlingane. Då kan ein konsekvens vere at vi tar bort forhandlingsromet for ein periode.”*

Utgangspunkter for forhandlingar i familie B er dei reglane som gjeld i familien. Far B framstår som den ultimate autoriteten. Han har utforma retningsliner for korleis forhandlingane skal føregå. Han set ned foten og iverkset sanksjonar når forhandlingane ikkje føregår etter dei kriterium han som ansvarleg far har fastsett, eller når framforhandla avtaler vert brotne. Mor C og far D beskriv sine erfaringar med å forhandle med barna i sine familiar som ganske annleis. Desse foreldra beskriv få eksplisitte reglar, foreldra beskriv barna sine

som å ha internalisert familien og samfunnets normer og reglar. Forhandlingane med barna ber preg av ein gjensidig samtale mellom meir likestilte partar, der sakleg argumentasjon om behov og aktuell situasjon kjennteiknar dialogen. Både mor C og far D ser barna sine som fornuftige:

*”Vi har veldig få reglar, vi bruker dialogen for å finne ut korleis vi skal gjere det i familien. Det er vel hovudregelen. Barna er veldig fornuftige”.*

### 6.3 Foreldremynde

Hennum (2002) beskriv korleis foreldre erfarer redusert mynde til fordel for barnas auka juridiske rettar. Far B skildrar korleis han utøver foreldremynde overfor dottera:

*”Eg bestemmer meg på førehand kva målet mitt er og kvar grensa skal gå. Eg klargjer premissane for dialogen på førehand. Det kan vere at eg gir opning for å kunne forklare og begrunne grensa. Eg gjer det då klart at eg vil at ho skal høyre på meg og ikkje avbryte meg. At når eg held blyanten og snakkar, då skal ikkje ho snakke. Så får ho blyanten, då kan ho snakke, så gir ho meg blyanten når ho er ferdig med det ho vil seie. Målet er at vi får til ein dialog, utan krangling og konflikter. Andre gongar bestemmer eg at eg berre vil informere henne, det blir ein monolog. Då får ho ikkje seie noko, eg berre informerer. Så får ho tenke på det, og ho kan vere samd eller usamd, men eg bestemmer når ho kan seie det ho meiner om det, og at ho ikkje har lov til å skjelle meg ut.”*

Far B har her på førehand tenkt kva han vil skal vere målet for samtalen. Han har bestemt på førehand korleis kommunikasjonen skal føregå. Nokre gongar bruker han ein blyant å halde i som hjelpemiddel til å ta tur og snakke. Andre gongar bestemmer han at det skal vere ein monolog, der berre han snakkar. Det vil seie at dottera ikkje får snakke, ikkje kome med forslag, ikkje samtykke eller protestere der og då. Far bestemmer når ho kan seie sitt, og korleis det skal gjerast. Far beskriv at det å sette grenser med autoritet krev ferdigheiter når det gjeld planlegging, strukturering og bruk av mynde. Han seier at det er viktig å halde på grensene når han opplever at det er utprøving, maktkampar eller uvilje til konstruktive løysingar frå dottera si side. Brot på grenser medfører iverksetting av sanksjonar som å drage inn gode som lommepengar, tap av forhandlingsromet og fotfølging av dottera, der han held seg på synleg avstand frå henne uansett kvar ho går i ein gitt tidsperiode.

Foreldra i utvalet beskriv korleis dei utøver mynde overfor barna, slik at dei bevarer ro og kontroll i situasjonen:

*”Når barna bryt grensene, gir vi beskjed med vanleg stemme om at det ikkje er greitt. Så seier vi kva vi ynskjer at barnet skal gjere. Vi har fokus på det positive, og vi held fast på den grensa vi sette i utgangspunktet. Vi avsluttar samtalen der og då, utan å gå inn på avsporande diskusjonar. Å avslutte diskusjonen der og då og trekke seg tilbake gjer at vi bevarer roa og kontrollen.”*

Foreldra beskriv at det å opptre roleg og fornuftig i slike situasjonar er viktig for å bevare foreldreautoriteten. Å behalde emosjonell kontroll og ivareta ei ro overfor barna kjenneteiknar foreldremynde. Då skal foreldra handle, ikkje lenger forhandle:

*”Ved alvorlige regelbrot bruker vi 10 minutt timeout. Då må barna site stille på ein stol i gangen eller stua eller i kvar sin ende i sofaen, og tenke over kva dei har gjort, og be om orsaking etterpå. Vi bruker ikkje romet som straff, for leikeromet skal ikkje relaterast til straff.”*

Mor A skildrar si handtering av utfordrane åtferd slik:

*”Opplever eg at barnet freistar å få i gang ein krangel, har det hendt at eg tar tak i arma hans og viser han til romet sitt, og seier at no vil eg ikkje snakke meir med deg. No får du vere her og tenke deg om, så kan du kome når du har roa deg og kan snakke fornuftig. Viss han ikkje kjem tilbake, kan det hende at eg går ned og avsluttar situasjonen ved å vise til grensene mine og begrunne kvifor eg vart sint.”*

Mor beskriv korleis ho utviste sonen frå situasjonen og bad han gå på romet sitt og bli der, til situasjonen var roleg og under kontroll igjen. Foreldre beskriv korleis dei kan ta kontroll ved å trekke seg ut av situasjonen sjølve:

*”Det hender at eg kjenner at eg blir så sint og opptrekt sjølv at eg trekker meg ut av situasjonen og roar meg ned, for å kunne opptre med autoritet og fornuft.”*

Tre av familiane har brukt politi og barnevernsvakt for å ta kontroll med særlege utfordrande situasjonar. Politiet med sin legitime mynde blir beskrive å ha fungert som støttespelarar for dei som foreldre, då dei har bistått foreldra i å ta kontroll med ein situasjon dei som foreldre har ansvar for, men som dei ikkje har tilstrekkeleg autoritet og mynde til å handtere åleine. At foreldra i slike situasjonar er i leiing og blir bistått slik at politiet og andre vaksne ikkje tar over, er viktig for at foreldra skal behalde foreldreautoritet overfor barna. Mor C beskriv at

samarbeidet med politiet ikkje reduserte hennar mynde, men tvert om styrka han. No veit barna at ho ringer politiet og andre ved behov, og det verkar også førebyggjande, erfarer ho. Foreldra i utvalet beskriv korleis dei utøver leiarskap, autoritet og mynde i sine familiar på måtar dei synest passar sin familie. Dette gjer dei ut frå sitt opplevde ansvar som foreldre, ut frå sine erfaringar og den kunnskapen dei har som foreldre, mål med oppsedinga og korleis dei erfarer barnas behov og den aktuelle situasjonen.

Foreldra har etablert former for strukturar i familien som sikrar kontakten med barna og gjensidig utveksling av informasjon. Dette blir erfart som viktig for å kunne utøve effektivt leiarskap i familien.

Dialog og forhandlingar blir skildra som eit ideal og ein ynskt kompetanse, men at dette ikkje alltid er like lett å få til i familien. Barnas behov styrer i betydeleg grad korleis foreldra tar regi som ultimate autoritetar i forhandlingane. I kva grad foreldra greier å framstå som samde overfor barna, synest også å påverke deira mynde og autoritet overfor barna.

Familiane beskriv ulike måtar dei organiserer familiene sine på. Målet er å skape forutsigbarheit og sikre utøving av leiarskap, med dei sjølve som dei ultimate autoritetane. Barnets beste er også her foreldras fokus. Det viktigaste foreldra erfarer og formidlar er at det dei gjer må vere i tråd med behova i deira familie, at det dei gjer må passe nettopp deira familie.

## KAPITTEL 7. OPPSUMMERING OG KONKLUSJON

### ” Det vi gjer må passe til vår familie! ”

I denne oppgåva freistar eg å belyse korleis foreldre som opplever utfordrande foreldreskap med og utan hjelpetiltak frå barnevernet utøver autoritet i familien. Ut frå eigen erfaring som barnevernsarbeidar i familiar med ungdom med alvorlege åtferdsvanskar, politiske føringar når det gjeld det offentlege barnevernet sitt engasjement i familien i dag, og nyare litteratur om temaet barn og foreldre, hadde eg grunn til å tru at eg i familiar med barnevernstiltak kunne finne interessant og opplysende informasjon. Utfordringar når det gjeld å rekruttere eit stort nok utval av familiar med barnevernstiltak gjorde at eg inkluderte foreldre i to familiar utan hjelpetiltak. Desse familiarne hadde likevel erfaringar med utfordrande foreldreskap, og var også på andre måtar ikkje så ulike dei tre andre familiarne. På denne måten kunne eg beskrive og samanlikne om det var skilnader i familiar med og utan tiltak når det gjeld autoritet og korleis barna påverkar foreldra. Utvalets samansetning tillet både fedrar og mødrer å beskrive sine røynsler og refleksjonar som mor og far i ulike familiestrukturar når det gjeld autoritetsutøving og kjønn.

I dette kapittelet reflekterer eg over vegen eg har gått. Først reflekterer eg over utfordringar, begrensningar og styrkar i høve utvalet. Deretter oppsummerer eg kvalitetar ved relasjonen mellom foreldre og barn, kva forventningar foreldra erfarer ligg til foreldrerolla frå samfunnet rundt, og korleis foreldre utøver autoritet i sin familie. Eg oppsummerer to fedrars beskrivne dilemma når det gjeld kjærleik versus kontroll i autoritetsrelasjonen til sine barn. Frå dette materialet konkluderer eg at autoritet og kjærleik erfaringsmessig er to sider av same sak, og at autoritet og kjærleik erfaringsmessig heng uløyseleg saman og samspeler. Analysen viser at barnets behov og åtferd, og den aktuelle situasjonen påverkar foreldra i betydeleg grad når det gjeld korleis kvaliteten på foreldre - barn - relasjon blir opplevt og skildra. Det påverkar også kva strategiar foreldra vel overfor barnet i gitte situasjonar.

Til slutt freistar eg å reflektere over kva konsekvensar analysen kan ha for vidare forskning når det gjeld fenomenet autoritet i familien. Korleis barnevernet nyanserer si hjelp til familiar der foreldreautoritet i familien er eit tema, og korleis barn erfarer autoritet i familiar med og utan tiltak frå barnevernet ser ut til å kunne vere relevante spørsmål for vidare utforsking.

## 7.1 Refleksjon over utvalets samansetning og høvet til å samanlikne når det gjeld foreldreautoritet og hjelp frå barnevernet og foreldreautoritet og kjønn.

Det viste seg å vere vanskeleg å rekruttere mange nok informantar med barnevernstiltak til å belyse forskingsspørsmålet på ein stettande måte. Truleg har familiar med hjelpetiltak etter barnevernlova ein krevande kvardag, der det å delta i forskingsprosjektet kan opplevast som ei yttarlegare belastning. Temaet kan kjennast nært og utfordrande å dele med ein ukjend. Tre familiar valde likevel å takke ja til å delta. Det å vere foreldre og utøve foreldreskap er beskrive i litteratur og forskning som svært krevande og utfordrande, og enkelte forfattarar hevdar at det aldri har vore meir utfordrande å vere foreldre enn det er i dagens omskiftelege samfunn. Det offentlege, det vil seie politikarar og det offentlege hjelpeapparatet som barnevernet er ein del av, engasjerer seg i den allmenne omsorgsdimensjonen overfor barn i eit førebyggjande perspektiv. Eg valde difor å supplere utvalet med yttarlegare to familiar utan barneverntiltak, men som opplever utfordrande foreldreskap i sin familie. På denne måten kunne temaet bli meir allmennt interessant, og bidra til å belyse problemstillinga vidare både når det gjeld djupn og breidde, men slik at fokuset framleis var utfordrande foreldreskap. Det endelege utvalet med familiar med og utan tiltak og samansettinga av tre fedrar og tre mødrer, gjorde at eg kunne samanlikne familiar og foreldre når det gjeld autoritetsutøving i høve tiltak og kjønn. Målet var ikkje å samanlikne ved å telle og måle, men å sjå etter ulikskapar, variasjonar og breidde i foreldras erfaringar etter desse kriteria, og slik oppnå ei brei skildring av fenomenet, belyse korleis ulike foreldre utøver foreldreautoritet og bidra til nye spørsmålsstillingar. Utvalet mitt er likevel avgrensa i storleik med fem familiar. Det er rekruttert ved hjelp av barnevernet og utanfor barnevernet. Alt dette gjer at eg vil vere svært varsam med å trekke konklusjonar og generalisere, men heller fokusere på rike skildringar som kan vere betydningsfulle ut over sjølve utvalet.

Det komparative designet tillet at eg kunne samanlikne familiane A, B og E med barneverntiltak med familiane C og D som ikkje har barneverntiltak. Barna i familiane med barneverntiltak blir beskrivne av foreldra å ha større behov for eksplisitt foreldreregulering og kontroll enn det dei andre foreldra skildrar. Barna med tiltak vert truleg utsette for meir eksplisitte reglar og monitorering, og blir i mindre grad behandla som autonome sosiale aktørar enn dei andre barna. Barna utan tiltak synest å ha internalisert foreldra og samfunnets normer på ein meir akseptabel måte, og treng såleis mindre eksplisitt struktur og kontroll frå

foreldra si side. Dei får meir rom til å forhandle og gjere sjølvstendige val. Alle barna blir beskrivne av foreldra som betydelege påverkarar i foreldre - barn - relasjonen frå tidleg alder av. Dette er i tråd med nyare litteratur om barnet som sosial aktør og påverkar av sine omgjevnader.

Forsking på foreldreskap har vore dominert av relasjonen mødrer og barn. Hennem (2002) skildrar autoritet - og kjærleiksutøving som ein kjønna foreldrepraksis. Utvalets samansetning av tre fedrar og tre mødrer tillet ei utforsking av foreldras erfaringar med autoritetsutøving i eit kjønnspektiv. Mødrene og fedrene i mitt utval beskriv autoritet som ei forventning og praksis som ligg til foreldrerolla, anten ein er mor eller far. Utfordringane foreldra erfarer er å utøve autoritet i den aktuelle konteksten som foreldre og familien er i. Utfordringane blir beskrivne som i større grad å henge saman med andre ting enn kjønn. Foreldra beskriv barnas særlege behov og utfordrande åtferd i familiar med tiltak som kjelde til kontroll. Barnas status som kompetente sosiale aktørar i tråd med samfunnets forventningar i familiane utan tiltak blir beskrive å henge saman med foreldras større fokus på barnas autonomi, rett til å gjere sjølvstendige val og noko som lettar det å utøve varme i relasjonen.

Mødrene i materialet beskriv sin autoritet som sjølvstendig og mangfaldig. Dei fokuserer på å finne løysingar og mobilisere nettverk i si autoritetsutøving. Fedrene beskriv autoritet som omsorg som krev kommunikasjonsferdigheiter i samhandlinga med barna, i tråd med Hennums (2002) skildringar av kompetansebasert autoritet. Skiljet mellom menn og kvinner og posisjonsbasert og kompetansebasert autoritet verkar meir analytisk enn fenomenologisk erfart av foreldra i materialet mitt. Dei beskriv at dei som foreldre utøver autoritet i samspel med den aktuelle konteksten familien til eikvar tid er i, og dei måla dei set for barna i relasjonen, og at konteksten og relasjonen stendig endrar seg.

## **7.2 Foreldreautoritet – oppsummerande konklusjon og refleksjon**

Analysen av materialet viser at alle foreldra beskriv relasjonen til barna som ein svært viktig relasjon, den viktigaste i livet. Foreldra vil at barna skal oppleve dei som varme, omsorgfulle, som støttespelarar og rettleiarar. Men også som grensesettande vaksne, som passar på og bruker mynde til å leie og kontrollere barna når dei sjølve ikkje handlar til sitt eige beste i tråd med familien og samfunnets forventningar. Foreldra erfarer autoritet som å ville barna sine

vel. Foreldra vil at relasjonen til barna skal vare livet ut, og dei vaksne tar ansvaret for kontakten i relasjonen. Foreldra beskriv relasjonen til barna som viktig og spennande, der det stendig skjer noko nytt. Barna veks, utviklar seg og påverkar foreldra, slik at foreldra opplever at relasjonen har ein kvalitet ved seg beskrive som stendig å vere ny.

Både mødrene og fedrane i materialet mitt er opptekne av kjærleiksrelasjonen og autoritetsrelasjonen. Dette ut til å vere svært lite avhengig av kjønn, men heller avhengig av foreldras vurdering av barnas behov i den aktuelle situasjonen. I dette perspektivet er både utøving av kjærleik og autoritet kontekstavhengig, og utøvt frå foreldras mål om meistring og barnas beste. Far B utviser kontroll, far D utviser varme i sin aktuelle kontekst akkurat no. Foreldras strategiar kan seg med omsyn til desse dimensjonane. Det verkar såleis ikkje å vere ein statisk konstant over tid, sjølv om desse to fedrane sine historier skildrar to kontrastar. Begge skildringane viser at kontroll og varme er to sider av same dimensjon. Begge er avgjerande over tid for å vere ein forelder med autoritet og utøve ein foreldrepraksis som effektive påverkarar med mynde overfor barna. Slik sett er skiljet mellom autoritet og kjærleik analytisk heller enn erfart, og kjærleik kan slik vere uttrykt som autoritet, og autoritet kan vere uttrykt som kjærleik og omtanke for den andre.

Foreldras erfaringar og stemmer har fått stor plass i analysen. Dei skildrar utfordrande foreldreskap og autoritetsutøving som ein djup, kjenslemessig prosess mellom foreldre og barn. Prosessen er stendig i endring, i samspel med den aktuelle konteksten som foreldre og barn er ein del av. Nettopp på grunn av at relasjonen mellom foreldre og barn primært er privat, intens, livslang og prega av djupe kjensler og eit stort ansvar, så er det ein kvalitativt annleis relasjon enn relasjonen mellom ein profesjonell vaksen og barn. Møtet mellom ein profesjonsutøvar og ein forelder er kjenneteikna av ein strukturert ulikskap som er kvalitativt annleis enn ulikskapen mellom foreldre og barn (Skau 2005). Foreldre blir sett som barnevernets viktigaste samarbeidspartnarar når det gjeld å hjelpe det enkelte barn i den enkelte familie. Foreldre er sett som viktige når det gjeld å utvikle barnevernarbeidarens personlege og profesjonelle kompetanse. Foreldra legg i sine skildringar vekt på at tiltak, anten dei iverkset tiltak sjølve eller i samarbeid med barnevernet, må passe deira individuelle familie og den aktuelle situasjonen dei er i. "Det vi gjer må passe vår familie", seier dei. Analysen viser at foreldra erfarer samarbeidet med barnevernet som mest nyttig når relasjonen er prega av tillit, dialog og fokus på det dei som foreldre meistar. Å samarbeide med det foreldra opplever som ein kompetent, vaksen samtalepartnar i barnevernet har vore



avgjerande viktig for alle dei tre familiane i utvalet med hjelpetiltak. Hjelp og støtte frå det uformelle nettverket har her ikkje vore tilstrekkeleg i høve det å kunne meistre dei utfordringane foreldra erfarer.

Analysen viser at alle foreldra i materialet erfarer barna sine som sosiale aktørar som påverkar foreldra, foreldreskap og familien som eining. Dette gjeld både i familiane med og utan tiltak. Autoritet i familien er analysert ut frå foreldras erfaringar og foreldras perspektiv. Ei mor i utvalet føreslo at eg skulle intervjuje barna direkte om autoritetsutøvinga i familien, noko som kunne yttarlegare belyst gjensidigheita i autoritetsrelasjonen mellom foreldre og barn. Hennem (2000) ivaretok barnas perspektiv då ungdommane fekk skrive ein stil som ho brukte som del av sitt datamateriale. Sandbæk (2002) har skildra barnets perspektiv som sosial aktør i møte med hjelpetenester. Denne oppgåva er imidlertid avgrensa til foreldras perspektiv på foreldreautoritet.

Analysen min viser at alle foreldra samhandlar med barna sine som sosiale aktørar med autoritet, men i varierende grad. Eit tydeleg skilje går mellom foreldre med og utan barnevernstiltak når det gjeld grad av foreldrekontroll, og grad av foreldrefokus på barnets autonomi. Barnas åtferd og i kva grad denne er i samsvar med familien og samfunnets forventningar ser ut til å påverke foreldras val av fokus i betydeleg grad. Når barna har internalisert familien og samfunnet sine normer og opptre som ansvarlege sosiale aktørar, er fokuset på kontroll med barnet mindre enn når barnet utfordrar. Dette kan tyde på at mykje av foreldras autoritetsarbeid går ut på å få kontroll med barnet og bevare familien som omsorgseining. Når barnet har internalisert samfunnets og familiens forventningar, kan foreldra fokusere meir på barnets autonomi og sjølvstende.

### **7.3 Autoritetsutøving - mor og far forhandlar med kvarandre og barna**

Analysen av foreldreautoritet viser eit samsvar mellom foreldres skildringar og nyare teori om barn som sosiale aktørar i forhandlingsfamiljar. Aktuell kontekst verkar særleg inn på foreldras val av foreldrestrategiar. Fedrane beskriv seg som nære, varme og engasjerte, og mødrene skildrar seg som leiurar med autoritet i familien. Analysen viser at foreldre etablerer ulike strukturar i familien for å kunne utøve leiing som foreldre, med autoritet i samspel med sine barn. Strukturane dei beskriv er hjelpemiddel når det gjeld å sikre kontakt, utøve kontroll og mynde. Strukturane støttar opp under både posisjonsbasert autoritet som mor og far

(Hennum 2002), men også det å sikre informasjon til å kunne ta gode beslutningar i den aktuelle situasjonen, det Hennum (2002) kallar å utøve kompetansebasert autoritet. Hennums (2002) skilje mellom desse to typane autoritet verkar også å vere meir analytisk enn erfaringsbasert. Foreldra beskriv at foreldreautoritet er eit forhandlingsområde i familien. Det er eit område for forhandling både mellom foreldra, og mellom foreldre og barn. Dialog, argumentasjon og kunnskap om barnas behov er viktige stikkord i desse forhandlingane. Foreldra beskriv at det å stå saman som vaksne foreldre som ein annan sosial kategori enn barn med omsyn til mynde og ansvar, er viktig når barnet skal påverkast effektivt. Dette vert erfart som ei utfordring i familiane der far og mor ikkje bur saman og utøver den daglege omsorga i nært samspel med barnas kvardagskontekst.

#### **7.4 Barnevernets og barnas beskrivne roller i høve autoritetsrelasjon med vekt på struktur og kontroll. Implikasjonar for vidare forskning.**

Tre av familiane i utvalet har samarbeid med barnevernet i form av hjelpetiltak. Far B beskriv at han erfarer støtte frå barnevernet til å utøve kontroll og foreldremynde overfor dottera. Hjelpa ser ut til å vere i tråd med sentrale føringar om å yte hjelp i familien og styrke foreldras autoritet, slik at barn og unge skal kunne vekse opp i familien og nærmiljøet sitt. Far B beskriv kjærleiksdimensjon som ein veldig viktig del av relasjonen til barna sine, men opplever utfordringar i å utøve rolla som kjærleg far og samstundes utøve ansvaret som ligg på han om å verne og kontrollere dottera. Familie A beskriv sitt samarbeid med barnevernet som nyttig når det gjeld å lære å fokusere på det positive, rose barna og samhandle på måtar som styrkar dei kjenslemessige banda mellom foreldre og barn. Samstundes kontrollerer og strukturerer foreldra barna på lyttande, og det eg vil skildre som intense måtar. Familie E får hjelp og råd i det å strukturere minstebarnet når det gjeld reglar og konsekvensar, og det å legge til rette for positivt samspel i foreldre - barn - relasjonen gjennom reglar og positive konsekvensar.

Foreldra i utvalet sine skildringar viser at varme og kjærleik er erfarte føresetnader for autoritetsutøving, og at barnevernet rådgir foreldra både når det gjeld utvikling og utøving av kontroll og varme.

Foreldra beskriv at det er barnas utfordrande åtferd som særleg påverkar deira autoritetspraksis med auka vekt på struktur og kontroll. Dette er ikkje noko eg har stilt

spørsmål ved undervegs, då det er foreldras erfaringar og perspektiv eg analyserer i denne oppgåva. Analysen genererer likevel spørsmål om kva andre forhold enn barnet sjølv som kan påverke valet av ein foreldrestrategi med vekt på kontroll. Kan det vere forhold ved foreldra og deira kontekst som spelar inn? Kan det vere kontakten med barnevernet som påverkar til meir fokus på struktur og kontroll? Korleis differensierer barnevernet si hjelp når det gjeld autoritet i familien? Korleis erfarer barna sjølve utøving av autoritet i familien? Eg har ikkje datamateriale til å kunne belyse desse spørsmåla frå barnas og barnevernets aktørperspektiv i denne oppgåva. Når det gjeld eventuell forskning på barn som informantar, vil dette kunne innebære utfordringar når det gjeld å ivareta særlege etiske omsyn. Særleg gjeld dette når informantane er klientbarn, eller at forskinga kan skade relasjonen til foreldra (Tronvoll 2001; Backe- Hansen 2001; NESH 2006). Dette er likevel spørsmål som kan utforskast vidare.

## **7.5 Dilemmaet kjærleik versus kontroll – avslutning.**

Forholdet mellom autoritet og kjærleik blir skildra som ein utfordrande balansegang. Hennem (2002) beskriv at foreldre i hennar materiale vel kjærleiksarbeid framfor autoritetsarbeid når relasjonen til barna er truga av utfordrande åtferd frå barna si side. Dette er ikkje noko eg finn beskrive i mitt utval. Far B vel autoritetsrelasjonen, og bruker stor grad av kontroll og mynde for å ta vare på dottera si. Far D vel kjærleiksrelasjonen for å unngå at barna skal bryte kontakten og avvise han som far, noko han erfarer dei har makt til å gjere i den situasjonen han er i. Dei to fedrane beskriv sine sårbare og utfordrande farsroller og dilemmaet kjærleik versus kontroll på kvar sin unike måte. Far B sitt val er grunna i barnets særlege behov for kontroll, og det at familien ikkje skal gå i oppløysing. Far D sitt val er grunna i manglande deltaking og nærleik til barnas kvardagskontekst, og frykt for at barna kan utøve motmakt og bryte relasjonen. Begge fedrane skildrar at dette er situasjonen akkurat no, og at situasjonen kan endre seg. Då vil deira autoritetspraksis truleg også endre seg. Fedranes historier støttar opp under Hennem (2002) analyse av at relasjonen mellom foreldre og barn handlar om maktrelasjonar i familien. Ho beskriv at i ungdomstida skil foreldrekjærleik og foreldreautoritet åt. Min analyse tydeleggjer at foreldrekjærleik og foreldreautoritet blir erfart å henge uløyselig saman, begge er føresetnader for kvarandre og føresetnader for å utøve omsorgsfull foreldrepraksis. Den aktuelle situasjonen, barnets åtferd, nærleik til barnets kvardag og barnets høve til utøve motmakt gjennom å kunne avvise foreldra, spelar inn på

korleis relasjonen mellom foreldre og barn utviklar seg, og kva val foreldre gjer når det gjeld foreldrestrategiar, både når det gjeld kjærleik og autoritetsrelasjonen.

Foreldras skildringar er med å belyse korleis autoritet i familien er eit mangeslunge omgrep og variert når det gjeld praksis. Det å utvise foreldreskap med autoritet blir erfart som ein utfordrande prosess, kjenneteikna av mange dilemma, mangel på fasitsvar og fråver av enkle løysingar. Foreldras skildringar illustrerer at utøving av foreldreskap endrar seg hurtig, i takt med endringar i samfunnet elles. Foreldra skildrar at dei særleg meistrar som autoritetsutøvarar når tiltak som dei iverkset passar til deira individuelle familie. Som ei mor sa: ” Det vi gjer må passe til vår familie!”.

## Litteratur og 4 vedlegg:

Arendell, Terry (ed) (1997): *Contemporary Parenting. Challenges and Issues*. SAGE Publications. Thousand Oaks, London, New Dehli.

Backe-Hansen, Elisabeth (1995): *Til barnets beste. Beslutninger og beslutningsprosesser i barnevernet*. TANO A/S.

Backe-Hansen, Elisabeth og Havik, Toril (red) (1997): *Barnevern på barns premisser*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.

Backe-Hansen (2001): Etiske dilemmaer I barnevernforskning. Kan praksis lære av forskningen? I: Repstad P, Ryen A (red): *Verneverdig barnevern, forskning og etikk*. Bergen: Fagbokforlaget.

Barne og familiedepartementet (1991-1992): *Ot.prp.nr. 44. Om lov om barneverntjenester (barnevernloven)*. Oslo: Barne og familiedepartementet.

Barne og familiedepartementet (2000): *NOU 2000:12. Barnevernet i Norge. Tilstandsvurderinger, nye perspektiver og forslag til reformer*. Oslo: Statens forvaltningstjeneste. Informasjonsforvaltning.

Barne og familiedepartementet (2002 – 2003): Stortingsmelding nr. 29 (2002-2003) *Om familien - forpliktende samliv og foreldreskap*. Oslo: Barne og familiedepartementet.

Barne og familiedepartementet (2001-2002): Stortingsmelding nr. 39 (2001- 2002) om ”Oppvekst og levekår for barn og ungdom” Oslo: Barne og familiedepartementet

Barne og familiedepartementet (2001- 2002): Stortingsmelding nr. 40 (2001-2002) *Om barne og ungdomsvernet*. Oslo: Barne og likestillingsdepartementet

Barne og familiedepartementet: *Konvensjon om barnets rettigheter*. Vedtatt av De forente nasjoner 20.november 1989, ratifisert av Norge 8. januar 1991. Revidert oversettelse mars 2003 med tilleggsprotokoller. Oslo: Barne og familiedepartementet.

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (1981): Lov av 8.april nr.7 om barn og foreldre (barnelova). Oslo: Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet.

Barne-, likestillings- og inkluderingsdeartementet (2008-2009): Ot.prp. nr 104 (2008-2009) *Om lov om endringer i barnelova mv*. Oslo: Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet.

Baumrind, Diana (1971): Current Patterns of parental authority. *Developmental psychology monograph*. 4:1:2. 1971. Berkley, California. 103 s.ill.

Bronfenbrenner, Urie (1979): *The Ecology of human development. Experiments by nature and design*. Cambridge.

Bronfenbrenner, Urie (red) (2005): *Making human beings human: Bioecological perspectives on human development*. Thousand Oaks, CA: SAGE Publications.

Brunstad, Paul Otto og Evenshaug, Trude (red) (2005): *Å være voksen. I et kulturelt, sosialt og pedagogisk perspektiv*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Bø Puntervold, Bente og Olsen Rappana, Bennedichte C. (red) (2008): *Utfordrende foreldreskap*. I Bø Puntervold, Bente og Olsen Rappana, Bennedichte C. (red) (2008): *Utfordrende foreldreskap. Under ulike livsbetingelser og tradisjoner*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag. ss 13-24.

Bø, Inge (1989): *Barnet og de andre. Nettverk som pedagogisk og sosial ressurs*. 3. utgåve 2000. Oslo: Universitetsforlaget

Carter, April (1979): *Authority and Democracy*. Routledge & Kegan Paul. London, Henley and Boston.

Creswell, John W. (2007): *Qualitative Inquiry and research Design. Choosing among five approaches*. Sage Publications, Inc.

Dzamanja, Minja Tea og Kalve, Trygve (2004): *Barn og unge med innvarndrerbakgrunn*. Avdeling for personstatistikk/Seksjon for befolkningsstatistikk. Notat 2004/31. Elektronisk tilgjengelig frå:

<http://www.nibr.no/uploads/publications/73554262955c5368c576e02b38361f2d.pdf>

[henta ned 12.02.10]

De nasjonale forskningsetiske komiteer (NESH) (2006): *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi*. Oslo, opplag 2000 - mars 2006. Også elektronisk publisert på: [http://www.etikkom.no/Documents/Publikasjoner-som-PDF/Forskningsetiske%20retningslinjer%20for%20samfunnsvitenskap,%20humaniora,%20juss%20og%20teologi%20\(2006\).pdf](http://www.etikkom.no/Documents/Publikasjoner-som-PDF/Forskningsetiske%20retningslinjer%20for%20samfunnsvitenskap,%20humaniora,%20juss%20og%20teologi%20(2006).pdf) [Henta ned 12.02.10]

Finnis, J.M (1980): *Authority*. I Raz, Joseph (ed) (1990): *Authority*. Basil Blackwell Ltd. 108 Cowley Road, Oxford, OX4, 1JF, UK. ss 174 – 202.

Flathman, Richard E. (1980): *The Practice of Political Authority. Authority and the Authoritative*. The University of Chicago Press. Chicago and London.

Fog, Jette (2004): *Det kvalitative forskningsinterview. Samtalen som utgangspunkt*. København: Akademisk Forlag.

Gilje, Nils og Grimen, Harald (1993): *Samfunnsvitenskapenes forutsetninger. Innføring i samfunnsvitenskapenes vitenskapsfilosofi*. Oslo: Universitetsforlaget.

Grolnic, Wendy S; Beiswenger, Krista L og Price, Carrie E (2008): *Stepping Up without Overstepping: Disentangling Parenting Dimensions and their Implications for Adolescent Adjustment*. I Kerr, M., Stattin, H., Engels, R.(ed) (2008): *What Can Parents Do? New Insight into the Role of Parents in Adolescent Problem Behavior*. John Wiley & Sons, Ltd. ss 213 – 237.

Grusec, Joan E (2008): What is the Nature of Effective Parenting? It Depends. I Kerr, M., Stattin, H., Engels, R.(ed) (2008): *What Can Parents Do? New Insight into the Role of Parents in Adolescent Problem Behavior*. John Wiley & Sons, Ltd. ss 239 – 257.

Gulbrandsen, Liv Mette (2008): Utforskende samtaler med unge mennesker og foreldrene deres. Begrunnelser, framgangsmåter og analyseresultater. I Bø & Olsen (red) (2008): *Utfordrende foreldreskap. Under ulike livsbetingelser og tradisjoner*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS. ss 243 – 265.

Hagen, Maj Britt (2005): ”Endelig er det ikke bare møter og prat”. Hovedoppgave i spesialpedagogikk våren 2005, institutt for spesialpedagogikk. Det utdanningsvitenskaplige fakultet, Universitetet i Oslo.

Henggeler, Scott W., Schoenwald, Sonja K., Borduin, Charles M., Rowland, Melisa D., Cunningham, Philippe B. (1998): *Multisystemic Treatment of Antisocial Behavior in Children and Adolescents. Treatment Manuals for Practitioners*. New York, London: The Guilford Press.

Hennum, Nicole (2002): *Kjærligheten og autoritetens kulturelle koder. Om å være mor og far for norsk ungdom*. Dr. politavhandling 2002, sosialantropologisk institutt, NTNU. Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring. Oslo: NOVA rapport 19/02.

Hennum, Nicole (2005): Å være foreldre for ungdom: En balansekunst mellom kjærlighet og autoritet. I Brunstad, Paul Otto og Evenshaug, Trude (red) (2005): *Å være voksen. I et kulturelt, sosialt og pedagogisk perspektiv*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag. ss 93 – 109.

Hoffman, Martin L (2000): *Empathy and Moral Development. Implication for caring and justice*. Cambridge University Press.

Hærem, Eva og Aadnesen Nes, Bente (2004): *Barnevernets undersøkelse*. Oslo: Universitetsforlaget.

James, A., Jenks, C., Prout, A.(1998): *Den teoretiske barndom*. København: Gyldendalske Boghandel, Nordisk Forlag A/S. 1. utgåve,1. opplag 1999.

Jenssen, Toril (2005): Viten om vern av barn. Utvikling, spenninger og konfliktlinjer i barnevernfaglig profilering. I Siv Oltedal (red) (2005): *Kritisk sosialt arbeid. Å analysere i lys av teori og erfaringer*. Gyldendal Norsk Forlag A/S. ss 247 – 259.

Johannesen A., Tuft P.A., og Kristofersen, L (2006): Kvalitativ og kvantitativ metode - forskjeller og ulikheter. I *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. Oslo: Abstrakt forlag. Kap 18.

Kerr, Margaret; Stattin, Håkan og Pakalniskiene, Vilmante (2008): Parents React to Problem Behaviors by Worrying More and Monitoring Less. I Kerr, M., Stattin, H., Engels, R.(ed) (2008): *What Can Parents Do? New Insight into the Role of Parents in Adolescent Problem Behavior*. John Wiley & Sons, Ltd. ss 91 – 112.

Kerr, Margaret; Stattin, Håkan; Engels, Rutger C.M.E (2008): Introduction: What`s Changed in Research on Parenting and Adolescent Problem Behavior and What Needs to Change?

I Kerr, M., Stattin, H., Engels, R.(ed) (2008): *What Can Parents Do? New Insight into the Role of Parents in Adolescent Problem Behavior*. John Wiley & Sons, Ltd. ss 1 – 8.

Kristofersen, Lars B. (2005): *Barnevernbarnas helse. Uførhet og dødelighet i perioden 1990 - 2002*. Oslo: NIBR-rapport 2005:12. Også elektronisk publisert på: <http://www.nibr.no/uploads/publications/73554262955c5368c576e02b38361f2d.pdf> [hentet ned 12.02.10]

Kvale, Steinar (2001): *Det kvalitative forskningsintervju*. 4. opplag. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Kvillo, Øyvind (2007): *Utredning av atferdsvansker, omsorgssvikt og mishandling*. Oslo: Universitetsforlaget.

Kvillo, Øyvind (red) (2008) : *OPPVEKST. Om barns og unges utvikling og oppvekstmiljø*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

La Rossa, R. (1997): *The modernization of fatherhood. A social and historical history*. Chicago: University of Chicago Press.

Laupstad, Sølvi (2005): På jakt etter mestringsperspektivet. *Spesialpedagogikk*. Nr. 7/2005. Oslo: Utdanningsforbundet.

Lindboe, Knut (2003): *Barnevernrett*. Oslo: Universitetsforlaget. 4. utgåve.

*Lov om barneverntjenester av 17. juni 1992 nr 100 om barneverntjenester (barnevernloven) med endringer, sist ved lover av 9.mai 2003 nr 29 (i kraft 1. januar 2004) og av 1.august 2003 nr. 86 ( i kraft 1. oktober 2003) samt forskrifter*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag, 2004.

Lundby, G (1998): *Historier og terapi. Om narrativer, konstruksjonisme og nyskriving av historier*. Tano Aschehoug.

Lurie, Jim (2001): Barns rettigheter i barnevern etter innføring av lov om barneverntjenester: Er dagens praksis i samsvar med lovens intensjoner? I Tronvoll og Marthinsen (red) 2001: *Sosialt arbeid – Refleksjoner og nyere forskning*. Tapir Akademisk Forlag. ss 167 – 183.

Malterud, Kirsti (2003): *Kvalitative metoder i medisinsk forskning. En innføring*. Oslo: Universitetsforlaget. 2.utgave.

Mead, G.H (1962): *Mind, Self and Society*. Chicago: The University of Chicago Press.

Midjo, Turid (2000): Den nye barndommen. Individuering og subjektstatus. I Aasen, Petter og Haugaløkken, Ove Kristian (red) (2000): *Bærekraftig pedagogikk. Identitet og kompetanse i det moderne samfunnet*. Oslo: Ad Notam Gyldendal 1994, 4 opplag 2000. ss 88 – 114.

Moustakas, Clark (1994): *Phenomenological Research Methods*. SAGE Publications.

Nygren, P (2002): *Profesjonelt barnevern som barneomsorg. Frå teori til verktøy*. Oslo: Gyldendal Akademisk. 3. opplag.



- Oltedal, Siv (red) (2005): *Kritisk sosialt arbeid. Å analysere i lys av teori og erfaringer*. Gyldendal Norsk Forlag.
- Rudolph/Rudolph (1980) : Authority and the Transmission of Values in the Rajput Joint family. I: Albin (1980) (ed): *New Directions in Psychohistory*. Lexington Books. Toronto.
- Patton, M.Q (1990): Purposeful sampling. I: *Qualitative evaluation and research methods*. London: SAGE ss 169 – 186.
- Postholm, May Britt (2005): *Kvalitativ metode. En innføring med fokus på fenomenologi, etnografi og kasusstudier*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Sandbæk, Mona (red) (2001): *Fra mottaker til aktør. Brukernes plass i praktisk sosialt arbeid og forskning*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Sandbæk, Mona (2002): *Barn og foreldre som sosiale aktører i møte med hjelpetjenester*. Dr.polit.avhandling 2002, institutt for sosialt arbeid og helsevitenskap, NTNU. Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring. Oslo: Rapport 14/02.
- Schjelderup, Liv; Omre, Cecilie; Marthinsen, Edgar (2005) (red): *Nye metoder i et moderne barnevern*. Fagbokforlaget.
- Skau, G.M (2005): *Gode fagfolk vokser. Personlig kompetanse i arbeid med mennesker*. Oslo: Cappelen akademiske forlag.
- Smetana, Judit G og Metzger, Aaron (2008): Don't ask, Don't tell (Your Mum and Dad): Disclosure and Nondisclosure in Adolescent-parent relationships. I Kerr, M., Stattin, H., Engels, R.(ed) (2008): *What Can Parents Do? New Insight into the Role of Parents in Adolescent Problem Behavior*. John Wiley & Sons, Ltd. ss 65 – 87.
- Sommer, Dion (1996): *Barndomspsykologi. Utvikling i en forandret verden*. Oslo: Pedagogisk Forum.
- Soydan, Haluk (1993): *Det sociala arbetets idehistoria*. Studentlitteratur, Lund
- Statistisk Sentralbyrå (SSB) 2009 *Befolkning. Nyeste artikler med tabeller* [online]. Oslo: Statistisk sentralbyrå. Tilgjengelig elektronisk frå:
- a  
<http://www.ssb.no/emner/02/01/20/familie/tab-2009-04-02-12.html> [henta ned 12.02.10]
- b  
<http://www.ssb.no/emner/02/02/30/ekteskap/tab-2009-08-27-10.html> [henta ned 12.02.10]
- c  
<http://www.ssb.no/emner/02/02/30/ekteskap/tab-2009-08-27-14.html> [henta ned 12.02.10]
- d  
<http://www.ssb.no/emner/02/01/20/familie/tab-2009-04-02-12.html> [henta ned 12.02.10]
- Stefansen, Kari (2008): Et uendelig ansvar. Om foreldreskap i middelklassen. I Bø & Olsen (red) (2008): *Utfordrende foreldreskap. Under ulike livsbetingelser og tradisjoner*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS. ss 27 – 49.

- Steinsholt, Kjetil (1983): *Oppdragelse, autoritet og moral. En idehistorisk tilnærming*. Hovedoppgave, Universitetet i Oslo, Institutt for pedagogikk, Oslo (Ås) 1983.
- Skytte, Marianne (2008): *Etniske minoritetsfamilier og sosialt arbeid*. Oslo: Gyldendal Akademisk. 2.utgåve.
- Thagaard, Tove (2003): *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode*. Oslo: Fagbokforlaget. 2 utgåve.
- Tilton-Weaver, Lauree C og Marshall, Sheila K (2008): Adolescents`Agency in Information Management. I Kerr, M., Stattin, H., Engels, R.(ed) (2008): *What Can Parents Do? New Insight into the Role of Parents in Adolescent Problem Behavior*. John Wiley & Sons, Ltd. ss 11 – 41.
- Tjeldflaat, Torill og Midjo, Turid (2000): Foreldrekompetanse – et tema for læring? Evaluering av foreldreveiledningsprogrammet. *Rapport nr 7 i skriftserien til Barnevernets utviklingssenter i Midt – Norge*.
- Tronvoll, Inger Marii (2001): Sosialt arbeid som forskingsfelt. I Tronvoll og Marthinsen (red): *Sosialt arbeid. Refleksjoner og nyere forskning. Et innblikk i feltet ved Institutt for sosialt arbeids 25 - års jubileum*. Tapir Akademisk Forlag. ss 29 – 33.
- Tronvoll, Inger Marii (2001) : Metodologiske problem knyttet til vurdering av barns behov. I Tronvoll og Marthinsen (red): *Sosialt arbeid. Refleksjoner og nyere forskning. Et innblikk i feltet ved Institutt for sosialt arbeids 25 - års jubileum*. Tapir Akademisk Forlag. ss 257-270.
- Tronvoll, Inger Marii (2004): Reflekterende praksis sett i et teoretisk perspektiv. I: Tronvoll, Moe og Henriksen (red): *Hjelp i kontekst-praksis, refleksjon og forskning*. Ibut forlag.
- Tøssebro, Jan (2001): Metarefleksjoner omkring sosialt arbeid. I Tronvoll og Marthinsen (red): *Sosialt arbeid. Refleksjoner og nyere forskning. Et innblikk i feltet ved Institutt for sosialt arbeids 25 - års jubileum*. Tapir Akademisk Forlag. ss 23 – 27.
- Watt, E.D. (1982): *Authority*. St. Martins`s Press Inc. New York.
- Zina, O (2004): "Methodological design". I: *The essential guide to doing research*. London: SAGE. Newbury Park, London, New Dehli. Kap. 7, ss 85 – 101.
- Aasen, Petter (2001): *Atferdsproblemer. Innføring i pedagogisk analyse*. Oslo: J.W. Cappelen Forlag.

## **Vedlegg 1 – 4**

Vedlegg nr 1. Førespurnad om å delta i forskingsprosjekt og informasjonsskriv

Vedlegg nr 2. Samtykkerklæring

Vedlegg nr 3. Intervjuguide

Vedlegg nr 4. Kopi av tilsagn frå NDS på melding om behandling av personopplysningar.



**Til deltakarane i prosjektet**

***”KORLEIS UTØVER FORELDRE FORELDREAUTORITET? FORELDRESKAP I EIT MEISTRINGSPERSPEKTIV”***

**INFORMASJONSSKRIV**

Trondheim, november 2008

### **Foreldreskap og foreldreautoritet**

Foreldre er dei viktigaste personane i barn og unges liv. Foreldre er dei viktigaste personane hjelpeapparatet samarbeider med når det gjeld å yte hjelp til familiar.

Å vere foreldre er ei krevande oppgåve i eit omskiftelege samfunn. Det er viktig både for barn, foreldre og samfunnet elles at foreldre kan mestre dei utfordringane dei møter som foreldre, og at hjelpeapparatet kan yte god hjelp som vert opplevt som støttande av foreldra.

Målet med denne studien er å utforske korleis foreldre sjølve opplever å lukkast med å utøve foreldreskap og korleis foreldre utøver foreldreautoritet. Det sentrale er å få tak i konkrete erfaringar på det som har gått bra og korleis foreldre lukkast i kvardagen.

### **Førespurnad om å delta i forskningsprosjekt**

Med dette skrivet blir de spurt om å vere med i eit forskningsprosjekt. Prosjektet skal bli ei masteroppgåve i sosialt arbeid ved Institutt for sosialt arbeid og helsevitenskap ved NTNU, Dragvoll. Temaet for undersøkinga er ”Korleis foreldre utøver foreldreautoritet? Foreldreskap i eit meistringsperspektiv”.

Eg vil i prosjektet intervjuje foreldre i 3-5 familiar som har hatt friviljug hjelpetiltak etter lov om barnevernstenester. Hjelpa hadde som mål å styrke foreldreautoriteten, og Barne og Familietjenesten vurderer det slik at de er aktuelle foreldre som har gode erfaringar med å jobbe med utfordringar når det gjeld temaet foreldreautoritet.

Prosjektets fokus er på det positive og på det konkrete – det som de foreldre sjølve opplever har fungert for dykk og som er nyttig ut frå dykkar eige perspektiv – og som kan gi nyttig kunnskap til andre, både andre foreldre og hjelpeapparat.

## **Meir om gjennomføringa av prosjektet**

De foreldre som takkar ja til å vere med blir intervjua ein gang på ein plass vi avtaler. Tema for samtalen er kva tankar de har om det å vere foreldre, korleis de utøver foreldreskap og kva hjelp de har fått.

Intervjuet blir tatt opp på band og skrive ut i anonymisert form. Intervjua blir så analyserte, og sluttresultatet blir ei masteroppgåve som blir offentleg tilgjengeleg.

## **Friviljugheit, uavhengigheit og konfidensialitet**

Det er friviljug å vere med på dette prosjektet. Seier du ja, kan du når som helst trekke deg utan å måtte gi nokon grunn for det. Å trekke seg vil ikkje få nokon konsekvensar eller innverke på forholdet ditt til Barne og Familietjenesten.

Som forskar er eg uavhengig av Barne og Familietjenesten. Det er dei som hjelper meg med å rekruttere informantar til prosjektet. Prosjektet er ikkje på nokon måte tenkt brukt som evaluering av de som foreldre, av Barne og Familietjenesten og deira tenester eller av andre behandlingsopplegg familiane måtte ha mottatt.

All innsamla data vil bli anonymisert og handsama på ein konfidensiell måte, slik at den enkelte informant ikkje skal kunne sporast attende. Prosjektet ( informasjonsbrev, samtykkeerklæring og intervjuguide) er meldt til Personvernombodet ved Norsk Samfunnsvitenskapelig Datatjeneste (NSD) for godkjenning.

Ansvarleg for studien er

Hilde Brandal, Mastergradstudent i sosialt arbeid ved Institutt for sosialt arbeid og helsevitenskap, NTNU.

Tel 41 42 03 92

Inger Marii Tronvoll , Veileidar og førsteamanuensis ved Institutt for sosialt arbeid og helsevitenskap, NTNU.

XXXXXXXXXXXX ved Barne - og Familietjenesten, XXXX har tatt kontakt med deg/dykk for å høyre om du/de vil delta i prosjektet, og ho vil også vere den som formidlar kontakt mellom deg og student Hilde Brandal dersom du/de er interessert i å delta.

På førehand takk!

Med venleg helsing

Hilde Brandal







## **INTERVJUGUIDE**

Dette er eit intervju som har som tema ”Korleis utøver foreldre foreldreautoritet? Foreldreskap sett frå foreldres ståstad i eit meistringsperspektiv”.

Intervjuet er ein del av masteroppgåva mi i sosialt arbeid ved NTNU, Institutt for sosialt arbeid og helsevitskap. Eg intervjuar foreldre som har hatt friviljug hjelpetiltak etter barnevernslova med mål å styrke sin foreldreautoritet, og som Hjelpetjenesten for barn og unge i XXX meiner har gjort seg positive erfaringar med aktuelle tiltak. Målet mitt er å undersøke korleis foreldre utøver foreldreskap ut frå foreldras eige perspektiv med vekt på utøving av foreldreautoritet og med fokus på det som lukkast.

Intervjua blir tatt opp på band, deretter skrivne ut for analyse. Materialet blir lest av veileidar Inger Marii Tronvoll ved NTNU. Informantane i undersøkinga blir anonymiserte, slik at dei ikkje skal kunne gjenkjennast. Masteroppgåva blir offentleg tilgjengeleg for informantane og andre, resten av datamaterialet vert makulert.

### **Kort om informanten/ane**

- 1) Kan du fortelje kort om deg sjølv – kven er familien din?
- 2) Kven har dagleg omsorg for barna dine? Er der andre vaksne enn du/de som bidreg, og kva bidreg dei eventuelt med?

Barne og familietjenesten foreslo å invitere nettopp deg/de med i denne undersøkinga fordi dei meiner at du/de har lukkast med noko viktig som foreldre, at du/de har positive erfaringar med å jobbe med dei utfordringane det er å vere foreldre er.

- 3) Kva synest du/de er bra med det å vere foreldre?

### **Foreldres tankar om det å vere foreldre**

- 4) Kva tenker du/de er dei viktigaste oppgåvene dine/dykkar som foreldre?
- 5) Korleis tileignar du/de deg/dykk kunnskap om kva du/de skal gjere som foreldre?
- 6) Kva kunnskap og ferdigheiter tenker du at det er viktig at foreldre har?

7) Korleis tenker du at foreldre best mogleg kan ta vare på barna sine?

### **Utøving av foreldreskap**

8) Kva reglar synest du/de at det er viktig at du/de har heime?

9) Det å lage reglar og avtaler er ikkje alltid like enkelt. Kan du skildre eit eksempel på korleis du/de gjorde ei god avtale med barnet og der barnet overheldt avtalen?

10) Kva omsyn tek du/de som forelder når du/de skal treffe beslutningar om reglar og grenser? Kva gjer du/de annleis no enn før?

11) Korleis utøver du kontroll og oversikt over barna dine – korleis følger du/de opp reglane? Kven samarbeider du med? Kva praktiske tiltak har du god erfaring med? Korleis held du oversikta når du/de ikkje er til stades? Kva gjer du/de annleis no enn før for å ha oversikt?

12) Korleis forstår du barnets aggresjon og kva gjer det med deg som forelder? Korleis prøver du å redusere verbal og fysisk aggresjon hos barnet? (t.d. Bruk av planar, initiering, samordning, regulering av åtferd, korleis løyse problem, halde fast på mål, fleksibel bruk av strategiar etc)

13) Korleis handterer du/de som foreldre konflikter med barnet? Kva gjer du/de annleis no enn før? (t.d. Kompromiss, avleiing, gi barnet valmoglegheiter, korleis bevarer du/de fatninga). Har du/de nokre nye foreldreverkty som de ikkje hadde før?

14) Korleis ivaretek du/de barnets behov for medverknad og det å bli sett og høyrte. Kva gjer du annleis no enn før i samhandlinga med barnet?

15) Korleis løyser du dilemma mellom det å behalde autoritet og kontroll over barnet ditt samstundes som du legg til rette for at barnet ditt skal vere sjølvstendig?

16) Når du/de tenker på eitt område der de har lukkast med å sette grenser og fått barnet til å overhalde denne – kva gjorde du/de for å få dette til? Kva var viktig?

17) Kva synest du/de sjølve du/de spesielt har lukkast med når det gjeld å ta vare på barnet gjennom grensesetting og det å få barnet til å overhalde reglar – og korleis har du/de fått dette til?

### **Varme og kommunikasjon**

18) Kor viktig er det å ha ein god relasjon til barnet, og kva gjer du/de for å ”smøre” forholdet ditt til barnet og lime familien saman?

19) Beskriv ein eller fleire situasjonar der du har blitt prøvt ut av barnet ditt (konflikter) og der du likevel synest at du har meistra å vere ein varm og bestemt forelder ?

Kva var viktig i det du sa, i det du gjorde - kvifor lukkast du?

20) Korleis unngår du å kome i ubalanse når barnet avviser, utfordrar deg og trykker på dine ømme knappar?

### **Foreldreautoritet**

21) Kva har du endra på når det gjeld å utøve foreldreskap? (t.d. språk, sjølvoppfatning, kultur, samarbeid med andre, støtte frå andre) og korleis utførte du/de desse endringane?

22) Kva tankar får du får du /de når eg seier ordet foreldreautoritet? Kva legg du i det omgrepet?

-eventuelt oppfølgings spørsmål alt etter kva respondenten svarer

23) Ein forelder med autoritet er i teorien ein forelder som kontrollerer barna sine, set krav, utviser varme, er mottakeleg for barna og handlar fornuftig. Ein slik relasjon mellom foreldre og barn inneheld i teorien makt, tillit, omsorg og krav.

Korleis stemmer dette med ditt bilete av ein forelder med autoritet og korleis stemmer dette med det du synest er viktig at foreldre er?

24) Kva er, slik du opplever det, dei største utfordringane for foreldre i dag når det gjeld å vere foreldre og å utøve foreldreautoritet?

25) Kva rolle spelar samarbeid og støtte frå andre i det uformelle nettverket i å tileigne seg og bevare foreldreautoritet?

26) Kva utanom deg sjølv må vere på plass for å kunne utøve foreldreautoritet? (T.d. støtte frå partner/medforelder, ok arbeidssituasjon, oversiktleg økonomi, samarbeid med skule, oversikt over barnas arenaer og samarbeid med andre foreldre, reglar og konsekvensar, kjennskap til barnet og barnets arenaer, tilstrekkeleg varme)

27) Kva er dei største hindringane når det gjeld å vere ein forelder med autoritet slik du ser det?

28) Er det noko det offentlege – hjelpeapparat, skule, arbeidsplass, andre - kan gjere for å støtte deg som forelder?

### **Om hjelpetiltaket**

29) Kan de fortelje litt om hjelpa de har hatt. Kva hjelp fekk de og korleis kom tiltaket i gang?

30) Kva slags positive erfaringar har du/de med hjelpetiltaket?

31) Var det som var særleg nyttig for deg/de og din/dykkar familie?

32) Korleis hadde det vore i familien dersom du/de ikkje hadde fått slik hjelp?

33) Har du konkrete eksempel på at hjelpetiltaket har ført til positive endringar i korleis du handlar som forelder?

## **Avslutning**

34) No har vi snakka om di erfaring med å utøve foreldreautoritet og korleis du har lukkast. Er det noko du vil legge til eller som du vil at eg skal spørje deg om?

35) Viss du tenker 15 år fram i tid – korleis ville du at barnet ditt skulle skildre deg som forelder?

Hjarteleg takk for at du/de takka ja til å vere med på denne undersøkinga og at du/de tok deg/dykk tid til dette intervjuet!





Harald Hårfagres gate 29  
N-5007 Bergen  
Norway  
Tel: +47-55 58 21 17  
Fax: +47-55 58 96 50  
nsd@nsd.uib.no  
www.nsd.uib.no  
Org.nr. 985 321 884

Inger Marii Tronvoll  
Institutt for sosialt arbeid og helsevitenskap  
NTNU  
Dragvoll  
7491 TRONDHEIM

Vår dato: 12.12.2008

Vår ref :20362 / 2 / GRH

Deres dato:

Deres ref:

## KVITTERING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 30.10.2008. Meldingen gjelder prosjektet:

20362

Behandlingsansvarlig

Daglig ansvarlig

Student

*Korleis utøver foreldre foreldreautoritet? Foreldreskap i eit meistringsperspektiv*

*NTNU, ved institusjonens overste leder*

*Inger Marii Tronvoll*

*Hilde Jorunn Brandal*

Personvernombudet har vurdert prosjektet og finner at behandlingen av personopplysninger er meldepliktig i henhold til personopplysningsloven § 31. Behandlingen tilfredsstillende kravene i personopplysningsloven.


Personvernombudets vurdering forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, eventuelle kommentarer samt personopplysningsloven/helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, [http://www.nsd.uib.no/personvern/forsk\\_stud/skjema.html](http://www.nsd.uib.no/personvern/forsk_stud/skjema.html). Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, <http://www.nsd.uib.no/personvern/prosjektoversikt.jsp>.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 31.12.2009, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen

  
Bjørn Henrichsen

  
for Grethe Halvorsen

Kontaktperson: Grethe Halvorsen tlf: 55 58 25 83

Vedlegg: Prosjektvurdering

✓ Kopi: Hilde Jorunn Brandal, Holbergsgate 44 D, 7015 TRONDHEIM